



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-  
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

# Prop. 44 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Lov om statsføretak (statsføretakslova)





DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-  
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

# Prop. 44 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Lov om statsføretak (statsføretakslova)



# Innhold

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen .....</b>	<b>7</b>	<b>Kapitalreglane .....</b>	<b>25</b>
		5	Gjeldande rett .....	25
			Framlegget i høyringsnotatet .....	25
			Synspunkt frå høyringsinstansane .....	28
<b>2</b>	<b>Bakgrunnen for lovframlegget ...</b>	<b>7</b>	Forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling .....	28
2.1	Om statsføretaksforma .....	7	Registrering av forhøging av innskotskapitalen i Føretaksregisteret .....	28
2.1.1	Statsføretaka i Norge .....	8	Ulovlege utdelingar – medverkaransvar .....	28
2.2	Behovet for endringar i statsføretakslova .....	8	Regulering av avtalar mellom statsføretaket og medlemer av leiinga i statsføretaket – terskelverdi .....	29
2.3	Kva skil statsføretaksforma frå aksjeselskapsforma? .....	9	Konserninterne transaksjonar ....	29
2.4	EU/EØS-lovgivinga .....	10	Vurderingar frå departementet ....	30
2.5	Høyringa av lovframlegget .....	10	Forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling .....	30
			Registrering av forhøging av innskotskapitalen .....	30
<b>3</b>	<b>Overordna innspel .....</b>	<b>12</b>	Ulovlege utdelingar – medverkaransvar .....	30
3.1	Synspunkt frå høyringsinstansane .....	12	Regulering av avtalar mellom statsføretaket og medlemer av leiinga i statsføretaket – terskelverdi .....	30
3.2	Vurderingar frå departementet ....	12	Konserninterne transaksjonar ....	30
<b>4</b>	<b>Formålet med lova .....</b>	<b>14</b>	Vurderingar frå departementet ....	30
4.1	Gjeldande rett .....	14	Forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling .....	30
4.2	Framlegget i høyringsnotatet .....	14	Registrering av forhøging av innskotskapitalen .....	30
4.3	Synspunkt frå høyringsinstansane .....	15	Ulovlege utdelingar – medverkaransvar .....	30
4.4	Vurderingar frå departementet ....	16	Regulering av avtalar mellom statsføretaket og medlemer av leiinga i statsføretaket – terskelverdi .....	30
4.4.1	Samfunnsoppdrag eller verksemd .....	16	Konserninterne transaksjonar ....	30
4.4.2	Effektivitet .....	17		
4.4.3	Framlegg .....	17		
<b>5</b>	<b>Forholdet til anna lovgiving .....</b>	<b>19</b>		
5.1	Gjeldande rett .....	19		
5.2	Framlegget i høyringsnotatet .....	19		
5.3	Synspunkt frå høyringsinstansane .....	19		
5.4	Vurderingar frå departementet ....	19		
5.4.1	Offentleglova .....	19		
5.4.2	Miljøinformasjonslova .....	20		
5.4.3	Arkivlova .....	20		
5.4.4	Motorferdsellova .....	21		
<b>6</b>	<b>Stifting av statsføretak .....</b>	<b>22</b>		
6.1	Gjeldande rett .....	22		
6.2	Framlegget i høyringsnotatet .....	22		
6.3	Synspunkt frå høyringsinstansane .....	23		
6.3.1	Minstekrav til vedtekten .....	23		
6.3.2	Innskot med andre eidegar enn pengar .....	23		
6.4	Vurderingar frå departementet ....	23		
6.4.1	Minstekrav til vedtekten .....	23		
6.4.2	Innskot med andre eidegar enn pengar .....	24		
			<b>Føretaksmøte. Utøving av eigarmyndet til staten i statsføretak .....</b>	<b>32</b>
			Gjeldande rett .....	32
			Framlegget i høyringsnotatet .....	33
			Synspunkt frå høyringsinstansane .....	33
			Vurderingar frå departementet ....	33
			<b>Styre og dagleg leiar .....</b>	<b>34</b>
			Gjeldande rett .....	34
			Framlegget i høyringsnotatet .....	34
			Synspunkt frå høyringsinstansane .....	35
			Retten tilsette har til å velje styremedlemer og bedriftsforsamling .....	35
			Openheit kring løn og godtgjersle for leiinga i føretaket .....	35
			Forvaltning av statsføretaket .....	35

9.3.4	Særlege avgrensingar i myndet til styret – deltaking i samarbeidsforhold .....	35	11.2	Framlegg i høyringsnotatet .....	40
9.3.5	Inabilitet .....	36	11.3	Synspunkt frå høyringsinstansane .....	40
9.3.6	Gåveforbod .....	36	11.4	Vurderingar frå departementet ....	40
9.3.7	Plikt til å sende styreprotokoll til eigardepartementet .....	36	<b>12</b>	<b>Opplysing og avvikling</b> .....	41
9.4	Vurderingar frå departementet ....	36	12.1	Gjeldande rett .....	41
9.4.1	Retten tilsette har til å velje styremedlemer og bedriftsforsamling .....	36	12.2	Framlegg i høyringsnotatet .....	41
9.4.2	Openheit kring løn og godtgjersle for leiinga i føretaket .....	37	12.3	Vurderingar frå departementet ....	41
9.4.3	Forvaltning av statsføretak .....	37	<b>13</b>	<b>Erstatnings- og straffansvar m.m.</b> .....	42
9.4.4	Særlege avgrensingar i myndet til styret – deltaking i samarbeidsforhold .....	37	13.1	Gjeldande rett .....	42
9.4.5	Inabilitet .....	37	13.2	Framlegg i høyringsnotatet .....	42
9.4.6	Gåveforbod .....	37	13.3	Vurderingar frå departementet ....	42
9.4.7	Plikt til å sende styreprotokoll til eigardepartementet .....	38	<b>14</b>	<b>Ikraftsetjing, overgangsføresegner og endringar i andre lover</b> .....	43
<b>10</b>	<b>Revisjon</b> .....	39	14.1	Gjeldande rett .....	43
10.1	Gjeldande rett .....	39	14.2	Framlegg i høyringsnotatet .....	43
10.2	Framlegg i høyringsnotatet .....	39	14.3	Vurderingar frå departementet ....	43
10.3	Synspunkt frå høyringsinstansane .....	39	<b>15</b>	<b>Økonomiske og administrative konsekvensar</b> .....	44
10.4	Vurderingar frå departementet ....	39	<b>16</b>	<b>Merknader til dei enkelte føreseggnene i lovframlegg</b> .....	45
<b>11</b>	<b>Statsføretaksendringar</b> .....	40		<b>Forslag til lov om statsføretak (statsføretakslova)</b> .....	55
11.1	Gjeldande rett .....	40			



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-  
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

# Prop. 44 L

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Lov om statsføretak (statsføretakslova)

*Tilråding fra Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet 24. januar 2025,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Hovudinhaldet i proposisjonen

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet fremjar i denne proposisjonen forslag til ny lov om statsføretak (statsføretakslova). Lova vil erstatte lov 30. august 1991 nr. 71 om statsforetak (statsforetaksloven).

I likskap med dagens lov vil også den nye lova byggje på aksjelova. Gjeldande rett blir for det meste vidareført i den nye lova, men lovføresegnene er utforma for å gjenspegle dei endringane som aksjelova har gjennomgått dei siste åra. I tillegg er lovføresegnene utforma kjønnsnøytralt og teknologinøytralt. Dei føresegnene som er særeigne for statsføretaka, blir også vidareførte i den nye lova.

Formålet med lovframlegget er å sørge for at lova legg gode og tidsmessige rammer for verksemda til statsføretaka, og at lova er i tråd med utviklinga innan selskapslovgivinga. Statsføretaka som er oppretta i kraft av den eksisterande lova, blir vidareførte i den nye lova. Dei åtte statsføretaka som finst i dag, er ganske ulike. I framlegget er lova derfor utforma fleksibelt slik at ho gir rom for å vareta spesielle behov for dei enkelte statsføretaka.

Statsføretakslova blir også vidareført som ei kort og oversiktleg lov som er lett å bruke. Sidan statsføretakslova utelukkar andre offentlege eller private eigarar ved sida av staten, er til dømes omsynet til andre aksjonærar ikkje aktuelt. Lova er derfor utforma som ei kortare lov enn aksjelova.

Aksjelova har fleire føresegner som ikkje er relevante for statsføretaka i det heile teke, føresegner som i nokre situasjonar kan vere relevante, og fleire føresegner som alltid vil vere relevante. Departementet har derfor teke inn i lova dei føresegnene som får mykje å seie i praksis for den daglege verksemda, til dømes føresegner om leiinga av føretaket.

Når det derimot gjeld meir spesielle reglar som berre unntaksvise vil ha noko å seie i praksis, har departementet i større grad valt å vise til aksjelova for å unngå at lova blir for omfattande. Dette gjeld til dømes meir spesielle spørsmål i samband med kapitaltilhøva til føretaket, reglar om føretaksendringar og føretakshendingar som oppløsing og avvikling av føretaket. Det er like-

vel slik at føresegnehene i aksjelova er utvikla for og tilpassa andre føretak enn statsføretaka. Omtalen av føresegnehene i aksjelova i proposisjonen er teken inn for å utvikle formålstenlege reglar for statsføretak, ikkje for å klargjere rettstilstanden for ordinære aksjeselskap eller statsaksjeselskap.

Lova gjeld berre for dei åtte statsføretaka som er oppretta i medhald av statsforetaksloven, og eventuelle nye statsføretak som blir oppretta i medhald av den nye statsføretakslova. Når det gjeld forholdet til anna lovgiving, blir føresegna om at forvaltningslova ikkje gjeld for statsføretak, og at statstilsettelova ikkje gjeld for dei tilsette i statsføretaka, vidareførte.

Den nye lova får ei formålsføresegn utforma med vekt på at lova skal leggje til rette for ei sakshandsaming tilpassa at føretaket berre kan eigast av staten. Lova skal medverke til at statsføretak kan vareta sitt samfunnsoppdrag eller verksemda si på ein effektiv måte.

Styrings- og organisasjonsmönsteret til statsføretaka, som byggjer på tilnærma same modell som aksjeselskapa, har vist seg å vere tenleg. Staten som eigar har ikkje direkte mynde i den løpende forvaltninga og daglege drifta av føretaket, men utøver eigarmyndet sitt gjennom føretaksmøtet og elles innanfor dei rammene som lova fastset. Den løpende forvaltninga og daglege drifta av føretaket hører til under styret og administrerande direktør, som har høg grad av økono-

misk og forretningsmessig handlefridom. Departementet foreslår i framlegg til ny lov å føre vidare denne hovudstrukturen, men foreslår fleire justeringar i tråd med endringar som har blitt gjennomførte i aksjelova. Det omfattar framlegg til endra føresegner om stifting av statsføretak, vedtekter, kapitalreglar, styre og administrerande direktør, bedriftsforsamling og føretaksmøte.

I den gjeldande aksjelova er dei sentrale føresegnehene om myndet og oppgåvane til styret bygde betydeleg ut og går no fram av aksjelova § 6-12 om forvaltninga av selskapet og § 6-13 om tilsynsansvaret som styret har. I framlegget til ny lov er føresegnehene i statsføretakslova om myndet og oppgåvane til styret gjorde meir tydelege etter mønster av den gjeldande aksjelova.

Føresegnehene som er særeigne for statsføretaka, blir vidareførte i den nye lova. Dette gjeld føresegna om at styret skal sende styreprotokollen til eigardepartementet og føresegna som krev at visse avgjerder skal leggjast fram for eigardepartementet (føretaksmøtet) før avgjerda blir teken (framleggingsplikta). Det gjeld saker som har svært mykje å seie for formålet til føretaket eller som i vesentleg grad vil endre karakteren til verksemda. I tillegg gjeld framleggingsplikta ved avtale om deltaking i eit selskap eller eit anna samarbeidsforhold der føretaket har eit uavgrensa ansvar for dei samla forpliktingane den felles verksemda har, eller for delar av desse forpliktingane.

## 2 Bakgrunnen for lovframlegget

### 2.1 Om statsføretaksforma

Utgangspunktet for den gjeldande lova om statsføretak er NOU 1989: 5 *En bedre organisert stat* (innstillinga fra Hermansen-utvalet). Bakgrunnen for opprettinga av Hermansen-utvalet og for framlegget og tilrådingane frå utvalet var eit behov for å endre rigide og detaljstyrande rettslege organisasjonsformer innanfor staten og for å lage eit rydligare og meir konsistent sett av rettsleg sjølvstendige organisasjonsformer. Fleire verksemder, spesielt innanfor samfunnsmessig tenesteyting og infrastruktur, hadde inntil da vore organiserte innanfor staten som ordinære forvaltningsorgan eller som forvaltningsbedrifter. Både frå overordna myndigheter og frå verksemduene sjølv var behovet for omorganisering sett på dagsordenen.

Når det gjaldt organiseringa av næringsverksemd, var hovudsynspunktet til utvalet at det burde veljast ei selskapsform når staten engasjerte seg i næringsverksemd på eit økonomisk og forretningsmessig grunnlag. Fleirtalet i utvalet såg det som ønskjeleg med ei differensiering av selskapsforma etter kva slags karakter det statlege næringsengasjementet hadde. Fleirtalet foreslo å organisere statlege næringsengasjement i hovudsakleg to selskapsformer: statsaksjeselskap og ei eiga statssekskap basert på ei modernisering av statssekskaplova av 1965. Den sistnemnde selskapsforma representerte den gongen ei mellomform mellom forvaltningsbedrift og statsaksjeselskap. Eit framlegg til ny statsføretakslov vart fremja for Stortinget i 1991 og vedteke same året. Av forarbeida til lova går det fram at statsføretaksforma i særleg grad var tenkt brukt for næringsverksemd som var viktig i sektorpolitiske samanheng, jf. Ot.prp. nr. 32 (1990–91) *Om lov om statsføretak*, side 13:

«[U]tviklingen har ført til at de generelle rammebetingelser for en rekke statlige virksomheter som er et instrument i en overordnet politisk målsetting f.eks. på det fordelingspolitiske, distriktpolitiske og alkoholpolitiske området har endret seg. Dette har ført til at virksomhetene i større grad enn tidligere

må være innrettet på en måte som gjør dem i stand til å opptre som aktører i sine respektive markeder. Dette betyr at det for de virksomhetene det gjelder bør kunne tilbys en organisasjonsform som i større grad gjør dem i stand til å til passe seg de endrede rammebetingelsene enn det som synes mulig innenfor forvaltningsbedriftsformen. Denne organisasjonsformen vil, selv med utvidede fullmakter, være en del av staten og dermed bl.a. være underlagt Kongens og departementets direkte myndighets- og ansvarsområde. Like viktig som å gi de virksomhetene det gjelder mulighet til å foreta en rasjonell tilpassing til nye rammebetingelser, er det imidlertid å være oppmerksom på at de virksomhetene det gjelder har som overordnet oppgave å være et instrument i en statlig sektorpolitisisk målsetting. Dette tilsier at loverket må være innrettet på å ivareta overordnede ansvarlige politiske myndigheters behov for styring og kontroll med saker som berører virksomhetens sektorpolitiske målsetting. Dette betyr at den alminnelige aksjeselskapsformen kan være mindre hensiktmessig i disse tilfellene.»

Det kjem vidare fram at lova ikkje gir høve til å trekke inn andre eigarar ved siden av staten, jf. Ot.prp. nr. 32 (1990–91) s. 14:

«Departementet er enig i at statsforetaksformen bør være en organisasjonsform hvor staten er eneier, og hvor det ikke er rom for å trekke inn andre eiere ved siden av staten. Hvis virksomheten skal del- eller helprivatiseres forutsetter dette en oppløsning av statsforetaket, og nyorganisering som aksjeselskap. En slik omorganisering forutsetter Stortingets medvirkning.»

Statsforetaksloven tok til å gjelde i 1992. Paragraf 4 andre ledd i lova slo fast at konkurs og gjeldsforhandling ikkje kunne opnast i eit statsføretak, og at staten ved oppløysing hadde ansvar overfor kreditorar som ikkje hadde fått dekt krava sine direkte frå statsføretaket. Reglane om garanti-

ansvaret til staten og føresegne om ein eigen insolvensprosedyre i statsforetaksloven vart oppheva frå 1. januar 2003. Endringane var grunngitt i behovet for å bringe statsforetaksloven i samsvar med forbodet i EØS-avtalen mot statsstøtte. Endringane innebar at viktige særtrekk ved statsforetaksloven vart fjerna.

I 2002 nemnde det daverande Arbeids- og administrasjonsdepartementet opp eit utval (Sandutvalet) for å greie ut behovet for statsføretaksforma og alternative selskapsformer og kor tenlege dei var for statlege verksemder. Bakgrunnen var dei nemnde endringane i garantiansvaret til staten som følge av EØS-avtalen. Utvalet, som leverte utgreiinga si hausten 2003 (NOU 2003: 34 *Mellom stat og marked*), streka under at dei statleg drivne eller eigde verksemndene som var sjølvstendig organiserte rettsleg sett, var ei betydeleg og sterkt variert gruppe av verksemder, der mange dreiv med sentrale og samfunnsmessige tenester og infrastrukturar. I rapporten vart det lagt stor vekt på å identifisere verksemdstypar som kunne plasserast mellom den reine forvaltningsmessige statlege organiseringa og den reine marknadsorganiseringa, og å drøfte bruken av supplerande verkemiddel for å variere og utfylle bruken av rettslege organisasjonsformer.

Utvalet delte seg i eit fleirtal og eit mindretal i spørsmålet om behovet for ei statleg selskaps- eller føretaksform ved sida av statsaksjeselskapsforma. Eit fleirtal i utvalet tilrådde at statsføretaksforma vart vidareført, med den grunngivinga at det var tenleg ut frå variasjonen i typar av oppgåver der det kunne vere aktuelt å bruke rettsleg sjølvstendige organisasjonsformer. Fleirtalet foreslo enkelte endringar, mellom anna at ei føresegn burde takast inn i lova, som presiserte at bruksområdet til lova er «virksomheter som ivaretar samfunnspålagte oppgaver». Mindretalet meinte at det ikkje var tilstrekkeleg behov for å halde på ei særskild statsføretaksform etter at reglane om at det ikkje kunne opnast konkurs i statsføretak, og dei tilknytte reglane om ansvaret staten skulle ha for uudekte forpliktingar under avviklinga av eit føretak, vart oppheva. Eit samla utval tilrådde at ein for framtida burde unngå særlovorganisering som rettsleg organisasjonsform. Statsføretaksforma vart vidareført, men framlegget frå utvalsfleirtalet om justeringar i statsforetaksloven vart likevel ikkje følgjt opp i etterkant av arbeidet til utvalet.

I dag er åtte selskap organiserte som statsføretak: Bane NOR SF, Enova SF, Gassnova SF, Norsk Helsenett SF, Siva SF, Statnett SF, Statskog SF og Statkraft SF. Staten er eigar i desse av følgande grunnar:

### 2.1.1 Statsføretaka i Norge

- Bane NOR SF – for å vareta forvaltning og utvikling av nasjonal jernbaneinfrastruktur og jernbaneeigedom
- Enova SF – for å vege opp for ei rekke typar marknadssvikt knytte mellom anna til utvikling og introduksjon av nye klima- og energiteknologiar og -løysingar
- Gassnova SF – for å vareta interessene til staten knytte til CO<sub>2</sub>-handtering
- Norsk helsenett SF – for å ha direkte kontroll med verksemda som gjer tilgjengeleg nødvendig digital infrastruktur i helse- og omsorgssektoren
- Siva – Selskapet for industriekst SF – for å ha eit verkemiddel for å leggje til rette for eigarskap og utvikling av bedrifter og nærings- og kunnskapsmiljø i heile landet, der Siva har eit særleg ansvar for å fremje vekstkrafta i distrikta
- Statkraft SF – for å eige norske vasskraftressursar og oppretthalde eit leiande energiselskap med hovudkontorfunksjonar i Noreg
- Statnett SF – fordi selskapet eig transmisjonsnettet og er systemansvarleg nettselskap i det norske kraftsystemet
- Statskog SF – for å ha kontroll over viktige skog- og utmarksareal og sikre berekraftig forvaltning av statlege skog- og fjelleigedommar med tilhøyrande ressursar, erekna å leggje til rette for behova allmenta har for jakt-, fiske- og friluftstilbod osb.

For alle selskapene ovanfor, unntake Statkraft SF, er staten sitt mål som eigar berekraftig og mest mogleg effektiv oppnåing av sektorpolitiske mål. Staten sitt sektorpolitiske mål som eigar i desse selskapene varierer og går fram av Meld. St. 6 (2022–2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap – Statens direkte eierskap i selskaper*. Målet til staten som eigar i Statkraft SF, i motsetning til for dei andre statsføretaka, er høgast mogleg avkastning over tid innanfor berekraftige rammer. Tilsvارande er målet til staten som eigar for den kommersielle eigedomsverksemda i Bane NOR SF høgast mogleg avkastning over tid innanfor berekraftige rammer.

### 2.2 Behovet for endringar i statsføretakslova

Etter at statsforetaksloven vart vedteken i 1991, er det gjort ei rekke mindre endringar av lova. Dei

aller fleste endringane gjeld enkeltføresegner og er til dels berre av teknisk karakter. I motsetning til det som gjeld for aksjelovgivinga, har ein ikkje gjort ein totalgjennomgang av lova.

Den einaste større endringa skjedde ved lov 20. desember 2002 nr. 88 om endringer i lov 30. august 1991 nr. 71 om statsforetak mv. der det statlege garantiansvaret vart avvikla. Slik statsforetaksloven opphavleg vart vedteken, var det eit særtrekk ved lova at det ikkje kunne opnast konkurs eller gjeldsforhandlingar i føretaket. Om eit føretak ikkje kunne oppfylle forpliktingane sine etter kvart som dei forfall, skulle statsføretaket oppløysast med mindre det vart vedteke ein plan for at drifta skulle halde fram, som ville gi fordringshavarane dekning ved forfall, jf. § 47 i den opphavlege lovteksten. Etter §§ 51 og 53 i lova, slik føresegnehene opphavleg lydde, hadde staten ved oppløysing av føretaket ansvar overfor kreditorar som ikkje fekk krava sine dekte direkte av statsføretaket. Gjennom EØS-lova er hovuddelen av EØS-avtalen gjord til ein del av norsk rett, jf. EØS-lova § 1. På bakgrunn av mellom anna at EFTAs overvakingsorgan (ESA) la til grunn at føresegnehene som gav statsføretak konkursimmunitet, innebar ein statsgaranti og dermed ei støtterordning i strid med EØS-avtalen art. 61 nr. 1, vart føresegnehene i statsføretakslova om det statlege garantiansvaret endra ved lov 20. desember 2002 nr. 88.

Ved lov 28. mai 2021 nr. 51 om endringer i foretakslovgivningen, som tok til å gjelde 1. juni 2021, vart reglane i lova om gjennomføring av fysiske møte m.m. endra med formål om å likestille fysiske og digitale møte. Endringane medfører at sakshandsaminga i styret, føretaksmøtet og bedriftsforsamlinga kan skje utan fysiske møte, og at protokollar kan signerast digitalt, sjå Prop. 140 L (2020–2021) *Endringer i foretakslovgivningen (gjennomføring av møter og geografiske tilknytningskrav)*. Midlertidig lov 26. mai 2020 nr. 54 om unntak frå krav til fysisk møte m.m. i foretakslovgivinga, som vart vedteken som følge av restriksjonar som var pålagde av styresmaktene under utbrotet av covid-19 våren 2020, vart brukt som utgangspunkt for desse endringane.

For å få vurdert moderniseringens behovet i lova innhenta det daverande Kommunal- og moderniseringsdepartementet ei fagleg utgreiing frå advokatfirmaet BAHR ved Gudmund Knudsen og Asle Aarbakke. Departementet fekk utgreiinga frå BAHR 6. mars 2020. Hovudformålet med oppdraget var å ajourføre, forenkle og oppdatere statsforetaksloven i lys av gjeldande aksjelov og eventuell anna ny lovgiving. Utgreiinga til BAHR

gir ein heilskapleg gjennomgang av behovet for å oppdatere lova, og utgreiinga er offentleg tilgjengeleg på nettsidene til regjeringa. Advokatane i BAHR er aleine ansvarlege for innhaldet og framlegga i utgreiinga. I arbeidet med lovutkastet har departementet brukt utgreiinga frå BAHR og i tillegg henta inn synspunkt frå eigardepartementa til statsføretaka.

## 2.3 Kva skil statsføretaksforma frå aksjeselskapsforma?

Statsføretaksforma har grunnlaget sitt i statsforetaksloven. Statsforetaksloven byggjer på aksjelova og er på mange måtar ei forenkla utgåve av denne, men berre føresegner som er relevante for statsføretaka, er tekne inn. Det følger eksplisitt av lova at føretaket berre kan ha staten som eigar. Bakgrunnen for dette er at statsføretaka er særskilt oppretta når det ikkje er aktuelt eller tenleg med andre eigarar ved sida av staten, jf. Ot.prp. nr. 32 (1990–91) *Om lov om statsforetak* s. 14.

Føretaksmøtet er det høgaste organet i statsføretaket og der staten utøver eigarmyndet. Føretaksmøtet har klare likskapstrekk med generalforsamlinga i eit aksjeselskap. Gjennom føretaksmøtet kan staten vedta retningslinjer og instruere i saker som gjeld statsføretaket, og dette er bindande for styret og administrerande direktør. Eigarar kan også gi instruksjon i generalforsamlinga i eit statsaksjeselskap. Aktiv bruk av instruksjonsretten i føretaksmøtet i enkeltsaker vil likevel bryte med føresetnadene i eigarpolitikken til staten, som det over fleire år har vore brei politisk semje om. I Meld. St. 6 (2022–2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap – Statens direkte eierskap i selskaper* er det streka under at staten skal vere varsam med å instruere selskap i enkeltsaker. Dette heng saman med at det undergrev rolle- og ansvarsfordelinga som selskapslovgivinga byggjer på.

Det er spesielt på tre hovudpunkt at statsforetaksloven skil seg frå reglane om statsaksjeselskap. For det første kjem det fram av statsforetaksloven § 1 at statsføretaka berre kan ha staten som eigar. Statsaksjeselskap oppstår idet dei berre har staten som aksjeeigar, sjá aksjelova kapittel 20 del II. Avhendar staten éin eller fleire aksjar, er selskapet eit ordinært aksjeselskap utan at det krev endring i organisasjonsforma. Statlege verksemder organisert som statsaksjeselskap kan derfor opne for at staten reduserer eigardelen sin dersom Stortinget samtykkjer til det. Ønskjer ikkje staten å vere eineeigar av verksemd organi-

sert gjennom eit statsføretak, må organisasjonsforma derimot endrast. Å løyse opp eit statsføretak er derfor ein meir omfattande prosess enn å redusere eigardelen i eit statsaksjeselskap.

For det andre krev statsforetaksloven at visse avgjerder skal leggjast fram for eigardepartementet (føretaksmøtet) før avgjerda blir teken, som nemnt i kapittel 1 i proposisjonen.

For det tredje er statsforetaksloven kortare og enklare enn aksjelova, som følge av at lova mellom anna ikkje treng å regulere forhold knytte til røysterett, likehandsaming og andre saker som er relevante når det er fleire aksjeeigarar.

## 2.4 EU/EØS-lovgivinga

EØS-avtalen inneholder ingen føresegner som direkte regulerer organiseringa av offentleg forvaltning, inkludert kva organisasjonsformer statlege styresmakter kan velje. Avtalen regulerer heller ikkje om det er offentlege eller privateigde verksemder som skal drive ulike samfunnsmessige tenester. Det er presistert i artikkel 125 at avtalen ikkje skal gjelde reglane partane har om eigedomsrett. Den konkrete organiseringa av offentleg forvaltning er under EØS-avtalen opp til kvar enkelt medlemsstat. Det er likevel fleire reglar som vil verke inn på måten ulike samfunnsmessige tenester kan drivast på. Dei generelle føresegnene om fri rørsle av varer, tenester, personar og kapital har ein indirekte og generell, og på nokre område ein meir direkte, innverknad. Lovføresegner som er gitt i medhald av desse forpliktingane, kan ha noko å seie, slik som til dømes lov 19. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser. Nokre av reglane i EØS-avtalen har meir direkte innverknad. Det gjeld forbodet mot statsstøtte i artikkel 61 flg. og føresegnene i artikkel 59 om offentlege føretak og føretak som har fått i oppgåve å utføre tenester av allmenn økonomisk betydning.

Forholdet som statsforetaksloven har til EU-/EØS-lovgivinga, vart grundig vurdert i samband med ESA-saka og endringa av lova i 2002. Departementet har ikkje identifisert nye EØS-rettslege problemstillingar som skulle tilseie endringar i statsforetaksloven.

## 2.5 Høyringa av lovframlegget

Departementet sende 4. desember 2023 framlegg til ny statsføretakslov på høyring, med frist for merknader 4. mars 2024. Høyringa vart offentleg-

gjord på nettsidene til departementet, og høyringsnotatet vart send direkte til følgande høyringsinstansar:

Departementa

Brønnøysundregistra  
DFØ  
Domstoladministrasjonen  
Finanstilsynet  
Regelrådet  
Regjeringsadvokaten  
Riksrevisjonen  
Skatteetaten  
Språkrådet  
Statistisk sentralbyrå  
Økokrim

Bane NOR SF  
Enova SF  
Gassnova SF  
Norsk helsenett SF  
Siva – Selskapet for industrivekst SF  
Statkraft SF  
Statnett SF  
Statskog SF

Handelshøyskolen BI  
Nord universitet  
Noregs Handelshøgskole (NHH)  
Universitetet i Agder  
Universitetet i Bergen  
Universitetet i Oslo  
UiT Norges arktiske universitet

Advokatforeningen  
Akademikerne  
Finans Norge  
Finansforbundet  
Landsorganisasjonen i Norge (LO)  
Norsk Kapitalforvalterforening  
Norsk Venturekapitalforening  
Næringslivets hovedorganisasjon  
Regnskap Norge  
Revisorforeningen  
Skatterevisorenes Forening  
SMB Norge  
Spekter  
Virke  
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Advokatfirma DLA Piper Norway DA  
Advokatfirmaet BAHR AS  
Advokatfirmaet CLP DA  
Advokatfirmaet Føyen AS

Advokatfirmaet Grette AS  
Advokatfirmaet Hjort DA  
Advokatfirmaet Haavind AS  
Advokatfirmaet Pricewaterhousecoopers AS  
Advokatfirmaet Schjødt AS  
Advokatfirmaet Selmer AS  
Advokatfirmaet Simonsen Vogt Wiig AS  
Advokatfirmaet Thommessen AS  
Advokatfirmaet Wiersholm AS  
Advokatfirmaet Østgård DA  
AGP Advokater AS  
Arntzen De Besche Advokatfirma AS  
Kvale Advokatfirma DA  
Mitchell & Co Advokatfirma DA Garmann  
SANDS Advokatfirma DA  
Wikborg Rein Advokatfirma AS  
Aabø-Evensen & Co Advokatfirma AS

Departementet fekk 19 høringsinnspel. Dei følgande instansane hadde merknader til høringsnotatet:

Brønnøysundregistra  
Noregs vassdrags- og energidirektorat

Skattedirektoratet  
Språkrådet  
Bane NOR SF  
Enova SF  
Norsk helsenett SF  
Statkraft SF  
Statskog SF  
NHH, Institutt for regnskap, revisjon og rettsvitenskap  
UiT Norges arktiske universitet, Det juridiske fakultet  
Advokatforeningen  
Den norske Revisorforening  
LO  
Norsk Arkivråd

Følgande instansar hadde ingen merknader:

Forsvarsdepartementet  
Justis- og beredskapsdepartementet  
Domstoladministrasjonen  
Statistisk sentralbyrå

## 3 Overordna innspel

### 3.1 Synspunkt frå høyningsinstansane

I høyningsrunden kom det enkelte overordna innspel som blir omtalte i dette kapittelet. Innspela som gjeld dei konkrete lovframlegga, kjem fram i dei påfølgande temakapitla og er kommenterte i samband med vurderingar frå departementet.

*Advokatforeningen* set spørsmålsteikn ved behovet for ei eiga lov om statsføretak, men støttar likevel i all hovudsak framlegget til ny lov.

Vidare meiner Advokatforeningen at det er eit uheldig lovteknisk val å nytte både tilvisingsteknikk og å ta inn enkelte føresegner frå aksjelova i statsføretakslova. Advokatforeningen meiner derfor at ein heller berre bør bruke tilvisingar til aksjelova i staden for ein kombinasjon.

*LO* framhevar betydninga av medråderett i arbeidslivet og skriv følgande:

«Medbestemmelse i arbeidslivet er en demokratisk rettighet og avtaleverket må sikre at medbestemmelsen ivaretas og utøves på alle organisatoriske nivå, uavhengig av virksomhetens styringsmodell eller struktur. Arbeidslivet er i stadig endring og utvikles best gjennom aktiv bruk av de ansattes faglighet og kunnskap. Medbestemmelse er avgjørende for å ivareta de ansattes interesser og samtidig opprettholde gode offentlige tjenester. De ansattes kunnskap og kompetanse er statsforetakenes fremste ressurs og må tas bedre i bruk.

Vi har merket oss at Statnett SF i 2023 meldte overgang fra arbeidsgiverforeningen Spekter til NHO-foreningen Fornybar Norge. LO mener dette er uheldig. Statnett utfører forvaltningsoppgaver med utgangspunkt i hva som tjener fellesskapet best. Selskap som er statlig eid på grunn av sine viktige samfunnsoppgaver forventes å ha en særskilt uavhengighet.»

*Språkrådet* gir uttrykk for at det er positivt at den nye lova er på nynorsk, og påpeiker at det er i tråd med språklova og språkpolitikken.

*Statkraft SF* og *Statskog SF* er særleg positive til at lova blir teknologinøytral. Statkraft SF viser til at dei har same styre i Statkraft SF og Statkraft

AS, og at det derfor er eit sterkt ønske at moglegheita til å ta i bruk ny teknologi er den same i begge selskapa. Statskog SF viser til at digital signering vil spare dei for arbeid, i staden for at dei som i dag må sende signerte papirutgåver til Brønnøysundregistera.

### 3.2 Vurderingar frå departementet

Departementet merkar seg spørsmålet frå *Advokatforeningen* om behovet for ei eiga lov om statsføretak. I denne samanhengen viser departementet til kapittel 2 i proposisjonen om bakgrunnen for lovframlegget og særleg forarbeida til dagens lov om statsføretak som er omtalte i kapittel 2.1. Departementet vurderer at dei same omsyna som gjeld for å vidareføre statsføretak som selskapsform, også gjeld for å ha ei eiga lov om statsføretak. Departementet har også vurdert moglegheita for å lage eit nytt kapittel i aksjelova om statsføretak, i staden for ei eiga lov om statsføretak, slik som statsaksjeselskap har i aksjelova kapittel 20 og statsallmennaksjeselskap i allmennaksjelova kapittel 20. Departementet vurderer at dette ikkje er formålstenleg fordi statsføretaksforma skil seg frå aksjeselskapsforma på nokre viktige område. Å behalde ei eiga lov for statsføretak markerer desse skilja. I tillegg har departementet laga eit lovframlegg som byggjer på aksjelova, men som er særleg tilpassa statsføretaksforma, i likskap med dagens lov. Ei lov som samlar alle føresegner som er særeigne for eller tilpassa statsføretaka, vil vere enklare å forhalde seg til for brukarane av lova.

Når det gjeld innspelet frå *Advokatforeningen* om uheldig val av lovteknikk, meiner departementet at den teknikken som er vald, medverkar til å redusere omfanget av statsføretakslova. Elles viser departementet til kapittel 1 i proposisjonen som omtaler val av lovteknikk.

Departementet er einig med *LO* om at medråderett i arbeidslivet er viktig. Som følge av at statsføretak er sjølvstendige rettssubjekt, vel dei sjølv kva for arbeidsgivarforeining dei vil vere tilslutta.

Å gjere lova teknologinøytral har vore eit av de viktige måla i arbeidet med å fornye lova. Departementet er einig med *Statkraft SF* og *Statskog SF* at

dette er eit nødvendig grep for å lette arbeidsbøra til statsføretaka.

## 4 Formålet med lova

### 4.1 Gjeldande rett

Dagens statsføretakslov har ikkje ei formålsføresegn. I NOU 1991: 8 *Lov om statsforetak* er det peikt på at formålet med statsføretaksforma er at ho skal vere ei organisasjonsform for statleg forretningsmessig verksemder som blir driven med sikte på å realisere eit nærmare bestemt sektorpolitiske formål. Samstundes meinte utvalet at der staten er engasjert i ordinær forretningsverksemder som ikkje er meint å skulle vareta nokon bestemte sektorpolitiske oppgåver, burde verksemda organisera som eit heil- eller deleigd aksjeselskap, sjå m.a. NOU 1991: 8, punkta 5.3 og 5.4, side 41–46. Denne rollefordelinga mellom aksjeselskaps- og statsføretaksforma slutta departementet seg til, sjå Ot.prp. nr. 32 (1990–91) *Om lov om statsforetak*, punkt 1.3 side 13.

Den rollefordelinga mellom aksjeselskaps- og statsføretaksforma som var føresett i NOU 1991: 8 *Lov om statsforetak*, er ikkje gjennomført. I eigarskapsmeldinga, Meld. St. 6 (2022–2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap – Statens direkte eierskap i selskaper*, er selskap med statleg eigardel delte inn i to kategoriar etter kva mål staten har som eigar. I kategori 1 inngår selskapa der staten har mål om høgast mogleg avkastning over tid innanfor berekraftige rammer. Selskapa i denne kategorien opererer primært i konkurransen med andre. I kategori 2 inngår selskapa der målet til staten er berekraftig og mest mogleg effektiv oppnåing av sektorpolitiske mål. Selskapa i denne kategorien opererer primært ikkje i konkurransen med andre.

Alle statsføretaka er i dag i kategori 2, unntake Statkraft SF. Eit fleirtal av selskapa i kategori 2 er likevel organiserte som aksjeselskap (29 av selskapa). Fleire av selskapa er også organiserte som særlovsselskap, det vil seie at det er laga ei lov spesielt for den aktuelle verksemda. Staten gir oppdrag til mange av selskapa i kategori 2, men også i nokre tilfelle selskap i kategori 1. For selskapa med oppdrag frå staten vil staten, i tillegg til eigarrolla han har, følge opp selskapa som oppdragsgivar og regulerings- og/eller tilsynsstyremakt.

Som nemnt foreslo eit fleirtal i Sand-utvalet i NOU 2003: 34 *Mellan stat og marked* at statsføretaksloven skulle endrast ved å ta inn ei føresegn som presiserer at bruksområdet til lova er «virk somheter som ivaretar samfunnspålagte oppgaver». Dette fell saman med det synet som vart framheva i St.meld. nr. 19 (2008–2009) *Ei forvalting for demokrati og fellesskap*, der det heiter at «statlege verksemder som opererer i ein marknad, og som òg skal fremme viktige sektorpolitiske omsyn, bør organiserast som statsføretak». Formålet med lovendringa som vart foreslått i NOU 2003: 34, var å tydeleggjere overfor andre aktørar kva formål staten har med organisasjonsforma, og medverke til at færre verksemder med sektorpolitiske oppgåver vart organiserte som særlovsselskap.

Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe under leiding av det daverande Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vurderte i 2013 konsekvensane av framlegga frå fleirtalet i Sand-utvalet om endringar i statsføretaksforma, sjå høyringsnotatet frå KMD frå 2013: *Sektorselskaper, virkemidler og effektiv måloppnåelse*. Denne arbeidsgruppa konkluderte med at det ikkje synest å vere grunnlag for å følge opp framlegget om å endre statsføretaksloven for å gjere det tydelegare kva slags type verksemder som skal omfattast. Arbeidsgruppa la vekt på at det ikkje var dokumentert at måten selskapsformene vart brukte på, hadde konsekvensar som gjorde ei slik endring nødvendig. Både statsføretaksforma og aksjeselskapsforma med særføresegnene for selskap som er heileigde av staten, er fleksible organisasjonsformer som gjer at dei kan brukast for ulike typar verksemder. Arbeidsgruppa påpeikte også at fleire departement nyttar aksjeselskaps-forma, men tek inn særføresegner i vedtekten til selskapet, til dømes at viktige saker skal leggjast fram for eigar før styret gjer vedtak.

### 4.2 Framlegget i høyringsnotatet

Framlegget frå departementet i høyringsnotatet til ei formålsføresegn var utforma med særleg vekt

på sakshandsaminga i føretak som staten eig aleine. Framlegget lydde slik:

«Formålet med lova er å organisere dei føretaka Kongen har vedteke skal vere statsføretak, jf. § 1-1. Lova skal leggje til rette for ei saksbehandling som er tilpassa at statsføretak berre kan eigast av staten. Lova skal bidra til at statsføretak kan vareta si verksemd på ein effektiv måte.»

Departementet påpeikte at formålsføresegna ikkje gir noka føring for om ei konkret verksemd skal organiserast som eit statsføretak, som eit aksjeselskap eller som ein annan type organisasjon. Val av organisasjonsform var i høyingsnotatet regulert i framlegget til ny § 1-1. I dette ligg ingen føresetnad om å gjennomføre ei ny vurdering av organisasjonsforma for verksemder som i dag er organiserte som aksjeselskap. Vidare påpeikte departementet at sjølv om formålet med statsføretaksloven kjem fram av forarbeida til lova og er gjort tydeleg i seinare dokument, bør formålet lovfestast i ei ny statsføretakslov. Å innføre ei formålsføresegns vil gjere tydeleg at statsføretaksforma er ei mogleg organisasjonsform der det ikkje er aktuelt med andre eigalar ved sida av staten. Ei slik formålsføresegns vil presisere bruksområdet til lova og vere eit tolkingsbidrag til lovbruken der eit selskap er stifta som statsføretak.

### 4.3 Synspunkt frå høyingsinstansane

Fleire høyingsinstansar er positive til at lova får ei formålsføresegns. Samstundes peiker dei på at ei formålsføresegns bør spegle det som høyingsinstansane meiner er eigenarten til statsføretaka, det vil seie deira sektorpolitiske rolle.

*Advokatforeningen* formulerer seg slik:

«Advokatforeningen støttar forslaget om å ta inn ein formålsbestemmelse som tydeleggjer grunnlaget for skilnader mellom statsføretakslova og aksjelovgjevinga. Den foreslattede utforminga er etter Advokatforeningen si oppfatning likevel ikkje eigna til å oppnå dette. For det fyrste er det statsføretaka sine oppgåver innanfor viktige, sektorpolitiske, område som grunngjev den særlege føretaksforma. Dette tilseier at det framgår av formålsbestemmelsen at formålet med statsføretakslova er å organisere statlege verksemder med ei sektorpolitiske oppgåve, for å bidra til at slike oppgåver kan gjennomførast på ein hensiktsmessig måte.»

For det tilfellet at lovgjevar ikkje tar inn ei tilvising til statsføretak sine sektorpolitiske formål i formålsparagrafen, er den foreslattede formålsparagrafen etter Advokatforeningen sin mening likevel dels nokså intetsigande, fordi den med setninga «formålet med lova er å organisere dei føretaka Kongen har vedteke skal vere statsføretak, jf. § 1-1» ikkje seier meir enn det som allereie følgjer av forslaget til § 1-1. Når det gjeld forslaget til § 1-2 andre punktum, så er det Advokatforeningen sitt inntrykk at lova har eit formål som strekker seg langt utover det å legge til rette for ei saksbehandling som er tilpassa at statsføretak berre kan eigast av staten. Det må leggast til grunn at det sentrale formålet med lova, i likhet med formålet med for eksempel aksjelovene, er å beskytte føretaket sin kapital i samsvar med føretakskreditorane sine interesser og å etablere ein passande ledelsesstruktur.»

Advokatforeningen støttar på denne bakgrunn ikkje den foreslattede formålsføresegna, men foreslår ei utforming i samsvar med framlegget frå Advokatfirmaet BAHR som dei meiner gir ei hensiktsmessig avgrensing av lovformålet. *LO* meiner også at formuleringane i forarbeida til dagens lov og BAHRs utgreiing er gode.

*Språkrådet* meiner at det bør kome tydeleg fram i formålsføresegna at statsføretaksforma er meint for dei statleg eigde føretaka som har samfunnsmessige og sektorpolitiske formål.

*NHH* skriv følgande:

«Et mulig felles kjennetegn ved eksisterende statsforetak er at konkurs vil ha alvorlige konsekvenser. Statsforetak eier ofte kritisk infrastruktur som i vårt land skal være i offentlig eie. Føretaket har i de fleste tilfeller et sektoroppdrag i tillegg til å skulle drive effektivt. Privatisering av virksomheten som drives, vil derfor være politisk vanskelig. I en konkurs-situasjon vil normalt eiendelene realiseres for å dekke kreditorenes krav. Konkurs i et statsforetak er derfor et utfall staten som eier må gjøre sitt beste for å forhindre selv om konkurs ikke vil påføre eier ytterligere finansielle forpliktelser.»

*Statkraft SF* viser til at verken aksjelova, allmennaksjelova eller selskapslova har ei formålsføresegns, og deira generelle oppfatning er at statsføretakslova bør vere mest mogleg lik aksjelova. Statkraft SF ser ikkje eit behov for at statsføretakslova skal ha ei formålsføresegns, men har ingen

sterke innvendingar mot framleggget frå departementet dersom lova skal ha ei formålsføresegn.

*Statskog SF* støttar at den nye lova får ei formålsføresegn, og at ei formålsføresegn mellom anna kan medverke til å framheve det som er sær-eige med statsføretak og dei formåla som statsføretak har.

*UiT Norges arktiske universitet, Det juridiske fakultet* meiner at departementet bør ha ei meir heilskapleg og framtidsretta tilnærming i arbeidet med å fornye statsforetaksloven. Dei meiner at statsføretaka kan medverke til framsteg innanfor klima- og miljøkrisa som eit «adaptivt problem», og da må ansvaret og formålet deira klargjerast. Dei foreslår derfor ein ny ordlyd:

«Formålet med lova er å organisere dei føretaka Kongen har vedteke skal vere statsføretak, jf. § 1-1. Lova skal leggje til rette for ei saksbehandling som er tilpassa at statsføretak berre kan eigast av staten. Lova skal bidra til at statsføretak skal ivareta allmenne samfunns-hensyn samt de spesifikke samfunnsopp-gavene som vedtekten angir. Ivaretakelsen skal skje på bærekraftig vis, herunder skal virksomheten utøves med lavest mulig miljø-kostnad og nøyssom ressursbruk.»

Utvikling av regelverk for offentlige og private selskaper og enheter for å møte klima- og miljøkrisen ved målretting av formålsbestemmelser er ett tilgjengelig verktøy staten kan bruke i ansvarliggjøringen av, utviklingen av og eksperimenteringen med hvordan møte klima- og miljøkrisen som et adaptivt problem. Å starte med loven som regulerer de åtte statsforetakene kan fremstå som en hensiktsmessig prøvestein.»

Nokre høringsinstansar stiller også spørsmål ved ordet «effektiv» i framleggget frå departementet til ei formålsføresegn.

*Advokatforeningen* skriv følgande:

«Særleg omsynet til tredjeparts interesser gjør at det kan stillast spørsmål ved om tilvisinga til omsynet til «effektiv ivaretakelse av statsføretakets virksomhet» eigentlig er særleg heldig. Advokatforeningen siktar her særleg til at omsynet til eigar sine behov for effektiv verksemduving frå lovgjevar si side ikkje utan vidare gjev gjennomslag ved utforminga av øvrig lovgjeving om organisering av næringsverksemd. Tvert om er det Advokatforeningen sitt inntrykk at formålet ved utforminga av slik lovgjeving er å ivareta eigar sine interesser og

tredjepart sine interesser på ein balansert måte. Ved å innta ei tilvisning til effektiv verksemduving i formålsparagrafen kan dette ved tolkningstvil takast til inntekt for at dette omsynet skal gjevast forrang framfor for eksempel omsynet til kreditorinteresser.»

*NVE* peiker på at omgrepet effektivitet kan nyttas i fleire tydingar, da det kan omfatte både formåls-effektivitet og kostnadseffektivitet. *NVE* meiner derfor at det bør stå i forarbeida kva ein meiner med effektivitet.

*UiT Norges arktiske universitet, Det juridiske fakultet* meiner at «effektiv» er det einaste verdiladde ordet i formålsføresegna, men at ordet gir lite rettleiing.

## 4.4 Vurderingar frå departementet

### 4.4.1 Samfunnsoppdrag eller verksemد

Departementet deler fleire av synspunkta til høringsinstansane. Departementet er samd i at det som er eigenarten med statsføretaka bør kome tydeleg fram i formålsføresegna. I forarbeida til den gjeldande lova kjem det tydeleg fram at statsføretak skulle vere eit instrument for å oppnå statlege sektorpolitiske mål, jf. Ot.prp. nr. 32 (1990–91) *Om lov om statsføretak*, side 13. Likevel er det ikkje berre statsføretaka som kan ha ei sektorpolitiske rolle gjennom statleg eigarskap. Departementet syner til at også andre selskap som staten eig, som er organiserte som statsaksjeselskap eller særlovselskap, kan ha ei sektorpolitiske rolle. Det er bakgrunnen for at departementet i høringsnotatet foreslo å ikkje nytte omgrepet «sektorpolitiske» i formålsføresegna. Eit anna viktig omsyn når formålsføresegna i statsføretakslova skal utformast, er at alle dagens statsføretak, og eventuelle nye statsføretak som staten opprettar, skal vere ramma inn av formålsføresegna. Som nemnt i punkt 3.1 er alle statsføretaka, unntake Statkraft SF, i kategori 2 i statens kategorisering av selskap. Målet med staten sitt eigarskap for desse selskapene er ei bærekraftig og mest mogleg effektiv oppnåing av sektorpolitiske mål. For Statkraft SF er derimot målet med den statlege eigarskapen høgast mogleg avkastning over tid innanfor bærekraftige rammer. Departementet meiner at ei formålsføresegn må ha ein ordlyd som ikkje ekskluderer Statkraft SF og eventuelle nye statsføretak som staten opprettar. Departementet vurderer at formuleringa «statsføretak berre kan eigast av staten» i første punktum både får fram eigenarten ved statsføretaka og samstun-

des ikkje ekskluderer Statkraft SF og eventuelle nye statsføretak. At eit statsføretak ikkje kan seljast og det er uaktuelt med andre eigalar ved sida av staten, markerer på ein særskild måte langsiktigkeit og stabilitet i det statlege eigarskapet for statsføretak. Dette er viktig å få fram i formålsføresegna på bakgrunn av dei viktige samfunnspålagde oppgåvene statsføretaka varetak gjennom mellom anna å eige kritisk infrastruktur og forvalte naturressursar.

Alle statsføretak som har eit sektorpolitiske mål har eit samfunnsoppdrag. Ved å ta inn «samfunnsoppdrag» i andre punktum i formålsføresegna kjem det fram at det er løysinga av viktige samfunnspålagde oppgåver som i mange tilfelle grunngjev den særlege føretaksforma. Omgrepet «verksemd» synleggjer samstundes at statsføretakslova også gjeld for dei statsføretaka som ikkje har eit definert samfunnsoppdrag, men som likevel er organisert etter lova, irekna Statkraft SF.

#### 4.4.2 Effektivitet

Når det gjeld omgrepet «effektiv», er departementet samd med høyningsinstansane i at dette må vere definert i forarbeida fordi omgrepet kan nyttast i fleire tydingar. NHH peikte i denne samanhengen på at eit mogleg felles kjenneteikn på statsføretaka er å forhindre konkurs. NHH syner til at statsføretaka i dei fleste tilfella har eit sektoroppdrag i tillegg til å drive effektivt, og derfor vil det vere politisk vanskeleg å gjere verksemda privat. NHH meiner derfor at konkurs i eit statsføretak er eit utfall staten som eigar må gjere sitt beste for å forhindre, sjølv om konkurs ikkje vil påføre eigaren ytterlegare finanzielle forpliktingar. *Advokatforeningen* hadde liknande betraktningar knytte til omgrepet «effektiv» i formålsføresegna og peikte mellom anna på at det sentrale formålet med lova er, i likskap med aksjelova, å beskytte kapitalen til statsføretaka i tråd med kreditorane sine interesser og å etablere ein passande leiingsstruktur. Advokatforeningen meiner derfor at framlegget er uheldig fordi der det er tvil om tolkinga, kan føresegna takast til inntekt for at eigarinteressa går framfor tredjepartsinteressa. NVE peikte på at effektivitet kan tyde både formålseffektivitet og kostnadseffektivitet, og at departementet bør klargjere dette i forarbeida. Departementet vurderer at effektivitet i denne samanhengen inneber både formålseffektivitet og kostnadseffektivitet. Lova skal medverke til at statsføretaka oppnår formålet sitt, og til at dei blir drivne på ein ansvarleg måte med tanke på økonomi, budsjett og ressursbruk. Både eigarinte-

resser og tredjepartsinteresser skal takast vare på, og statsføretaka sitt ansvar for å forhindre konkurs inngår i dette.

UiT, *Det juridiske fakultet* påpeikte at den nye statsføretakslova gir ei god moglegheit til å synleggjere ansvaret og rollene til statsføretaka med omsyn til klima- og miljøkrisa. UiT meiner at formålsføresegna bør reflektere det. Departementet vurderer at omsynet til effektivitet også inneber omsynet til berekraft som omfattar både klima og miljø, økonomi og sosiale forhold. Effektivitet handlar om å bruke ressursar på ein måte som gir mest mogleg nytte med minst mogleg løsing. Dette er essensielt for berekraft, då det reduserer belastninga på miljøet og bevarer ressursar for framtidige generasjoner.

I denne samanhengen viser departementet til Meld. St. 6 (2022–2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap – Statens direkte eierskap i selskaper* punkt 5 og det som er nemnt om kategori 1 og 2 selskap i punkt 3.1 og 4.1.1 i proposisjonen. I omtalen av staten sitt mål som eigar i denne meldinga går det fram at kategori 1 selskapa skal drive innanfor berekraftige rammer, noko som føreset at selskapa balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til høgast mogleg avkastning over tid utan å redusere moglegheita for at komande generasjoner kan få dekt sine behov. For kategori 2 selskapa går det fram at å vere berekraftig føreset at selskapa balanserer økonomiske, sosiale og miljømessige forhold på ein måte som bidreg til langsiktig måloppnåing utan å redusere moglegheita for at komande generasjoner kan få dekt sine behov.

#### 4.4.3 Framlegg

På bakgrunn av dette har departementet omarbeidd formålsføresegna. Departementet vurderer at formålsføresegna i framlegget til ny lov tydeleggjer både at staten er den einaste eigar av statsføretak, at statsføretak har viktige samfunnsoppdrag eller anna verksem og at statsføretaka skal driftast effektivt. Departementet vurderer også at formålsføresegna bør vere den første føresegna i statsføretakslova, og ikkje kome etter føresegna om verkeområde. Departementet foreslår derfor at formålet med lova skal stå i ny § 1-1. Når det gjeld første punktum i framlegget til formålsføresegna som var på høyring, er departementet samd med *Advokatforeningen* i at dette ikkje seier noka anna enn det som allereie kjem fram av lova i framlegget til ny § 1-1 og § 2-1. Departementet vurderer at første punktum i framlegget som var

på høyring ikkje gir retning for tolkinga av dei andre føresegne i lova, slik som ei formålsføresegn skal, og har derfor valt å ta ut første punktum.

## 5 Forholdet til anna lovgiving

### 5.1 Gjeldande rett

Det følger av statsforetaksloven § 4 første punktum at forvaltningslova ikkje gjeld for statsføretak. Vidare følger det av § 4 andre punktum at tenestetwistlova og statstilsetteloava ikkje gjeld for tilsette i statsføretaka. Dette er fordi statsføretaka er sjølvstendige rettssubjekt som ikkje er ein del av staten, og derfor er dei som arbeider i verksemda, heller ikkje tilsette i staten.

### 5.2 Framlegget i høyningsnotatet

Departementet sitt framlegg i høyningsnotatet var å vidareføre gjeldande rett i ny § 1-6.

### 5.3 Synspunkt frå høyningsinstansane

Det var berre tre høyningsinstansar som hadde synspunkt om statsføretakslova sitt forhold til anna lovgiving.

*Norsk arkivråd* og *NVE* meiner at departementet burde omtale forholdet til offentleglova i forarbeida.

*NVE* meiner i tillegg at forarbeida burde innehalde ein omtale av miljøinformasjonslova av pedagogiske grunnar, men trekkjer det særleg fram i relasjon til Statnett SF. *NVE* meiner at forarbeida burde presisere om offentleglova og miljøinformasjonslova gjeld for Statnett SF.

*Norsk arkivråd* meiner at framlegget til ny § 1-8, som gjeld utarbeiding og oppbevaring av føretaksdokumentasjon, må vise til den nye arkivlova og at statsføretakslova bør vise til dei arkivfaglege prinsippa, jf. ny arkivlov § 4 andre ledd.

*Statskog SF* viser til at fleire av statsføretaka har behov for ferdsel i utmark, og foreslår derfor at statsføretakslova får følgande føresegrn: «Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4 bokstav a gjelder tilsvarende ved utøvelse av offentlig oppsyns- og tilsynsoppdrag bestemt av departementene.»

### 5.4 Vurderingar frå departementet

#### 5.4.1 Offentleglova

Da statsforetaksloven tredde i kraft i 1991, følgde det av § 4 første ledd første punktum at offentleglova ikkje gjaldt for statsføretaka. Dette vart oppheva i 2009 som følge av ny offentleglov der verkeområdet til offentleglova vart utvida til å også gjelde for sjølvstendige rettssubjekt, sjå Ot.prp. nr. 102 (2004–2005) *Om lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova)*. Det følger av offentleglova § 2 første ledd bokstav c at lova gjeld for «sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet». Det øvste organet i statsføretaka er føretaksmøtet der eigardepartementet utøver det øvste myndet, jf. statsforetaksloven § 38 første ledd. Den tidlegare tilvisinga i statsforetaksloven til at offentleglova ikkje gjeld for statsføretaka, vart derfor oppheva. Offentleglova gjeld likevel ikkje for sjølvstendige rettssubjekt som «hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.» jf. offentleglova § 2 andre ledd. Spørsmålet om eit statsføretak er omfatta av offentleglova må derfor vurderast på bakgrunn av dette. For Statkraft SF er det gjort direkte unntak frå offentleglova i offentlegforskrifta, sjå § 1 første ledd bokstav g. I tillegg gjeld ikkje offentleglova for enkelte dokument frå Enova SF, Gassnova SF og Statnett SF, jf. offentlegforskrifta § 1 tredje ledd bokstav e, f og j.

Departementet har vurdert moglegheita for å ta inn ei tilvising i den nye statsføretakslova om at offentleglova som utgangspunkt gjeld for statsføretaka. Dette kan vere pedagogisk for dei som bruker lova i det daglege, men først og fremst for offentlegheita som ønskjer å be om innsyn i dokumenta frå statsføretaka.

Likevel kan ei slik tilvising vere i strid med noko av bakgrunnen for at føresegrnene om verkeområdet til offentleglova ble endra i ny offentleglov. I Ot.prp. nr. 102 (2004–2005) *Om lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd*

(*offentleglova*) s. 36 uttalte det daverande Justis- og politidepartementet blant annet følgende:

«Eit viktig punkt i departementet sitt forslag er at verkeområdet til offentleglova i framtida berre bør regulerast i offentleglova og forskrifa til lova. Som ein konsekvens av dette foreslår departementet at føresegne som gjer unntak frå verkeområdet til offentleglova i lov 30. august 1991 nr. 71 om statsforetak og i særlovgivinga elles, skal opphevast samtidig med at den nye offentleglova tek til å gjelde. Departementet meiner at ei løysing der det ikkje lenger skal gjerast unntak frå verkeområdet i særlovgivinga, vil gi ein meir oversiktleg rettstilstand og ikkje minst sikre ei meir konsekvent behandling. For fleire av rettssubjekta som blir omfatta av lova etter denne endringa, og som ikkje fell utanom fordi dei driv næringsverksemd i direkte konkurranse med private, vil det ikkje vere aktuelt å gjere unntak i forskrift. For nokre av desse vil det likevel vere aktuelt å halde oppe gjeldande rettstilstand i forskrifter ut frå retningslinjene som det er gjort greie for ovanfor.»

Av omsyn til å unngå feil tolking av verkeområdet til offentleglova, vurderer departementet at statsføretakslova ikkje bør innehalde ei tilvising til offentleglova.

Når det gjeld innspelet frå NVE som ønskete ei avklaring av om offentleglova gjeld for Statnett SF, viser departementet igjen til offentleglova § 2 andre ledd og forarbeida til offentleglova.

#### 5.4.2 Miljøinformasjonslova

Departementet viser til innspelet frå NVE som også ønskete ei avklaring av om miljøinformasjonslova gjeld for Statnett SF. Det følger av miljøinformasjonslova § 4 (1) at lova gjeld for offentlege organ og verksemder som er etablert i Norge. Vidare følger det av miljøinformasjonslova § 5 at statsføretak kan vere offentleg organ som skal følgje reglene om slike i miljøinformasjonsloven kapittel 3, eller offentleg verksemd som skal følgje reglene om verksemder i kapittel 4. Det avheng mellom anna av verkeområdet for offentleglova, ettersom definisjonen av offentleg organ i § 5 dels viser til offentleglova § 2 og dels har like kriterium for kva som skal reknast som eit offentleg organ. Departementet vurderer derfor at spørsmålet om eit statsføretak er omfatta av miljøinformasjons-

lova må ein vurdere konkret på bakgrunn av disse føresegne. Klagenemnda for miljøinformasjon sitt vedtak i sak 2013/1 om Statskog SF gjev eit døme på korleis ein avgjer om eit statsføretak er eit offentleg organ eller ei offentleg verksemd etter miljøinformasjonslova:

«Nemnda legger etter dette til grunn at Statskog ikke er et «forvalningsorgan som er omfattet av offentleglova § 2», som nevnt i mil. § 5 første ledd bokstav a. Fordi Statskog utfører noen forvalningsoppgaver for staten og er heleid av staten ved Landbruks- og matdepartementet, skal foretaket som utgangspunkt anses som et «offentlig organ» i henhold til mil. § 5 første ledd bokstav b. Dette gjelder imidlertid ikke for aktivitetar Statskog driver i konkurransen med private. Statskog har opplyst at all aktivitet innenfor virksomhetsområdet skog drives i konkurransen med private. Skogsdriften faller derfor utenfor mil. § 5 første ledd bokstav b. Skogsdriften faller også utenfor mil. § 5 første ledd bokstav c i og med at den ikke knytter seg til Statskogs forvalningsoppgaver. Nemnda legger etter dette, i likhet med partene, til grunn at Statskog, i egenskap av skogbruker, ikke er et «offentlig organ» som definert i mil. § 5 første ledd. Dette innebærer at allmennhetens rett til miljøinformasjon om skogsdriften reguleres av reglene i mil. kapittel 4, som gjelder miljøinformasjon om virksomhet, og at klagenemnda for miljøinformasjon er rett myndighet i denne saken.»

#### 5.4.3 Arkivlova

Gjeldande arkivlov gjeld ikkje for statsføretaka. I forslag til ny arkivlov som har vore på høyring, foreslo det daverande Kulturdepartementet ein heimel til å gi forskrift om at heile eller delar av arkivlova skal gjelde for sjølvstendige rettssubjekt som er omfatta av offentleglova § 2 første ledd første punktum bokstav c eller d som ikkje hovudsakleg driv næring i konkurransen med og på same vilkår som private. Heimelen vil kunne nyttast for enkelte rettssubjekt, men ikkje grupper av rettssubjekt. Når det gjeld høyringsinnspelet frå Norsk Arkivråd om å vise til dei arkivfaglege prinsippa i lova, vurderer departementet at dette ikkje er nødvendig fordi desse prinsippa vil stå i den nye arkivlova som statsføretaka uansett må etterleve der som forskriftsheimelen i den nye arkivlova vil nyttast.

**5.4.4 Motorferdsellova**

Når det gjeld *Statskog SF* sitt framlegg om å ta inn ei føresegn i statsføretakslova om at motorferdsel i utmark er tillate for statsføretaka, vurderer departementet at dette på noverande tidspunkt ikkje er nødvendig. Dersom det i framtida viser seg at avgrensingar i motorferdsellova får mykje å

seie for moglegheita som statsføretaka har til å drive ei effektiv verksemrd, kan departementet vurdere behovet på nytt. Departementet har på noverande tidspunkt ikkje fått slike tilbakemeldingar frå fleire statsføretak. Det må i den forbindelse også vurderast om ei slik føresegn bør stå i statsføretakslova eller motorferdsellova.

## 6 Stifting av statsføretak

### 6.1 Gjeldande rett

Kapittel 2 i statsforetaksloven inneholder nærmere reglar om stifting av eit statsføretak. Kapittelet inneholder tre føresegner. Paragraf 7 fastset at vedtak om opprettning av eit statsføretak skal gjerast av Kongen i statsråd. Forma «Kongen i statsråd» betyr at vedtaket skal gjerast ved kongeleg resolusjon, og at myndet ikkje kan delegerast, sjå NOU 1991: 8 *Lov om statsføretak*, side 78–79 om grunnsgivinga til at vedtaket skal gjerast av Kongen i statsråd.

Vedtaket skal oppgi kva departement som skal representere staten som eigar av føretaket, og uttrykkjeleg namngi føretaket som eit statsføretak. Etter at det ved kongeleg resolusjon er gjort vedtak om å opprette eit statsføretak, skal eigardepartementet etter § 8 i statsforetaksloven opprette eit datert og underskrive stiftingsdokument. Føresegna oppgir dei forholda som i det minste skal fastsetjast i stiftingsdokumentet. Statsføretaket blir rekna som stifta når stiftingsdokumentet er oppretta, og frå dette tidspunktet er føretaket eit eige rettssubjekt med evne til å pådra seg rettar og forpliktingar. Etter statsforetaksloven § 9 skal føretaket meldast til Føretaksregisteret seinast seks månader etter at stiftingsdokumentet er oppretta.

### 6.2 Framlegget i høyningsnotatet

Departementet foreslo å flytte nokre føresegner frå dagens lov til nytt kapittel 2 om stifting av statsføretak. I all hovudsak er endringane i den nye lova i kapittel 2 foreslått for å bringe lova meir i samsvar med aksjelova.

Departementet viste i høyningsnotatet til at reglane om korleis eit statsføretak blir stifta, er atskilleg enklare enn reglane om stifting av eit aksjeselskap i aksjelova kapittel 2. Reglane i aksjelova skal skape notoritet omkring stiftinga og mellom anna vareta omsynet til at dei som vurderer å teikne aksjar i selskapet, får slik informasjon om selskapet som kan påverke om dei teiknar aksjar. Reglane er også tilpassa at selskapet blir

eigd gjennom aksjar, og at det kan vere fleire aksjeeigarar. Dessutan skal det vere mogleg å dokumentere den nemnde informasjonen i ettertid, mellom anna kva som faktisk vart vedteke av stiftaren. Reglane i aksjelova skal også sørge for at selskapet faktisk blir tilført den kapitalen det etter teikningsgrunnlaget skal få.

Departementet vurderte at dette er omsyn som ikkje gjeld for statsføretaka. Ved at Kongen i statsråd skal gjere det grunnleggjande vedtaket og eigardepartementet skal opprette stiftingsdokumentet, blir den nødvendige notoriteten sikra. Det er ikkje behov for å sikre staten ytterlegare informasjon omkring selskapsetableringa ved å gi reglar om dette i lova. Departementet vurderte likevel at det var behov for at lova inneholder føresegner som klargjer staten si forplikting til å tilføre den kapitalen som vart vedteken ved skipinga av føretaket. Departementet foreslo derfor å flytte nokre av dagens føresegner til kapittelet om stifting av statsføretak, mellom anna framlegg til ny § 2-4 i høyningsnotatet som fører vidare § 13 andre ledd i den gjeldande lova. Føresegna stiller særlege krav til innhaldet i stiftingsdokumentet der innskotet frå staten er andre eidealar enn pengar, mellom anna om verdsetjinga av eit slikt innskot. Etter føresegna skal verdsetjinga stadfestast av ein revisor.

Departementet foreslo også å fjerne nokre av minstekrava for kva vedtekten skal innehalde, slik at dei samsvarer betre med minstekrava i aksjelova. Departementet foreslo derimot å behalde minstekravet om kva saker som skal bli handsama i føretaksmøtet. Betre samsvar med aksjelova var også grunngivinga for å endre fristen for når føretaket må meldast til Føretaksregisteret etter at stiftingsdokumentet er oppretta, frå seks til tre månader.

Departementet foreslo også å endre tidspunktet for når eit statsføretak kan erverve rettar og pådra seg plikter, vere part i avtalar med private og offentlege styremakter og ha partsstilling overfor domstol og andre styremakter. Etter gjeldande lov § 8 andre ledd kan statsføretaka gjere dette allereie når stiftingsdokumentet er oppretta, jf. dagens § 3. Dette er i motsetning til

det som gjeld for aksjeselskap, som etter aksjelova § 2-20 første ledd før registreringstidspunktet ikkje kan erverve andre rettar og pådra seg andre forpliktingar enn det som kjem fram av stiftingsdokumentet. Reguleringa i statsforetaksloven § 8 andre ledd andre punktum vart ikkje endra i samband med endringane i statsforetaksloven i 2002, som oppheva det tidlegare statlege garanti-ansvaret for forpliktingane til føretaket og innførte den nogjeldande føresegna i statsforetaksloven § 4 a om at staten har avgrensa ansvar for forpliktingane til føretaket. Departementet vurderte derfor at endringa av ansvarsforma også bør få konsekvensar for kva rettar og plikter føretaket kan erverve og pådra seg før registreringa. Det er først når føretaket er registrert, at kreditorane kan vere visse på at staten har tilført føretaket dei verdiane som er oppgitt i stiftingsdokumentet. Det betyr også at statsføretak bør ha avgrensa rett til å pådra seg plikter utover det som er vedteke i stiftingsdokumentet før registrering, slik som for eit aksjeselskap. For plikter som statsføretaket pådreg seg før registrering i Føretaksregisteret, foreslo departementet at aksjelova § 2-20 andre og tredje ledd blir gitt tilsvarende bruk. Det betyr mellom anna at for forpliktingar som er pådregne i namnet til statsføretaket før registreringa, og som føretaket ikkje heftar for etter stiftingsdokumentet eller lov, er det dei som har inngått forpliktinga, som er personleg og solidarisk ansvarlege når ikkje anna må reknast som avtalt med kreditor. Ved registreringa overtek føretaket forpliktinga. Frå same tidspunkt fell det personlege ansvaret bort.

### **6.3 Synspunkt frå høyningsinstansane**

Høyningsinstansane hadde synspunkt knytte til to av føresegnene i framlegg til nytt kapittel 2 om stifting av statsføretak, det gjeld § 2-3 om minstekrav til vedtekten og § 2-4 om innskot med andre eidegar enn pengar.

#### **6.3.1 Minstekrav til vedtekten**

*Brønnøysundregistra* stiller spørsmål ved om den nye statsføretakslova bør vidareføre minstekravet til vedtekten om kva for saker som skal bli handsame på føretaksmøtet, jf. framlegg i høyningsnotatet til ny § 2-3 første ledd nr. 4, når aksjelova § 2-2 ikkje lenger har eit slikt minstekrav.

*Statkraft SF* er generelt positive til at lovfesta krav til vedtekten i størst mogleg grad samsvarer med minstekrava i aksjelova. I tillegg meiner

høyningsinstansen at dagens minstekrav i statsføretaksloven § 10 nr. 4 om kva for departement statsføretaket høyrer under, er unødvendig.

#### **6.3.2 Innskot med andre eidegar enn pengar**

*Bane NOR SF* og *Statkraft SF* støttar framlegg frå departementet i ny § 2-4 framfor ei generell tilvising til § 2-6 i aksjelova.

NHH meiner at departementet bør vurdere nærmare kva omgrep «verkeleg verdi» inneber ved tingsinnskot og utbyte før omgrep tas inn i ny statsføretakslov, og uttaler mellom anna følgande:

«Bruk av virkelig verdi er langt fra uproblematisk. Et hovedproblem er at det ikke alltid er klart hva begrepet «virkelig verdi» betyr i regnskapsmessig sammenheng. Også beregning av virkelig verdi kan være problematisk i mange sammenhenger og spesielt i tilfeller hvor eideeler (og forpliktelser) som skytes inn ikke har markedsverdi og i tillegg er underlagt restriksjoner. Verdien må da estimeres.

NHH peiker på at dei uansett er samde med departementet i at verdiane under kvar omstende bør grunngivast godt og attestert av revisor slik som framlegga i høyningsutkastet § 2-4 og § 3-3, og uttaler følgende:

«Dette er nødvendig selv om statsføretak bare har en eier. Kreditorer og andre som er interessert i å analysere foretakets risiko og lønnsomhet, må kunne stole på at verdier som skytes inn eller tas ut er reelle. Grunnlaget for verdsettelsen bør derfor også formidles i årsrapporten eller på annen hensiktsmessig måte.»

NHH reiser også spørsmålet om tingsinnskot ved opprettiging av eit statsføretak skal reknast som statleg tilskot eller eigenkapitalinnskot. NHH meiner at dette ikkje er avklart, og at departementet bør avklare dette spørsmålet i forbindelse med eller etter at loven tek til å gjelde.

### **6.4 Vurderingar frå departementet**

#### **6.4.1 Minstekrav til vedtekten**

Når det gjeld innspelet frå *Brønnøysundregistra* om behovet for å føre vidare gjeldande lov § 10 nr. 7, viser departementet til framlegg til ny § 2-3 første ledd bokstav d som må sjåast i samanheng

med framlegg til ny § 4-3 andre ledd. Ny § 4-3 andre ledd fastset kva saker som skal handsamast og vedtakast på det ordinære føretaksmøtet. På grunn av samanhengen mellom desse føresegogene vurderer departementet at den nye lova også bør innehalde eit slikt minstekrav til vedtekten som angir kva saker som skal handsamast på føretaksmøtet.

#### **6.4.2 Innskot med andre eidedelar enn pengar**

Når det gjeld verdsetjing av tingsinnskot til «verkeleg verdi» når eit statsføretak blir stifta, viser departementet til høyningsfråseguna fra *NHH*. Departementet er samd i at det kan vere behov for å greie ut nærmere kva omgrepet «verkeleg verdi» inneber for statsføretaka. Departementet vurderer at dette kan gjerast på eit seinare

tidspunkt etter at lova tek til å gjelde. Departementet har derfor teke ut omgrepet «verkeleg verdi» i lovframlegg og fører vidare statsføretaksloven § 13 andre ledd i ny § 2-4. Ei verdsetjing skal i alle tilfelle underbyggjast godt, og ein revisor skal attestere verdsetjinga

*NHH* uttaler også at problemstillinga knytte til omgrepet «verkeleg verdi» heng saman med spørsmålet om rekneskapsmessig handsaming av tingsinnskot når eit statsføretak blir stifta, og meiner at departementet må avklare dette. Departementet er samd med *NHH* i at disse problemstillingane har ein samanheng, og vurderer at problemstillingane kan utgreiaast på eit seinare tidspunkt. Det må i den forbindelse også vurderast om desse spørsmåla skal avklarast i statsføretakslova eller anna regelverk, til dømes rekneskapslova.

## 7 Kapitalreglane

### 7.1 Gjeldande rett

Dei sentrale reglane om kapitaltilhøva til statsføretaket er samla i kapittel 4 i lova, som har overskrifta «Statens innskudd i foretaket». Utdeling av foretakets midler». Enkelte av reglane i kapittel 4 vart endra med lov 20. desember 2002 nr. 88 i samband med endringa av ansvarsforma til eit statsføretak med avgrensa ansvar.

Kapittel 4 inneholder i alt seks føresegner. Paragraf 12 fastset eit krav om at statsføretaket heile tida skal ha forsvarleg eigenkapital, § 13 gjeld innskotsplikt staaten har ved stiftinga av foretaket, § 14 gjeld forhøgning av innskotskapitalen frå staten ved nyinnbetaling, § 15 gjeld forhøgning av innskotskapitalen frå staten utan nyinnbetaling, § 16 gjeld nedsetjing av innskotskapitalen, og § 17 gjeld utbyte til staten. Kapitalreglane er utforma med utgangspunkt i tilsvarende reglar i aksjelovgivinga, men er betydeleg forenkla samanlikna med desse. Reglane er ikkje ajourførte med gjeldande aksjelovgiving.

### 7.2 Framlegg i høyningsnotatet

Paragraf 12 i den gjeldande lova fastset at foretaket skal ha ein forsvarleg eigenkapital, og har reglar om pliktene til styret om eigenkapitalen blir lågare enn forsvarleg. Føresegna vart endra med lov 20. desember 2002 nr. 88 og har som modell aksjelova §§ 3-4 og 3-5, slik desse føresegne lydde da.

Departementet foreslo å tilpasse krava i statsføretakslova til forsvarleg kapital m.m. til reglane i aksjelova § 3-4 om krav om forsvarleg eigenkapital og likviditet og § 3-5 om handleplikt ved tap av eigenkapital, slik desse reglane no lyder etter endringar seinast ved lov 14. juni 2013 nr. 40 (aksjelova § 3-4) og lov 14. desember 2018 nr. 95 (aksjelova § 3-5). Krava til forsvarleg eigenkapital og handleplikt ved tap av eigenkapital har samanheng med ansvarsavgrensinga til eigarane, og det er derfor ingen avgjerande grunn til at reglane i statsføretakslova skal vere annleis utforma enn dei tilsvarende reglane i aksjelova. Departementet

foreslo å dele nogjeldande § 12 opp i to paragrafar, etter mønster av dei tilsvarende føresegne i aksjelova, der den eine paragrafen fastset kravet om forsvarleg eigenkapital og likviditet, og den andre regulerer handleplikta foretaket har der som eigenkapitalen blir lågare enn forsvarleg ut frå risikoene ved og omfanget av verksemda i selskapet. Sjå lovframlegg i høyningsnotatet §§ 3-1 og 3-2.

Departementet foreslo i høyningsnotatet å flytte § 13 i gjeldande lov, som regulerer innskotet frå staten ved stiftinga av foretaket, til kapittelet om stiftinga av foretaket. Departementet foreslo i tillegg enkelte endringar i innhaldet.

I motsetning til det som gjeld for eit aksjeselskap, stiller ikkje statsforetaksloven eit lovbestemt minstekrav til innskotet frå staten. Etter aksjelova § 3-1 første ledd gjeld eit minstekrav på 30 000 kroner for aksjekapitalen i aksjeselskap. Det lovbestemte kravet til minste aksjekapital fungerer først og fremst som ei sperre mot uønskt bruk av aksjeselskapsforma. Kravet har lite å seie for dekningsmoglegheitene kreditorane har, eller interessa aksjonærane har i tilførsel av kapital til selskapet, sjå den nærmere vurderinga i utgreiinga *Forenkling og modernisering av aksjeloven*, punkt 5.5.2 (side 64 flg.). Det verkar lite sannsynleg at staten etablerer statsføretak utan å tilføre kapital for å realisere formålet med foretaket, og dette omsynet blir derfor anteke å vere lite gjeldande når staten vurderer å organisere ei verksemde som statsføretak. Departementet foreslo derfor å ikkje innføre nokon bestemt minimumskapital for statsføretaka.

Departementet foreslo å ikkje vidareføre særregelen om innskot frå staten ved stiftinga av eit statsføretak i § 13 første ledd første punktum i lova. Dette har samanheng med reglane om det avgrensa ansvaret staten har for foretaket. Departementet legg også til grunn at staten vil gjere ei vurdering av storleiken på innskotet når foretaket blir oppretta. Statsforetaksloven § 13 andre ledd gjeld når innskotet frå staten består av andre formuesverdiar enn pengar, irekna når ei igangverande verksemde blir brukt som innskot. Paragraf 13 andre ledd tredje punktum i lova gjeld

verdsetjinga av innskotet og har som formål å sikre at føretaket verkeleg blir tilført verdiar tilsvarende beløpet som er oppført som innskot frå staten i stiftingsdokumentet og vedtekten. Føresegna er utforma etter modell av aksjelova 1976 § 2-4 tredje ledd første punktum. Dei tidlegare føresegne i aksjelova av 1976 om innskot i form av andre gjenstandar enn pengar, er no avløyste av dei meir omfattande reglane i den nogjeldande aksjelova § 2-6 om utgreiing om aksjeeinnskot med andre egedelar enn pengar og særskilde rettar og § 2-7 om innskot med andre egedelar enn pengar. Departementet vurderte at føresegne i statsføretakslova kunne formast ut med utgangspunkt i desse føresegne. Reglane i aksjelova har til formål å gi informasjon til aksjeteiknarane og eksisterande aksjeeigarar om kva som blir skote inn, og korleis dette er verdsett. I tillegg skal det givast informasjon om teikningskursen per aksje og talet på nye aksjar som blir teikna, slik at ein ser korleis teikninga vil påverke eigardelen ein har.

Dette er omsyn som også kan gjere seg gjeldande i statsføretaka, sjølv om det er staten som både står bak opprettinga av føretaket og skyt inn heile kapitalen. Aksjelovgivinga inneheld ikkje unntak om utgreiing for tilfelle med heileigde selskap eller der alle dei eksisterande aksjeeigarane skyt inn sin forholdsmessige del. Dette er fordi reglane om utgreiing skal vareta fleire omsyn enn berre informasjon til nye teiknarar eller informasjon som gjer at eksisterande aksjeeigarar kan vurdere den potensielle utvatninga. Reglane skal mellom anna også medverke til å bevisstgjere styret om verdsetjinga, tydeleggjere ansvaret, sikre offentlegheit om utgreiinga og notoritet om avgjerdsgrunnlaget og klargjere kva revisor har stadfest. Departementet bad om innspel frå høyingsinstansane på om det kunne vere behov for å gi reglane om utgreiing i aksjelova § 2-6 tilsvarende bruk, alternativt at den nogjeldande regelen i statsføretaksloven § 13 andre ledd vart erstatta av følgande føresegns:

«Er innskotet til staten andre formuesverdiar enn pengar, skal ein i stiftingsdokumentet opplyse om kva som skal skytast inn, og verdien av innskotet. Innskotet skal vurderast til verkeleg verdi, med mindre det følger av rekneskapslova at innskotet skal førast vidare til balanseførte verdiar. Tidspunktet for verdsetjinga kan tidlegast vere fire veker før stiftinga av føretaket, jf. § 2-2. Ei stadfesting frå revisor om at innskotet ikkje er verdsett høgare enn tillate etter andre punktum, skal leggjast ved stiftingsdokumentet.» Sjå § 2-4 i lovframlegget i høyingsnotatet.

Paragraf 14 i gjeldande lov gjeld forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling. Føresegna svarer til reglane om forhøging av aksjekapitalen i aksjelova kapittel 10, men er betydeleg enklare enn desse reglane. Føresegne i aksjelova må sjåast i samanheng med at det i eit aksjeselskap kan vere fleire aksjeeigarar som ønsker å delta i ei kapitalforhøging, og ei kapitalforhøging gjennom ein såkalla retta emisjon kan brukast til å få nye eigarar inn i selskapet. Det er derfor nødvendig at dei som vurderer å teikne aksjar, får informasjon som kan ha noko å seie for aksjeteikninga, både om eigen eigardel og om kva for nye aksjeeigarar som kan kome inn. Departementet vurderte at dette ikkje er spørsmål som er aktuelle for statsføretaka, der det berre er staten som kan teikne den nye kapitalen. Det må leggjast til grunn at staten kan sikre seg relevant informasjon på annan måte. Tilføring av ny kapital til statsføretak krev budsjettdrekning etter dei ordinære prosedyrane for statsbudsjettet og økonomiregulverket i staten. Departementet kunne derfor ikkje sjå at det for statsføretaka trengst reglar om styrefullmakt til å forhøge innskotskapitalen etter mønster av reglane i aksjelova kapittel 10 II. Departementet vurderte det likevel slik at styret bør ha ei viss rolle i kapitalforhøginga ved nyinnbetaling. Forvaltninga av føretaket hører under styret. Etter framlegget skal styret fastsetje planar og budsjett for verksemda og halde seg orientert om gjennomføringa av formålet og den økonomiske stillinga til føretaket. Styret er derfor også næraast til å foresla, og grunngi behovet for, å forhøge innskotskapitalen ved nyinnbetaling. Departementet vurderte derfor at statsføretakslova i likskap med aksjelova burde ha føresegner om at styret kan foresla forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling, og foreslo å ta dette inn i framlegg til ny § 3-3 andre ledd i høyingsnotatet. På same måte som i aksjelova § 10-3 (2) skal styret grunngi framlegget. Eit krav om grunngiving vil gi føretaksmøtet eit betre avgjerdsgrunnlag. Det vil også gi notoritet til, og dermed høve til å etterprøve kva som ligg til grunn for, vedtaket om kapitalforhøging. Det kan til dømes ha noko å seie for kva eigardepartementet legg til grunn for vurderinga si. Departementet vurderte det slik at styret også bør vere ansvarleg for å utarbeide ei forklaring for verdsetjinga, og foreslo å ta dette inn i ny § 3-3 tredje ledd. For tredjepartar har det betydning kva verdiar som blir tilførte føretaket, og korleis dei blir verdsette. Vidare har det betydning for rekneskapsførselen og for tredjepartar som ser på rekneskapen for å sjå kor solid føretaket er. Derfor er det viktig at styret også har eit

aktivt forhold til verdsetjinga. Det er styret som skal utarbeide rekneskapen, og som har ansvar for å vurdere den økonomiske situasjonen til selskapet. Dette heng også saman med ansvaret til styret for forvaltninga av føretaket. At styret er ansvarleg for økonomien, taler for at styret er involvert i kapitalforhøgning og verdsetjing. Departementet bad om innspel på om det er formålstenleg at styret skal ha slik framleggsrett og informasjonsplikt som departementet foreslo i høyingsnotatet. I eit statsføretak skal forhøginga av innskotskapitalen frå staten vedtakast av føretaksmøtet. Paragraf 14 andre ledd i gjeldande lov fastset nærmare reglar om kravet til protokollering, irekna krav til protokollering når innskotet består av anna enn pengar. Føresegna om innskot av anna enn pengar har parallelar i § 13 andre ledd i gjeldande lov, om innskotet staten gjer ved stiftinga av føretaket. I lovframlegget § 3-3 andre ledd i høyingsnotatet om forhøgning av innskotskapitalen til staten foreslo departementet tilsvarende endring som i lovframlegget til § 2-4 i høyingsnotatet, sjå ovanfor.

Paragraf 15 i lova gjeld forhøgning av innskotskapitalen utan nyinnbetaling, det vil seie at innskotskapitalen til staten blir forhøgd ved at føretaket overfører eigenkapital som overstig innskotskapitalen. Føresegna svarer til reglane i aksjelova kapittel 10 III om forhøgning av aksjekapitalen ved fondsemisjon, men er betydeleg enklare enn desse reglane. Departementet foreslo å vidareføre føresegn i den noverande forma, men likevel slik at ho blir tilpassa utforminga av reglane i den nogjeldande aksjelova, sjå lovframlegget i høyingsnotatet § 3-5.

Paragraf 16 i lova gjeld nedsetjing av innskotskapitalen til staten. Føresegna svarer til reglane om nedsetjing av aksjekapitalen i aksjelova kapittel 12, men er atskilleg enklare enn desse reglane. Departementet foreslo å vidareføre føresegn i den noverande forma, men likevel slik at føresegn blir tilpassa utforminga av reglane i den nogjeldande aksjelova, sjå lovframlegget i høyingsnotatet §§ 3-10 til 3-12.

Paragraf 17 i lova gjeld utdeling av midlar frå føretaket som utbyte til staten. Føresegna svarer til reglane om utbyte i aksjelova kapittel 8 I, men er betydeleg enklare enn desse. Aksjelova har enkelte spesielle reglar om utbyte som det er vanskeleg å sjå at det kan vere noko praktisk behov for i statsføretak. Det gjeld i første rekje dei spesielle reglane om utbyteutbetaling på grunnlag av ein mellombalanse og ei fullmakt til styret om utdeling av tilleggsutbyte, sjå aksjelova § 8-2 andre ledd og §§ 8-2 a, 8-2 b og 8-2 c. Slik

departementet vurderte det, var det ikkje grunn til å belaste statsføretakslova med slike reglar. Statsføretaksloven har per i dag, i motsetning til aksjelova § 3-6 andre ledd, ingen definisjon av kva som skal reknast som ei utdeling av midlar frå føretaket, og som derfor må følge reglane om utbyte, eventuelt reglane om nedsetjing av innskotskapital til staten eller opplysing av føretaket. Statsføretaksloven har heller ingen regel om tilbakeføring av ulovleg utbyte som svarer til aksjelova § 3-7. Slike reglar hadde mindre betydning under den opphavlege ordninga der staten garanterte overfor kreditorane til føretaket. Under den noverande ordninga betyr desse reglane meir, som eit ledd i kreditorvernet. Departementet foreslo derfor å ta inn i statsføretakslova tilsvarande føreseigner som i aksjelova § 3-6 andre ledd om kva som skal reknast som ei utdeling, og i aksjelova § 3-7 om ulovlege utdelingar. Departementet foreslo dette i lovframlegget i høyingsnotatet §§ 3-6 og 3-7. Departementet kunne derimot ikkje sjå at aksjelova § 3-7 første ledd andre punktum om utbetalingar til godtruande mottakar eller aksjelova § 3-7 andre ledd om at den som på vegner av selskapet har medverka til ei ulovleg utdeling, på visse vilkår er ansvarleg for at utdelinga blir tilbakeført til selskapet, har noko praktisk betydning for statsføretak. Departementet uttalte at ein kan vanskeleg sjå for seg staten som ein godtruande mottakar eller som ein mottakar som ikkje evnar å tilbakeføre utdelinga, og eit medverkaransvar framstår overflødig der det er staten som har tilbakeføringsplikta etter § 3-7 i lovframlegget i høyingsnotatet. Departementet bad høyingsinstansane om innspel til behovet for eit medverkaransvar.

Aksjelova § 3-8 har reglar om avtalane selskapet har med aksjeeigarar eller leiinga til selskapet, og deira nærståande. Risikoene for at nokon i selskapsleiinga eller deira nærståande skal inngå avtale med føretaket av ein slik terskelverdi som føresegn viser til, ligg også der for statsføretak. Departementet foreslo derfor å ta inn ei føresegns om dette, sjå § 3-13 i lovframlegget i høyingsnotatet. Legaldefinisjonen av «nærståande» i aksjelova § 1-5 første ledd gjeld tilsvarende. Terskelverdien var sett til same nivå som i aksjelova og allmennaksjelova. Departementet peikte likevel på at 2,5 pst. av balansesummen i dei fleste statsføretaka, medrekna slike som Statnett SF, Bane NOR SF og Statkraft SF, kunne bli veldig høgt. Alternativa i høyingsutkastet var å setje terskelverdien til eit kronebeløp eller ein annan prosentsats (t.d. grunnbeløp). Departementet meinte at det burde setjast ein terskelverdi

som ikkje er for høg. Departementet bad om innspel frå høyningsinstansane på kva terskelverdi som bør gjelde for statsføretaka.

Departementet meinte det kunne vere grunn til å ta inn i lova ei føresegna som svarer til aksjelova § 3-9 første og andre ledd om konserninterne transaksjonar:

(1) Transaksjoner mellom selskaper i samme konsern skal grunnes på vanlige forretningmessige vilkår og prinsipper. Vesentlige avtaler mellom konsernselskaper skal foreligg skriftlig.

(2) Kostnader, tap, inntekter og gevinster som ikke kan henføres til noe bestemt konsernselskap, skal fordeles mellom konsernselskapene slik god forretningsskikk tilsier.

Føresegna gir uttrykk for eit viktig selskapsrettsleg prinsipp som departementet meinte det kunne vere viktig å lovfeste for statsføretaka òg. I høyningsnotatet foreslo departementet at dette blir gjort ved ei tilvising til aksjelova § 3-9, sjå § 3-14 i lovframlegg i høyningsnotatet. Transaksjonar mellom føretaket og staten fell utanfor den nemnde føresegna fordi staten ikkje står i noko konsernforhold til statsføretak han eig. Departementet meinte likevel at prinsippet i aksjelova § 3-9 første ledd om at transaksjonar skal grunnast på vanlege forretningmessige vilkår og prinsipp, burde også gjelde for transaksjonar føretaket gjer med staten. Det vart derfor teke inn ei føresegna om dette i lovframlegg i høyningsnotatet § 3-14. Aksjelova § 3-9 tredje ledd inneheld ei særforesegna om at summen av utbyte og konsernbidrag ikkje må overstige ramma for utbyte. Departementet la til grunn at konsernbidrag frå eit statsføretak er lite praktisk for statsføretak, og tok derfor dette ikkje inn i føresegna.

## 7.3 Synspunkt frå høyningsinstansane

### 7.3.1 Forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling

Departementet foreslo ein ny regel i § 3-3 som gir styret både rett til å foresla forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling, plikt til å grunngi framlegg og plikt til å utarbeide ei forklaring for verdsetjinga dersom innskotet frå staten er andre formuesverdiar enn pengar. Departementet bad særleg om innspel frå høyningsinstansane på dette.

*Bane NOR SF og Norsk Helsenett SF* er samde i vurderingane til departementet og uttrykkjer at dei støttar framlegget.

*Statkraft SF* meiner at føresegna er unødvendig fordi styret ikkje treng heimel i lov for å fremje eit slikt framlegg, samstundes som at det er openbart at framlegget må vere gjennomarbeidd og grunngitt for at eigardepartementet skal ville gå vidare med saka.

### 7.3.2 Registrering av forhøging av innskotskapitalen i Føretaksregisteret

*Brønnøysundregistera* meiner at innskotskapitalen bør vere ytt fullt ut før meldinga om kapitalforhøginga blir send til Føretaksregisteret, og ikkje seinast samstundes med at meldinga blir send, slik departementet foreslo i høyningsnotatet. *Brønnøysundregistera* underbyggjer dette med harmoniseringa med ny § 2-5 i lovframlegget, der departementet foreslår at innskotet frå staten skal vere ytt fullt ut før statsføretaket ved etablering blir meldt til Føretaksregisteret. Vidare viser dei til den tilsvarende føresegna i aksjelova § 10-9 andre ledd første punktum som fastset at kapitalforhøginga skal vere ytt fullt ut før kapitalforhøginga blir meld til Føretaksregisteret. I tillegg peiker dei på at i framlegget til ny § 3-4 andre ledd andre punktum er det vist til at § 2-5 andre ledd andre til femte punktum gjeld tilsvarende, som fastset at det i meldinga til Føretaksregisteret skal opplystast om at statsføretaket har fått innskotet.

### 7.3.3 Ulovlege utdelingar – medverkaransvar

Departementet bad om synspunkt frå høyningsinstansane om behovet for ein regel om medverkaransvar ved ulovlege tildelingar, tilsvarende som i aksjelova.

*Statkraft SF* støttar å ta inn tilsvarende reglar som i aksjelova om kva som er lovlege og ulovlege utdelingar.

*Statkraft SF* meiner at statsføretakslova i likskap med aksjelova bør ha reglar om medverkaransvar, og skriv følgande:

«Ettersom det er staten som har mottatt eventuelle ulovlige utdelinger, og denne forutsettninga vil være i stand til å tilbakebetale beløpet, ser KDD ikke noe behov for regler om et medvirkeransvar. Statkraft er enig i at statens tilbakebetalingsansvar gjør det lite sannsynlig at en ulovlig utbetaling fra et statsføretak skal føre til noe endelig tap for selskapets kreditorer. Ut fra det generelle utgangspunkt at statsføretaksloven bør være mest mulig lik aksjelovgivningen mener vi likevel at statsfore-

taksloven bør ha regler om medvirkeransvar tilsvarende hva man finner i aksjeloven.»

### **7.3.4 Regulering av avtalar mellom statsføretaket og medlemer av leiinga i statsføretaket – terskelverdi**

*Bane NOR SF* er samd i vurderingane frå departementet om at ein terskelverdi på 2,5 prosent kan bli for høg for nokre statsføretak, og at departementet derfor bør setje ein terskelverdi som er lågare enn i aksjelova.

*Statkraft SF* gir uttrykk for at ei slik føresegna ikkje er praktisk for dei, og skriv følgande:

«Statkraft vil vise til at det for vårt vedkommende er vanskelig å tenke seg avtaler mellom Statkraft SF og de nevnte personer om annet enn lønns- og arbeidsvilkår, eller erverv av grunn eller rettigheter hvor en av de nevnte personer er en av flere grunn- og rettighets-havere som berøres av et av Statkrafts utbyggingsprosjekter. Disse avtalene vil imidlertid være unntatt fra behandling i foretaksmøtet i kraft av sin art, se lovforslaget § 3-13 (4).»

Statkraft SF er likevel samd i at terskelverdien bør vere lågare enn i aksjelova:

«I den grad kontraktsverdien skal være avgjørende for om en transaksjon mellom foretaket og styremedlem/daglig leder må behandles i foretaksmøtet, er Statkraft enig med departementet i at grensen bør settes lavere enn i aksjeloven (2,5 % av balancesummen). Etter vår oppfatning bør grensen settes uavhengig av selskapets verdi, men heller knyttes for eksempel til grunnbeløpet i folketrygden.»

*LO* meiner at avtalar med nærståande som hovudregel ikkje bør vere tillatne av omsyn til tilliten til styremedlemene og dei tilsette, og skriv følgande:

«Etter LOs syn tilsier hensynet til allmennhetens tillit til offentlig virksomhet i bred forstand, herunder statsforetakene, at det som hovedregel ikke bør være anledning til å inngå avtaler mellom ledelsen i selskapet og selskapet. Staten er eneier i statsforetak. Allmennheten bør derfor kunne ha samme tillit til ansatte og styremedlemmer i statsforetak som de har til statsansatte for øvrig.

*LO* mener hovedregelen bør være at avtaler med nærstående ikke er tillatt. Unntak kan være når det opplagt er i selskapets interesse at slike avtaler inngås, for eksempel dersom styremedlemmer påtar seg mindre oppdrag for selskapet utover det som inngår i styrerollen og det er oppdrag som ikke like gjerne kan utføres av andre. Slike unntak må være i selskapets interesse og de bør oppad begrenses til for eksempel 5G. Avtaler med verdi utover denne terskelen må godkjennes av foretaksmøtet.»

Uavhengig av spørsmålet om terskelverdi stiller *Bane NOR SF* spørsmål ved kor formålstenleg det er å ha ei regulering av avtalar mellom statsføretaket og leiinga i statsføretaket i statsføretakslova. Dei viser til BAHRs utgreiing og det handlingsrommet eigardepartementet har til å regulere slike problemstillingar i vedtekten på ein måte som er tilpassa det enkelte statsføretaket.

### **7.3.5 Konserninterne transaksjonar**

*Bane NOR SF* meiner at føresegna om at konserninterne transaksjonar mellom staten og statsføretaket skal skje på vanlege forretningsmessige vilkår, bør greiast nærmare ut eller ikkje vere ein del av loframleggget. *Bane NOR SF* underbyggjer dette som følger:

«Etter *Bane NOR SF*s oppfatning kan et lovrav om at alle transaksjoner mellom staten og statsforetaket skal skje på forretningsmessige vilkår, få uklare implikasjoner for finansieringsmodellen til *Bane NOR SF*, avtaleverket *Bane NOR SF* har med Samferdselsdepartementet (SD) og Jernbanedirektoratet (JDIR), samt «styringstriangelet» (SD-JDIR-Bane NOR SF) generelt. Dette fordi samfunnsoppdraget til *Bane NOR SF* gjør at reguleringene i avtaleverket med staten og styringssignaler som *Bane NOR SF* mottar fra staten, også er motiverert av andre forhold enn de forretningsmessige. Det vises i den forbindelse til begrunnelse for statlig eierskap og statens mål som eier, jf Statens eierskapsmelding, Meld. St. 6 (2022 – 2023), samt vedtekter for det enkelte statsforetak, hvor både hensyn til sikkerhet og bærekraft er forhold som fremheves.»

*Statkraft SF* er samd med departementet i at dette prinsippet bør kome til uttrykk i lova.

## 7.4 Vurderingar frå departementet

### 7.4.1 Forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling

Departementet er samd med *Statkraft SF* i at styret ikkje treng heimel til å foreslå forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling. Samstundes viser departementet til at aksjelova har ei slik føreseggn, og vurderer at det er viktig å bringe statsføretakslova meir i samsvar med føreseggnene i aksjelova der det ikkje er grunn til å ha ulikskapar mellom dei to lovene. Departementet er også samd med *Statkraft SF* i at kvart framlegg frå styret må vere godt grunngitt, men det inneber ikkje at det ikkje er nødvendig å regulere dette i lova. Departementet vurderer at ei slik føreseggn kan medverke til å bevisstgjere styret og framheve viktigeita av å gi eigardepartementet eit godt avgjerdsgrunnlag. Departementet vurderer derfor at den nye statsføretakslova bør ha ei slik føreseggn.

### 7.4.2 Registrering av forhøging av innskotskapitalen

Departementet er samd med Brønnøysundregistera i at fristen for registrering av forhøging av innskotskapitalen i Føretaksregisteret og fristen for innbetaling av innskot ved etablering av eit nytt statsføretak bør samsvare. Sjå framlegg til ny § 3-4 andre ledd.

### 7.4.3 Ulovlege utdelingar – medverkaransvar

Sjølv om det har vore eit viktig mål med revisjonen av lova å bringe ho meir i samsvar med aksjelova, har det også vore eit viktig mål at statsføretakslova ikkje skal innehalde føresegner som ikkje er praktiske problemstillingar for statsføretaka. Departementet held derfor fram med vurderinga i høyningsnoatet om at det ikkje er behov for at statsføretakslova inneheld ei føreseggn om medverkaransvar ved ulovlege utdelingar.

### 7.4.4 Regulering av avtalar mellom statsføretaket og medlemer av leiinga i statsføretaket – terskelverdi

Reguleringa av avtalar mellom selskapet og medlemer av leiinga i selskapet og deira nærliggande etter aksjelova § 3-8 har som formål å hindre at avtalar som ikkje er i selskapets interesse, blir inn-

gått, og beskytte minoritetsaksjonærar og kreditorar. *Statkraft SF* meiner at for statsføretak er problemstillinga ikkje praktisk, medan *LO* meiner at slike avtalar som hovudregel ikkje bør vere tillatne, men at det i einskilde tilfelle likevel kan vere aktuelt.

Departementet vurderer at formålet med ei slik føreseggn også gjer seg gjeldande for statsføretak, med unntak av det som handlar om å beskytte aksjonærane sidan statsføretak berre har ein eigar. For at problemstillinga skal vere aktuell, må terskelverdien ikkje setjast for høg, men heller ikkje for låg slik at føresegna blir unødvendig børefull for styra i statsføretaka. *LO* foreslår ein terskelverdi på fem gonger grunnbeløpet i folketrygda, som p.t. svarer til 620 140 kr. Departementet vurderer at eit beløp som er knytt opp mot grunnbeløpet i folketrygda kan vere oversiktleg for statsføretaka å forhalde seg til, samstundes som at beløpet blir justert ein gong i året. Departementet meiner at ein terskelverdi som svarer til eit beløp på to gonger grunnbeløpet i folketrygda (248 056 kr p.t.) kan vere et formålstenleg nivå. Terskelverdien er sett skjønsmessig ut frå ei vurdering av at det ikkje vil vere forholdsmessig å påføre statsføretaka mykje sakshandsaming rundt små verdiar. Samstundes påpeiker departementet at det er viktig å vurdere, etter at lova har teke til å gjelde, om terskelverdien fungerer slik den skal i tråd med formålet til føresegna. Dersom det ikkje er tilfellet, må departementet vurdere om terskelverdien bør endrast.

### 7.4.5 Konserninterne transaksjonar

Aksjelova § 3-9 har ei føreseggn som slår fast at «transaksjoner mellom selskaper i samme konsern skal grunnes på vanlige forretningsmessige vilkår og prinsipper» og vere skriftlege. I NOU 1996: 3 *Ny aksjelovgivning* s. 192 står det følgande om dette vilkåret:

«I dette ligger et krav om at det skal være likevekt i kontraktsforholdet når det gjelder partenes ytelse og vilkår ellers. Det som fremstår som en forretningmessig transaksjon mellom konsernselskaper, skal ikke innebære en ensidig verdioverføring fra ett selskap til et annet som ikke er forretningmessig begrunnet. I motsatt fall vil transaksjonen også kunne ha virkninger som er i strid med prinsippene i utkastet § 1-10 [tilsvarer loven § 3-6] som utdelinger fra selskapet.»

Omsyna bak føresegna er mellom anna å forhindre rettsstridig overføring av verdiar mellom selskap på kostnad av eit anna selskap i same konsernet. Transaksjonane skal vere rettferdige og skriftlege og forhindre kunstig internprising som kan brukast til å flytte overskot mellom selskap for å minimere skatt eller andre kostnader. Omsyna bak prinsippa i aksjelova gjeld òg for statsføretak som inngår i ein konsernstruktur.

Fleire av desse omsyna *kan* også gjere seg gjeldande for transaksjonar mellom staten og

statsføretaka, sjølv om staten ikkje står i eit konsernforhold til statsføretaket. Departementet vurderer likevel, mellom anna på bakgrunn av innspelet frå *Bane NOR SF*, at det er behov for nærare utgreiing om kva for konsekvensar ei slik føresegna kan føre til dersom den også skal gjelde mellom staten og statsføretak. Departementet meiner derfor at føresegna på noverande tidspunkt berre bør gjelde mellom selskap i same konsern. Sjå framlegg til ny § 3-14.

## 8 Føretaksmøte. Utøving av eigarmyndet til staten i statsføretak

### 8.1 Gjeldande rett

Statsforetaksloven kapittel 8 (§§ 38 til 42) har reglar om føretaksmøte. Føretaksmøtet svarer i hovudtrekk til generalforsamlinga i eit aksjeselskap og er det organet i føretaket der staten som eigar kan utøve eigarmyndet sitt.

Om føretaksmøtet står det mellom anna følgende i NOU 1991: 8 *Lov om statsforetak*, punkt 8.8.6 (side 62):

«Utvalget mener at statens eiermyndighet bare skal kunne utøves gjennom et særskilt organ, føretaksmøtet. Utenfor dette skal departementet ikke ha noen formell myndighet i foretaket. Ved å kreve at departementet treffer vedtak i føretaksmøtet vil det sikres en viss notoritet over hvilke vedtak som blir truffet. Fra føretaksmøtet skal det føres en protokoll som eventuelt vil kunne legges fram hvis det blir spørsmål om ansvar m.v. Protokolleringen fra føretaksmøtet vil også kunne være av betydning for statsrådens parlamentariske og konstitusjonelle ansvar for forvaltningen av statens eierinteresse i statsforetak.

Videre vil krav om et føretaksmøte gjøre det lettere å trekke grupper utenfor departementet inn i avgjørelsesprosessen. Se utkastets § 38 annet ledd om hvem som har rett til å være tilstede i føretaksmøtet og til å uttale seg der.

Utvalget legger dessuten særlig vekt på at ved å kreve at departementet bare kan utøve eiermyndighet i foretaket gjennom føretaksmøtet, vil dette demme opp for uformelle instrukser og beskjeder fra departementets tjenestemenn til foretaksledelsen. Slike uformelle kontakter vil lett medføre en uheldig uklarhet om hvor ansvaret for avgjørelser ligger, og bør derfor brukes med varsomhet.»

I Ot.prp. nr. 32 (1990–91) *Om lov om statsforetak*, punkt 7.3 (side 21), sluttar departementet seg til at myndeutøvinga til eigardepartementet bør kanaliserast gjennom føretaksmøtet.

Det som er gitt att ovanfor, er framleis gyldig. Reglane i statsforetaksloven om føretaksmøtet er utforma med utgangspunkt i reglane i aksjelova om generalforsamlinga, men er likevel vesentleg enklare enn reglane om generalforsamlinga. Dette heng først og fremst saman med at staten er eineeigar av føretaket og dermed har vedtaksmynne aleine i sakene som blir handsama i føretaksmøtet. Det er dermed ikkje behov for røystesetsreglar og andre reglar som byggjer på at det kan vere fleire deltagarar med vedtaksmynne. Av den same grunnen er det i statsforetaksloven heller ikkje behov for reglar om søksmål om ugylige vedtak og gransking etter krav frå eit mindretal av aksjeeigarane, sjå reglar om dette i aksjelova kapittel 5 V og VI.

Aksjelova kapittel 5 II har reglar om forenkla generalforsamlingshandsaming. Reglane kom inn i lova ved endringslov 14. juni 2013 nr. 40 og er seinare endra ved endringslov 16. juni 2017 nr. 71. Desse reglane opnar mellom anna for at generalforsamlinga kan haldast utan fysisk møte, inkludert ved hjelp av digitale hjelpemiddel.

Reglane i statsforetaksloven om føretaksmøtet føreset at representanten for staten deltek saman med leiinga av føretaket på føretaksmøtet. Eigar får tilsendt saksdokumenta og kan uttale seg om dei sakene som er oppe til handsaming, og blir med dette trekt inn i vedtaksprosessen. Det blir elles vist til det som er gitt att frå NOU 1991: 8 *Lov om statsforetak* ovanfor, om grunngivinga utvalet hadde for føretaksmøtet.

Ved endringslov 28. mai 2021 nr. 51, som tok til å gjelde 1. juni 2021, vart føresegnene i statsforetaksloven om møte og protokollsøring endra slik at det blir lagt til rette for at sakshandsaminga i styret og føretaksmøtet kan skje utan fysiske møte, og at protokollar kan signerast digitalt. Departementet foreslår å føre vidare desse endringane.

I det som er gitt att frå NOU 1991: 8 *Lov om statsforetak* ovanfor, peiker utvalet på at å utøve eigarmyndet gjennom føretaksmøtet vil hindre at tenestepersonar frå eigardepartementet gir uformelle instruksar og beskjedar til føretaksleiinga.

Slike instruksar og beskjedar vil lett, på uheldig vis, kunne føre til at det blir uklart kvar ansvaret og avgjerdene ligg, og må brukast med varsemd. Det som står i NOU-en om kontakt mellom eigar-departementet og føretaksleiinga utanfor føretaksmøtet, er framleis gyldig. Problemstillinga er mellom anna utdjupa i punkt 7 i notatet *Statsrådens forvaltning av statens eierskap i selskaper som staten eier alene eller er deleier i: Forholdet til Stortinget og selskapets ledelse*, som Nærings- og fiskeridepartementet fekk 9. oktober 2017. Seinare er spørsmålet mellom anna handsama i Meld. St. 6 (2022–2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap – Statens direkte eierskap i selskaper*, der det i punkt 12.1 mellom anna står:

«Staten avholder regelmessige møter med selskapet. Dette og annen kontakt med selskapet omtales som eierdialog. I eierdialogen kan staten ta opp forhold, stille spørsmål og formidle synspunkter som selskapet kan vurdere i tilknytning til sin virksomhet og utvikling. Dette er innspill til selskapet, og ikke instrukser eller pålegg. Styret skal forvalte selskapet i selskapets og aksjonærfellesskapets interesse,

og skal selv foreta konkrete avveininger og beslutninger. Saker som krever tilslutning fra eierne, må behandles på generalforsamlingen.»

## 8.2 Framlegget i høyningsnotatet

Departementet foreslo i høyningsnotatet å vidareføre dagens føresegner om føretaksmøtet. Føresegnerne er til ein viss grad basert på reglane om generalforsamlinga i aksjelova kapittel 5, men er atskilleg enklare enn desse.

## 8.3 Synspunkt frå høyningsinstansane

Ingen av høyningsinstansane hadde synspunkt om framlegget til føresegner om føretaksmøtet.

## 8.4 Vurderingar frå departementet

Departementet held fram med framlegget, sjå framlegg til nytt kapittel 4.

## 9 Styre og dagleg leiar

### 9.1 Gjeldande rett

Reglane om styre og administrerande direktør i statsføretak er samla i kapittel 5 og 6 i statsføretaksloven.

Styret og administrerande direktør i føretaket utgjer leiinga i føretaket. Føresegnerne er utforma etter mønster av aksjelova, men er atskilleg enklare enn reglane der.

Paragraf 18 i lova fastslår at eit statsføretak blir leidd av eit styre og ein administrerande direktør. Dette svarer til leiinga i eit aksjeselskap, sjå aksjelova kapittel 6.

Dei nærmere reglane om styret går fram av §§ 19–25 i lova. Paragraf 19 regulerer samansetjinga av styret m.m., § 20 gjeld styrerrepresentasjonen til dei tilsette, § 21 gjeld tenestetida til styremedlemene, og § 22 gjeld opphør av styreverv før tenestetida er gått ut. Myndet til styret er nærmere regulert i § 23. Paragrafane 24 og 25 har nærmere reglar om styremøte, når noko er å rekne som vedtaksført, og fleirtalskrav.

Paragrafane 26 og 27 inneholder reglar om administrerande direktør i føretaket og myndet til administrerande direktør.

Paragrafane 28, 29 og 30 inneholder reglar av meir generell karakter, mellom anna om habilitet (§ 28), forbod mot å ta imot gaver m.m. (§ 29) og opplysningsplikt for styret i datterselskap overfor leiinga i statsføretaket, det vil seie i morføretaket (§ 30).

Statsføretaksloven kapittel 6 gjeld representasjon av statsføretaket utetter og består av to paragrafer. Paragraf 31 gjeld retten styret og administrerande direktør har til å representera føretaket, og § 32 regulerer konsekvensane av at nokon som representerer selskapet utetter, overskrid det vedkommande har rett til på vegner av føretaket.

Statsføretaksloven kapittel 7 har reglar i §§ 33 til 37 om bedriftsforsamlinga i statsføretaket. Reglane om bedriftsforsamlinga er i utgangspunktet utarbeidde etter mønster av reglane om bedriftsforsamlinga i aksjelova av 1976. Bedriftsforsamlinga har likevel andre oppgåver i eit statsføretak enn i eit aksjeselskap. I motsetning til det som gjeld i aksjeselskap etter aksjelova § 6-35

første ledd, jf. allmennaksjelova § 6-37 første ledd, er det i eit statsføretak føretaksmøtet som vel styret til føretaket. Bedriftsforsamlinga har ikkje vedtaksmynde i saker om større investeringar m.m. slik som i aksjeselskap, jf. aksjelova § 6-35 første ledd, jf. allmennaksjelova § 6-37 fjerde ledd. Dei sentrale oppgåvene til bedriftsforsamlinga i statsføretak er dermed avgrensa til å føre tilsyn med forvaltninga av føretaket, gje fråsegner i saker som skal behandlast på føretaksmøtet, og vedta anbefalingar til styret.

### 9.2 Framlegget i høyningsnotatet

Departementet foreslo i all hovudsak å vidareføre dagens føresegner om styre og dagleg leiar og endre dei føresegnerne der det har vore endringar i aksjelova. For nokre føresegner vurderte departementet likevel at det ikkje var formålstenleg for statsføretaka å ha tilsvarande føresegner som i aksjelova.

Departementet gjekk i høyningsnotatet inn for å vidareføre framleggingsplikta i dagens § 23 andre og tredje ledd i framlegget til ny § 5-11 i høyningsnotatet. Departementet foreslo også å føre vidare § 5 i framlegget til § 5-11. Departementet vurderte at føresegna høyrer heime i § 5-11 om særskilde avgrensingar i myndet til styret. Føresegna presiserer at statsføretaket kan vedtektsfeste avgrensingar i høvet styret har til å ta opp lån og til å stille garantiar.

Departementet bad særskilt om innspel på om plikta til å oversende styreprotokoll til eigardepartamenta etter dagens § 24 tredje ledd tredje punktum skulle vidareførast, om føresegna om gáveforbod for dei tilsette skulle vidareførast etter gjeldande lov § 29, og om behovet for at statsføretakslova inneholder eigne føresegner om openheit kring godtgjersle.

Departementet foreslo å sløyfe føresegna i statsføretaksloven § 18 som fastset at eit statsføretak skal vere leidd av eit styre og ein administrerande direktør. Departementet vurderte at føresegna skaper uklarleik om ansvarsfordelinga mellom styret og dagleg leiar. Det er styret som har

det overordna ansvaret for å forvalte (leie) føretaket. Styret er overordna dagleg leiar og kan gi han eller ho instruks i alle saker. Føresegna kan gi eit misvisande inntrykk av at styret og dagleg leiar er meir likeverdige enn dei er. Vidare meinte departementet at føresegna ville vere overflodig fordi det følger av høyingsframlegg i §§ 5-1 og 5-2 at statsføretak skal ha styre og dagleg leiar. Oppgåvene og myndet deira kjem fram av kapittel 5 II og III i framlegg. Departementet foreslo også å endre frå «administrerende direktør» til «dagleg leiar» for å ha same omgrepss bruk som i aksjelova.

Departementet foreslo også ei føresegns i framlegg til § 5-9 i høyingsnotatet som svarer til aksjelova § 6-10 om godtgjersle til styremedlemmer, varamedlemer og observatørar. Føresegna i aksjelova § 6-10 regulerer ikkje storleiken på godtgjersla nærmare, men fastslår at ho blir fastsett av generalforsamlinga. Det er i samsvar med praksisen. Dessutan fastslår aksjelova § 6-10 andre punktum at retten til godtgjersle for styremedlemmer fell bort ved konkurs i selskapet. Som følge av at staten som eigar etter lovendringa i 2002 har eit avgrensa ansvar for forpliktingane til statsføretaket, kan også eit statsføretak gå konkurs. Departementet vurderte derfor at det også i statsføretakslova kunne vere behov for ei føresegns etter mønster av aksjelova § 6-10 andre punktum.

Departementet foreslo å ikkje føre vidare reglane om bedriftsforsamling fordi det i praksis ikkje har vore noko interesse for å ha bedriftsforsamlingar i statsføretak. Departementet peikte på at ein konsekvens av dette er at dei tilsette i alle statsføretak med meir enn 200 tilsette skal ha slik utvida styrerepresentasjon som dei i dag skal ha i føretak der det blir inngått avtale om ikkje å ha bedriftsforsamling, det vil seie at dei skal velje éin styremedlem eller to observatørar i tillegg til den representasjonen dei elles skulle hatt. Departementet foreslo reglar om dette i framlegg i høyingsnotatet § 5-3 tredje ledd.

## 9.3 Synspunkt frå høyingsinstansane

### 9.3.1 Retten tilsette har til å velje styremedlemer og bedriftsforsamling

*Statkraft SF* er positive til at føresegnsene om representasjonsrett i statsføretakslova blir i samsvar med føresegnsene i aksjelova, og viser til at dei tilsette ofte vil vere representerte også i styra i datterselskap organiserte som aksjeselskap, og det vil kunne gi unødvendig meir arbeid om valføresegnsene er ulike.

*Statkraft SF* og *LO* støttar å ikkje vidareføre dagens føresegner om bedriftsforsamling.

### 9.3.2 Openheit kring løn og godtgjersle for leiinga i føretaket

*Norsk helsenett SF* og *Statkraft SF* meiner at det ikkje er grunn til at statsføretakslova skal ha eigne føresegner om openheit kring løn og godtgjersle fordi alle dei åtte statsføretaka har regulert dette i vedtekten sine. *LO* ser ingen grunn til ikkje å lovfeste plikt til openheit om løn og anna godtgjersle for leiinga.

### 9.3.3 Forvaltning av statsføretaket

*Enova SF* meiner at framlegg til ny § 5-10 første ledd om at styret skal fastsetje budsjett og planar for statsføretaket, er ei føresegns som kan innebere ei endring i ansvarsfordelinga mellom eigardepartementet, styret og dagleg leiar i statsføretaket.

Vidare meiner *Enova SF* at framlegg til ny § 5-10 tredje ledd om at styret skal halde seg orientert om gjennomføringa av formålet og den økonomiske stillinga til statsføretaket, er ei ikkje ubetydeleg endring frå gjeldande rett. Etter statsføretaksloven § 23 skal styret sørge for at verksamda blir driven i samsvar med formålet og med vedtekter og rettleiing fastsette av føretaksmøtet. *Enova SF* meiner at det ikkje kjem tydeleg fram i høyingsnotatet kva som er grunngivinga for endringa i ansvaret til styret, utover at framlegg følger aksjelova og er meir detaljert enn gjeldande lov.

*Statkraft SF* meiner at eit krav om budsjett for statsføretak vil føre til administrativt arbeid utan reell betydning for økonomistyringa i selskapet. Dei peiker på at i *Statkraft SF* er det svært få økonomiske transaksjonar fordi all forretningsverksamd går føre seg i dei underliggende aksjeselskap til *Statkraft*.

### 9.3.4 Særlege avgrensingar i myndet til styret – deltaking i samarbeidsforhold

*LO* meiner at framlegg til § 5-11 tredje ledd bør bli ført vidare sjølv om staten sitt garantiansvar er oppheva. Dei meiner at samarbeidsforholda som føresegna regulerer, kan påføre statsføretaket ansvar som i visse omstende kan svekke moglegheita for å oppnå dei sektorpolitiske måla til statsføretaket.

*Statkraft SF* peiker på at deltaking i slike samarbeidsforhold er lite praktisk for dei etter

omorganiseringa dei hadde i 2004, og i praksis er det datterselskapa av Statkraft SF som eventuelt deltek i slike samarbeid. *Statkraft SF* har derfor ingen synspunkt på framlegget frå departementet om å føre vidare føresegna no som staten sitt garantiansvar er oppheva.

### 9.3.5 Inabilitet

NVE støttar at statsføretakslova har ei føresegn om inhabilitet, men meiner at føresegna også bør gjelde for dei tilsette, ikkje berre for styremedlemene. NVE viser til samanhengen med gáveforbodet i framlegget til § 5-27 som gjeld for alle tilsette, og som er grunna på omsynet til tilliten til statsføretaka. NVE meiner derfor at det vil styrke tilliten til statsføretaka dersom føresegna om inhabilitet også gjeld for dei tilsette.

*Statskog SF* støttar at også den nye lova om statsføretak har ei føresegn om inhabilitet i tråd med tilsvarende føresegn i aksjelova.

### 9.3.6 Gáveforbod

*Statkraft SF* ser ikkje behovet for å føre vidare eit forbod mot å ta i mot gáver. Dei viser til at aksjelova ikkje har ei tilsvarende føresegn, og at eit forbod mot at styret eller dei tilsette skal ta i mot slike gáver, vil følge av dei alminnelege føresegne i straffelova § 387 om utruskap, grov utruskap eller påverknadshandel.

*Statskog SF* støttar ei føresegn om gáveforbod.

NVE peiker på at framlegget frå departementet også omfattar mellom anna ektefellar og personar som vedkomande bur med, men at forbodet mot gáver i statstilsettelova § 39 ikkje omfattar ein slik utvida personkrets. NVE meiner derfor at departementet bør vurdere nærmare i forarbeida kva som er bakgrunnen for ein slik skilnad.

### 9.3.7 Plikt til å sende styreprotokoll til eigardepartementet

*Advokatforeningen* meiner at departementet ikkje bør føre vidare føresegna om å sende styreprotokoll til eigardepartementet fordi ho bryt med det alminnelege prinsippet om forholdet mellom eigar og styret.

*Bane NOR SF* har ingen synspunkt om føresegna bør førast vidare eller ikkje, men meiner at fristen på 14 dagar bør bli forlengd i samsvar med arbeidsmåten til styra.

*Enova SF* ser det i utgangspunktet ikkje som problematisk at føresegna blir ført vidare, men

peiker på at det kunne vore meir naturleg å regulere eit slikt krav i vedtekten.

*NHH* peiker på at den delen av grunngivinga for føresegna som gjeld staten sitt tidlegare garantiansvar, moglegvis framleis har gyldigheit fordi konsekvensane av insolvens vil vere minst like alvorlege som før.

*LO* ser omsyna som taler både for og imot ei plikt til å sende styreprotokollen til eigardepartementet, men meiner likevel at omsynet til openheit og politisk innsyn bør vege tyngst, og at føresegna derfor bør førast vidare.

*Norsk helsenett SF* meiner at ei slik plikt ikkje bør vere regulert i lova, men heller kan avtalast mellom statsføretaket og eigardepartementet gjennom eigarstyringa. Vidare er *Norsk helsenett SF* kritisk til fristen på 14 dagar, som dei meiner at departementet bør fjerne, og foreslår at statsføretaka får ei plikt til å sende styreprotokollen etter at han er godkjend.

*Statkraft SF* peiker på at styret i Statkraft SF handsamar få saker fordi verksemda blir drifta i Statkraft AS og datterselskapa deira. Statkraft SF meiner at statsføretakslova i størst mogleg grad bør vere lik aksjelova som ikkje har eit slikt krav, heller ikkje for statsaksjeselskapa. Som departementet også peikte på i høyningsnotatet, meiner Statkraft SF at å sende over styreprotokollen kan føre til uklarleik om kva ansvar statsråden har eller ikkje har for styret si leiing av statsføretaket.

*Statskog SF* har ingen kommentar utover at dei ikkje ser på føresegna som uforholdsmessig børefull.

## 9.4 Vurderingar frå departementet

### 9.4.1 Retten tilsette har til å velje styremedlemer og bedriftsforsamling

Dei høyningsinstansane som uttalte seg om framlegget frå departementet om føresegne knytte til retten tilsette har til å velje styremedlemer, og framlegget om å ikkje føre vidare føresegner om bedriftsforsamling, var positive til dette. Bedriftsforsamlinga i eit statsføretak vil i utgangspunktet ha ei anna og meir avgrensa rolle enn i eit aksjeselskap. Erfaringa syner at det har vore litra interesse for å ha bedriftsforsamlingar i statsføretak, og ingen av dagens statsføretak har bedriftsforsamling.

Departementet opprettheld derfor framlegget om å avvikle reglar om bedriftsforsamling i statsføretak og viser til ny §§ 5-3 og 5-4 om retten tilsette har til å velje styremedlemer.

#### **9.4.2 Openheit kring løn og godtgjersle for leiinga i føretaket**

Departementet peikte i høringsnotatet på at alle dei åtte statsføretaka har vedtekter om openheit kring løn og godtgjersle for leiinga i selskapet, og at det på noverande tidspunkt ikkje er behov for å ha eigne føresegner om dette i statsføretakslova. Fleirtalet av høringsinstansane som uttalte seg om dette, var også samde i at det ikkje var eit slikt behov no. Departementet legg til grunn at dersom staten opprettar fleire statsføretak, vil desse også regulere slike forhold i vedtekene, jf. *Statens retningslinjer for lederlønn i selskaper med statlig eierandel*. Departementet foreslår derfor ikkje eigne føresegner om dette i den nye statsføretakslova.

#### **9.4.3 Forvaltning av statsføretak**

Departementet vurderer at framlegget om å ta inn aksjelova § 6-12 i ny statsføretakslov § 5-10 ikkje endrar ansvarsfordelinga mellom eigardepartement, styret og dagleg leiar. Statsforetaksloven § 23 om myndet til styret regulerer også avgrensingar i myndet til styret. Dette er no foreslått som ei eiga føreseg i ny § 5-11. Myndet til styret må sjåast i samanheng med ansvaret og forpliktingane til styret. Styret sitt mynde i statsføretak kan samanliknast med styret i andre selskapsformer der ansvar og mynde heng saman. Myndet og ansvaret til styret er ikkje annleis enn myndet og ansvaret til styret i andre selskapsformer. Myndet til styret blir også avgrensa av andre føresegner i statsføretakslova, og brot på ansvaret kan føre til erstatnings- eller straffansvar. Departementet vurderer at det er meir naturleg at styret fastset planar, budsjett og retningslinjer enn føretaksmøtet.

*Statkraft SF* peikte på at eit krav om budsjett for statsføretak vil føre til administrativt arbeid utan reell betydning for økonomistyringa i statsføretakket, fordi forretningsverksemda i Statkraft blir driven i underliggjande verksemder. Departementet er kjent med at forretningsverksemda også blir driven i dei underliggjande verksemndene i Bane NOR SF. Samstundes peiker departementet på at det bør vere like krav for alle statsføretaka i statsføretakslova. Departementet vurderer derfor at det bør vere eit krav om budsjett for statsføretak. Eit budsjett heng saman med og konkretiserer planar for verksemda gjennom å gi oversikt over forventa utgifter og inntekter. Budsjettet har derfor ein viktig informasjonsverdi, både internt og eksternt.

#### **9.4.4 Særlege avgrensingar i myndet til styret – deltaking i samarbeidsforhold**

Det er ingen høringsinstansar som er imot å føre vidare avgrensinga i myndet til styret i framlegget til § 5-11. Departementet opprettheld framlegget fordi det er eit av få særtrekk ved statsføretaksforma som gir eigardepartementet høve til å reagere i særskilde saker.

#### **9.4.5 Inabilitet**

Departementet er samd med NVE i at det kan vere ein viss samanheng mellom føresegna om inabilitet og gáveforbodet i statsføretakslova.

Samstundes skal føresegna om inabilitet forhindre at styremedlemer og dagleg leiar tek avgjerder som ikkje varetok interessene til statsføretak på ein tilfredsstillande måte. Styremedlemer og dagleg leiar har ei overordna plikt til å fremje desse interessene, i motsetning til dei tilsette. Dei tilsette tek ingen avgjerder som direkte påverkar styringa av statsføretakket. Departementet vurderer at gáveforbodet er ei tilstrekkeleg føreseg i for å sikre at liknande omsyn blir varetekne når dei tilsette utfører oppgåvene sine i statsføretakket.

#### **9.4.6 Gáveforbod**

Departementet vurderer at det er eit behov for å føre vidare føresegna om gáveforbod som gjeld for dei tilsette og dei med tillitsverv. Sjølv om føresegna har mønster av gáveforbodet i statstilsettelova, og dei tilsette i statsføretak ikkje er statstilsette, er det likevel viktig å oppretthalde tilliten til statsføretaka der staten er einaste eigar. Departementet vurderer at ei slik føreseg, som forbyr dei tilsette å ta imot gáver som mellom anna kan påverke kven dei vel som leverandørar, vil medverke til dette. Når det gjeld NVE sitt høringsinnspele, vurderer departementet at dei same omsyna gjeld for personkretsen som er nemnd i framlegg til § 5-27 andre ledd, som i all hovudsak førar vidare § 29 andre ledd i gjeldande lov. Departementet har ikkje fått nokon innspele på at personkretsen er for vid, eller at han ikkje fungerer som han skal. Dersom det i framtida kjem innvendingar om at personkretsen verkar lite føremålsatenleg, kan departementet vurdere dette igjen på et seinare tidspunkt.

Føresegnene i straffelova §§ 387 flg. om utruskap, grov utruskap eller påverknadshandel som *Statkraft SF* viser til, har ein høgare terskel for bruk enn gáveforbodet i statsføretakslova.

Departementet opprettheld framlegget, sjå § 5-27.

#### **9.4.7 Plikt til å sende styreprotokoll til eigardepartementet**

Lovreguleringa av at styreprotokollar skal sendast eigardepartementet er særskild for statsføretak og har ikkje parallel i anna selskapslovgiving. Frå forarbeida til statsføretaksloven kjem det fram at ordninga må sjåast i samanheng med den sektorpolitiske rolla til statsføretaka som tilseier at eigardepartementet bør ha noko større innsyn i verksamda i statsføretaka enn i verksemder som blir drivne som aksjeselskap. Somme av høyringinstansane peiker på at ei slik føresegna bryt med alminnelege prinsipp om forholdet mellom eigar og styre.

Departementet meiner at styreprotokollen kan ha ein verdi som opplysningskjelde, og at føresegna kan vere verd å vidareføre. Styreproto-

kollen gir eit referat av dei sakene som er handsama i styret, og gir såleis departementa eit etterfølgande hove til å halde seg orienterte om kva saker som har vore oppe til styrehandsaming. Etter departementet si vurdering vil ikkje den informasjonsdelinga som føresegna inneber, endre ansvarsforholdet mellom eigar og styre. Vidare vil departementet påpeike at plikta til å sende over styreprotokollar ikkje er uforholdsmessig børefull for statsføretaka.

Enkelte av høyringinstansane peiker på at plikta til å oversende styreprotokollen kan gå fram av vedtekten. Sjølv om ei slik plikt kan vere regulert i vedtekten, meiner departementet at dette er ei plikt som bør vere lik for alle statsføretaka.

Departementet er samd med dei av høyringinstansane som meiner at fristen for å sende styreprotokollen til eigardepartementet bør bli utvida i samsvar med arbeidsmåten til styra, sjå framlegg til ny § 5-28 fjerde ledd.

## 10 Revisjon

### 10.1 Gjeldande rett

Føresegner om revisjon og gransking er samla i dagens kapittel 9 i lova. Dei tre føreseggnene gjeld plikta til å ha revisor, høvet føretaksmøtet har til å setje i verk gransking av statsføretaket og Riksrevisjonens kontroll.

### 10.2 Framlegget i høringsnotatet

Departementet foreslo i høringsnotatet å avløyse statsføretaksloven kapittel 9 om revisjon og gransking med nytt kapittel 6. Departementet foreslo å dele det nye kapittelet inn i nokre fleire paragrafer enn i den gjeldande lova og utforme desse etter aksjelova kapittel 7.

Departementet foreslo å ikkje føre vidare særlege reglar om gransking i statsføretakslova ettersom gransking av selskap er ein del av minoritetsvernet i aksjeretten som ikkje er ei problemstilling i eit statsføretak. Staten som eineeigar av føretaket kan når som helst, og uavhengig av nærmere føresegner om dette i lova, vedta gransking av føretaket og gi nærmere føresegner om granskings temaet og gjennomføringa av granskinga.

Departementet foreslo å føre vidare plikta til å ha minst ein statsautorisert revisor uavhengig av storleiken på statsføretaket og dessutan føresegna om Riksrevisjonens kontroll.

Når det gjeld opphør av oppdraget til revisor og nyval av revisor, foreslo departementet å vise til aksjelova § 7-2 og § 7-3 første ledd som får lik bruk. Departementet også nye føresegner om revisjonsmelding og om retten og plikta som revisor har til å delta i føretaksmøtet, slik som i aksjelova §§ 7-4 og 7-5.

### 10.3 Synspunkt frå høringsinstansane

*Den norske Revisorforening* uttaler at framlegget til ny § 6-1 om føretaksrevisjon bør ha lik standardformulering som i revisorlova, og foreslår ei slik

formulering: «Eit statsføretak er revisjonspliktig etter revisorlova». Vidare meiner dei at føreseggnene om revisjon bør bli tilpassa attestasjon av berekraftsrapportering, slik som foreslått for AS og ASA i NOU 2023: 15 *Bærekraftsrapportering – Gjennomføring av direktivet om bærekraftsrapportering (CSRD)*.

### 10.4 Vurderingar frå departementet

Departementet er samd med *Den norske Revisorforening* i at det bør kome tydeleg fram i den nye statsføretakslova at eit statsføretak er revisjonspliktig etter revisorlova. Videre viser departementet til at dei nye reglane i rekneskapslova om rapportering av berekraft etter CSRD-direktivet gjeld for statsføretak som har plikt til å utarbeide berekraftsrapportering, jf. rekneskapslova § 1-2a første ledd nr. 7 og § 2-3. I berekraftsrapporteringa skal også taksonomiinformasjon inngå. Sjå Prop. 57 L (2023–2024) *Endringer i regnskapsloven mv. (bærekraftsrapportering)* for nærmere om dette. Statsføretaka har også før dette direktivet jobba lenge med berekraft, noko som kjem til syne gjennom ulike strategiar og rapportar.

I denne samanhengen viser departementet også til sosial berekraft og openheitslova som gjeld for større verksemder i Norge, jf. openheitslova § 2. Departementet legg til grunn at fleire av statsføretaka er ei «større virksomhet» etter definisjonen i openheitslova § 3 og dermed er omfatta av denne lova, sjá nærmere om dette i Prop. 150 L (2020–2021) *Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold (åpenhetsloven)* punkt 7.3.3. Verksemndene som er omfatta av openheitslova skal mellom anna utføre og gjere greie for aktsemdvurderingar i tråd med openheitslova §§ 4 og 5. Dette inneber å undersøke og styre risiko for den negative påverknaden verksemda har på menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve.

Sjå framlegg til ny § 6-1.

## 11 Statsføretaksendringar

### 11.1 Gjeldande rett

Dagens lov har ingen føresegner om statsføretaksendringar. Derimot har dagens lov ei føresegn om omdanning til statsføretak i § 55 som angir at ei statleg verksemnd eller verksemnd som eit heileigd statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap driv, kan i sin heilskap bli overført til eit statsføretak.

### 11.2 Framlegget i høyningsnotatet

Departementet foreslo å føre vidare gjeldande lov § 55 om omdanning av statleg verksemnd til statsføretak. I tillegg foreslo departementet fleire nye føresegner om statsføretaksendringar og at desse også skulle omfatte omdanning til statsføretak og omdanning frå statsføretak. Departementet foreslo å samle desse føreseggnene i kapittel 7 og gjeld desse føretaksendringane:

- fusjon (samanslåing) med anna statsføretak (§ 7-1)
- fision (deling) av statsføretak (§ 7-2)
- fusjon (samanslåing) av eit statsføretak med eit aksjeselskap eller allmennaksjeselskap som overtakande selskap (§ 7-3)
- fusjon (samanslåing) av eit heileigd statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap med eit statsføretak som overtakande føretak (§ 7-4)
- omdanning av statleg verksemnd til statsføretak (§ 7-5)
- omdanning av statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap til statsføretak (§ 7-6)
- omdanning av statsføretak til statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap (§ 7-7)

Departementet foreslo at dei nye føreseggnene til ein viss grad skulle vere like som i aksjelova og allmennaksjelova, og elles vise til desse lovene dersom dei får lik bruk.

### 11.3 Synspunkt frå høyningsinstansane

*Skattedirektoratet* uttaler at departementet burde vurdere nærmare om statsføretaksendringar kan bli gjennomførte med skattemessig kontinuitet. Viss ikkje påpeiker dei behovet for ei mogleg endring av skattelova slik at statsføretaksendringar kan skje utan å utløyse eit skattekrav.

*Statkraft SF* påpeiker at dei ikkje har vore involverte i fusjonar og fisionar, anna enn at verksemnd er lagd ut i datterselskap. Dei meiner likevel at statsføretakslova i likskap med aksjelovgivinga bør ha føresegner om fusjon, fision og omdanning.

### 11.4 Vurderingar frå departementet

Departementet viser til innspelet frå *Skattedirektoratet*. Statsføretak har plikt til å betale skatt, jf. skattelova § 2-2 første ledd bokstav f, men har fritak frå å betale skatt på formue, jf. skattelova § 2-36 første ledd bokstav d. Det er derimot ingen unntak frå retten og plikta til skattemessig kontinuitet etter skattelova § 11-7 for statsføretak. Departementet har i denne proposisjonen foreslått fleire typer omdanningar av statsføretak. Finansdepartementet vil vurdere behovet for å endre skattelova for å leggje til rette for at nye former for statsføretaksendringar kan gjennomførast utan å utløyse umiddelbar skattleggjing. Fram til eventuelle endringar av skattereglane er gjennomført, vil det ved ei planlagt omdanning av statsføretak vere mogleg å søke Finansdepartementet om skattefriheit etter skattelova § 11-22. Finansdepartementet kan berre samtykkje til skattefritak dersom vilkåra i skattelova § 11-22 er oppfylt.

Departementet held fram med framlegget til nye føresegner om føretaksendringar, sjå kapittel 7 i lovframlegget.

## 12 Oppløysing og avvikling

### 12.1 Gjeldande rett

Dagens lov har sju føresegner om oppløysing og avvikling samla i kapittel 10. Her kjem det fram at det er Kongen i statsråd som kan treffe vedtak om oppløysing av statsføretaket. Vidare er det føresegner om avviklingsstyre, melding til Føretaksregisteret og kreditorvarsel, dekning av fordringshavarar, endeleg oppløysing, ansvar for udekte forpliktingar og samanslutning med eit anna statsføretak.

### 12.2 Framlegget i høyringsnotatet

Departementet foreslo å føre vidare føresegnene i dagens lov i nytt kapittel 8, men med nokre justeringar i tråd med aksjelova, og flytte føresegna i dagens § 54 om samanslutning med anna statsføretak til nytt kapittel 7 om statsføretaksendingar.

I høyringsnotatet foreslo departementet å føre vidare føresegna om avviklingsstyre, sjølv om aksjelova ikkje lenger har ei slik føresegrn. Etter

aksjelova står det ordinære styret for avviklinga. Departementet viste til at eit statsføretak normalt vil vere samansett for å forvalte eit føretak under normal drift. Når det er vedteke å løyse opp og avvikle føretaket, er situasjonen ein heilt annan. Verksemda skal styrast mot avvikling der mellom anna omsynet til å vareta forholdet til kreditorane og medkontrahentane til føretaket står sentralt. Dette kan tilseie at det ordinære styret normalt bør avløysast av eit særskilt avviklingsstyre. Departementet påpeikte at framlegget om å føre vidare føresegna likevel ikkje står i vegen for at det ordinære styret blir valt til avviklingsstyre om dette er tenleg.

Departementet foreslo også ei ny føresegrn om avviklingsbalanse, utforma etter aksjelova § 16-10.

Ingen av høyringsinstansane hadde innspel til føresegnene om oppløysing og avvikling.

### 12.3 Vurderingar frå departementet

Departementet held fram med framlegget, sjå nytt kapittel 8.

## 13 Erstatnings- og straffansvar m.m.

### 13.1 Gjeldande rett

Dagens lov har tre føresegner samla i kapittel 12, som gjeld erstatningsansvar, straffansvar og myndet til føretaksmøtet om å treffe avgjerd om erstatningsansvar. Etter gjeldande rett kan styremedlemmer, medlemmer av bedriftsforsamlinga og administrerande direktør få erstatnings- og straffansvar.

Den gjeldande føresegna om erstatningsansvar i statsforetaksloven § 56 har mønster i aksjelova 1976 § 15-1. Det går fram av føresegna at ansvaret kan lempast.

Den gjeldande straffeføresegna i statsforetaksloven § 58 er utarbeidd etter mønster av aksjelova 1976 § 17-1 og har ein atskilleg mildare straffreaksjon ved brot på reglane i statsforetaksloven enn det som er fastsett i straffeføresegna i gjeldande aksjelov §§ 19-1 og 19-2.

### 13.2 Framlegget i høyingsnotatet

Departementet foreslo i ny § 9-1 at føresegna om erstatningsansvar for dagleg leiar, styremedlemmer m.m. blir utforma etter mønster av reglane i gjeldande aksjelov § 17-1.

Når det gjeld dei nærmere reglane om lemping av ansvar, vedtak om å fremje krav om erstatning, vedtak om ansvarsfridom og konkurrerande krav,

foreslo departementet at føresegna om dette i aksjelova §§ 17-2, 17-3, 17-5 og 17-6 blir gitt tilsvarende bruk i ny § 9-1 tredje ledd.

Departementet foreslo i ny § 9-2 at føresegna om straffansvar for medlemer av styret, dagleg leiar og revisor blir utforma etter aksjelova §§ 19-1 og 19-2.

Statsforetaksloven har ingen føresegner om rettargang og berekning av fristar. Departementet vurderte at føresegna om rettargang og berekning av fristar i aksjelova §§ 18-1, 18-3 og 18-4 også kunne ha betydning for statsføretak. Departementet foreslo at desse føresegna i aksjelova skulle få tilsvarende bruk ved tilvising til desse i ei føresegns i eit eige kapittel 10 i lovutkastet.

Ingen av høyingsinstansane hadde innspel til føresegna om erstatnings- og straffansvar og føresegna om rettargang og berekning av fristar.

### 13.3 Vurderingar frå departementet

Departementet vurderer at det ikkje er nødvendig å ha eit eige kapitel i lova for føresegna som viser til at føresegna om rettargang og berekning av fristar i aksjelova gjelder. Denne føresegna er derfor flytt til kapittel 9 i lovframlegget. Departementet held fram med resten av lovframlegget i kapittel 9.

## 14 Ikraftsetjing, overgangsføresegner og endringar i andre lover

### 14.1 Gjeldande rett

Dagens lov har føresegner om ikraftsetjing som oppheva den tidlegare lova om statsbedrifter, ei overgangsføresegn som angir at statsbedrifter måtte vere omdanna til statsføretak innan eitt år etter at statsforetaksloven tok til å gjelde, og ei føresegn om endringar i andre lover.

### 14.2 Framlegget i høyingsnotatet

Departementet foreslo ei føresegn om at Kongen fastset når lova trer i kraft, at føreseggnene kan tre i kraft til ulik tid, og at dagens statsforetakslov blir oppheva samtidig som ny lov trer i kraft. Også her foreslo departementet at Kongen kan oppheve dei enkelte føreseggnene til ulik tid.

Vidare foreslo departementet ei overgangsføresegn som slår fast at dei statsføretaka som er oppretta i kraft av den eksisterande lova, blir vidareførte i den nye lova. Departementet foreslo det same for forskrifter som er gitt i medhold av statsforetaksloven, det vil seie forskrift 24. august 2017 nr. 1278 om de ansattes rett til representasjon i styre og bedriftsforsamling mv.

Departementet vurderte det slik at ei ny lov om statsføretak ikkje ville krevje endringar i andre

lover, og såg ingen behov for å ha ei føresegn om endringar i andre lover.

Ingen av høyingsinstansane hadde innspel til føresegna om ikraftsetjing og overgangsføresegna.

### 14.3 Vurderingar frå departementet

Departementet vurderer at det ikkje vil vere nødvendig å oppheve dei enkelte føreseggnene til ulik tid, og har derfor teke dette ut frå lovforslaget. Samtidig vurderer departementet at ein bør ha moglegheita til å fastsetje nærmare overgangsføresegner i forskrift. Sjå framlegg til ny § 10-1 og § 10-2.

Departementet oppdaga i etterkant av høyingsrunden at ei ny lov om statsføretak vil likevel krevje endringar i andre lover. Dette gjelder lover som anten viser til statsforetaksloven i sin heilskap (vassfallrettighetslova og skattelova) eller lover som viser til konkrete føresegner i statsforetaksloven (føretaksregisterlova og lov om Innovasjon Norge). Departementet har derfor utarbeida ei føresegn som endrar desse lovene slik at dei viser til ny statsføretakslov. Dette medfører ingen materielle endringar i desse lovene. Sjå framlegg til ny § 10-3.

## 15 Økonomiske og administrative konsekvensar

Å oppheve den eksisterande statsføretakslova og vedta ei ny vil ikkje medføre økonomiske og administrative konsekvensar av betydning. Framlegget til ny lov vil ikkje gi vesentlege endringar i organiseringa av og styringspraksisen for statsføretaka som finst i dag. Lovendringane vil med-

føre ei tydelegare lov gjennom at det blir innført ei eiga formålsføresegn, og samtidig ei meir fleksibel lov gjennom innføringa av teknologinøytrale føresegner. Samla sett kan framlegget gi ein viss effektiviserings- og forenklingsgevinst.

## 16 Merknader til dei enkelte føresegna i lovframlegget

### Til § 1-1

Føresegna om formålet med lova er ny og har ikkje motstykke i gjeldande lov. Framlegget til departementet er nærmere omtalt i punkt 4.4.

Første punktum med formuleringa «berre kan eigast av staten» viser eigenarten ved statsføretaka. At eit statsføretak ikkje kan seljast, og at det er uaktuelt med andre eigarar ved sida av staten, markerer på ein særskild måte langsiktigkeit og stabilitet i det statlege eigarskapet for statsføretak.

Andre punktum med formuleringa «samfunnsoppdraget sitt» viser til at mange statsføretak er pålagde å utføre særskilde samfunnsmessige oppgåver ved lov eller anna vedtak frå styresmaktene.

Formuleringa «verksemda si» viser til statsføretak som ikkje har eit definert samfunnsoppdrag, det vil seie Statkraft SF i dag og eventuelle nye statsføretak staten opprettar som ikkje skal ha eit definert samfunnsoppdrag. Med verksemd viser ein her til vedtektsfesta verksemd, jf. framlegget i § 2-3 første ledd bokstav b. Dette inneber at alle statsføretak har ei verksemd, men ikkje nødvendigvis også eit definert samfunnsoppdrag. Formuleringa «samfunnsoppdraget sitt eller verksemda si» omfattar dermed alle dei åtte statsføretaka vi har i dag, og eventuelle nye statsføretak staten opprettar i framtida.

Formuleringa «effektivitet» inneber både formålseffektivitet og kostnadseffektivitet. Formålseffektivitet handlar om å velje dei beste tiltaka for å realisere formålet til det enkelte statsføretaket, medan kostnadseffektivitet handlar om effektiv utnytting av ressursar og innsatsfaktorar for å nå formålet. Statsføretaka skal drive på ein ansvarleg måte med tanke på økonomi og ressursbruk. Både eigarinteresser og tredjepartsinteresser skal takast vare på, og statsføretaka sitt ansvar for å forhindre konkurs inngår i dette. Omsynet til økonomisk, klima- og miljømessig og sosial berekraft inngår også i dette, jf. Meld. St. 6 (2022–2023) *Et grønnere og mer aktivt statlig eierskap – Statens direkte eierskap i selskaper*. Elles viser departementet til punkt 4.4 i proposisjonen.

### Til § 1-2

Føresegna fastlegg verkeområdet til lova og fører vidare gjeldande lov § 1.

### Til § 1-3

Føresegna fastslår at statsføretaket er eit eige rettssubjekt som sjølv kan ha rettar og forpliktingar m.m. Føresegna fører vidare gjeldande lov § 3. Ein må sjå føresegna i samanheng med § 2-6 i lovframlegget som angir at eit statsføretak, før det er registrert i Føretaksregisteret, ikkje kan pådra seg andre forpliktingar og erverve andre rettar utover det som står i stiftingsdokumentet.

### Til § 1-4

Paragrafen gjeld ansvaret staten har for forpliktingane til føretaket, og fører vidare gjeldande lov § 4 a som vart tilføydd ved lov 20. desember 2002 nr. 88.

*Første ledd* slår fast at staten ikkje heftar for forpliktingane til føretaket overfor kreditorane.

*Andre ledd* slår fast at staten ikkje pliktar å skyte inn kapital i føretaket utover det som følger av stiftingsdokumentet eller vedtak om forhøgning av innskotskapitalen. Føresegna svarer til aksjelova § 1-2.

### Til § 1-5

Føresegna definerer kva eit konsern er, og når eit statsføretak er eit morføretak i eit konsern. Føresegna avløyser gjeldande lov § 2 andre til fjerde ledd, men er tilpassa konsern definisjonen i gjeldande aksjelov § 1-3.

### Til § 1-6

Føresegna fører vidare gjeldande lov § 4 om forholdet til anna lovgiving, og angir at forvaltningslova og statstilsettelova ikkje gjeld. Føresegna angir berre kva lover som ikkje gjeld for statsføretaka. Dette betyr at alle andre lover gjeld for statsføretaka, med mindre noko anna står i dei enkelte

lovene. Tilvisinga til at tjenestetvistlova ikkje gjeld er teken ut i den nye føresegna. Tjenestetvistlova gjeld framleis ikkje for tilsette i statsføretaka med den nye lova, men dette følger av ei tolking av tjenestetvistlova § 1 som angir at lova gjeld arbeidstakarar som er tilsett i staten.

#### Til § 1-7

Paragrafen fastset at føresegna i statsføretakslova ikkje kan fråvikast i vedtekten, og fører vidare gjeldande lov § 6.

#### Til § 1-8

Føresegna gjeld utarbeiding og oppbevaring av statsføretaksdokumentasjon, og ho slår i tillegg fast eit prinsipp om teknologinøytralitet. Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov. Ho er utforma etter aksjelova § 1-6 om utarbeiding og oppbevaring av dokumentasjon. Føresegna er likevel oppdatert for å samsvare med framlegget til ny arkivlov som var på høyring i 2021.

*Første ledd* er utforma etter aksjelova § 1-6 første ledd, bortsett frå at føresegna i framlegget gjeld dokumentasjon som skal utarbeidast etter statsføretakslova, medan den tilsvarande føresegna i aksjelova gjeld dokumentasjon som skal utarbeidast etter aksjelova. Føresegna er teknologinøytral. Den krev at dokumentasjon som blir omfatta av føresegna, skal utarbeidast og forvaltast på forsvarleg vis slik at han vil ha verdi som informasjonskjelde for samtid og ettertid, uavhengig av teknologiske skifte. Viktig for dokumentasjon som er lagra digitalt er føresegna i første ledd andre punktum om at dokumentasjonen skal vere i ei form som kan lesast og bli forstått over tid. Det inneber at slik informasjon skal forvaltast på ein måte som sikrar at opphavet til informasjonen alltid er kjent, at det går fram i kva samanheng informasjonen er skapt og inngår i, at informasjonen ikkje blir endra og at informasjonen er tilgjengeleg på ein måte som ikkje avgrensar framtidig nytte, i tråd med framlegget til ny arkivlov som var på høyring i 2021. Kravet om at dokumentasjonen skal vere tilgjengeleg frå Norge inneber at det er forbode å føre ut av landet dokumentasjon som er lagra på fysiske medium. Digital dokumentasjon kan lagrast i utlandet så lenge det er mogleg å få tilgang til han gjennom skytenester og liknande.

*Andre ledd* er utforma etter aksjelova § 1-6 andre ledd, men er noko omformulert. Føresegna slår fast at krav om skriftlegheit i lova ikkje står i vegen for digitale løysingar. Føresegna har

mellom anna betydning for saker som skal leggjast fram skriftleg for eigardepartementet etter § 5-11 første ledd i lovframlegget.

*Tredje ledd* gir departementet heimel til å gi nærmere føresegner i forskrift og er identisk med aksjelova § 1-6 tredje ledd.

#### Til § 2-1

Føresegna fastset at vedtak om å opprette eit statsføretak skal gjerast av Kongen i statsråd. Vidare stiller føresegna krav om at vedtaket skal angi namnet på føretaket. Føresegna er identisk med § 7 i den gjeldande lova.

#### Til § 2-2

Føresegna inneholder nærmere reglar om stiftingsdokumentet som saman med statsrådsvedtaket etter § 2-1 utgjer stiftingsgrunnlaget for føretaket. Føresegna avløyser § 8 i gjeldande lov.

Etter *andre ledd* blir statsføretaket rekna for stifta når stiftingsdokumentet er oppretta. Dette er i samsvar med § 8 andre ledd første punktum i gjeldande lov. I § 8 andre ledd andre punktum i gjeldande lov heiter det at frå stiftingstidspunktet «[...] kan foretaket ha partsstilling som nevnt i § 3». Denne delen av føresegna er sløyfa i lovframlegget. Spørsmålet om når eit statsføretak kan ha rettar og forpliktingar, er i lovframlegget regulert i § 2-6.

#### Til § 2-3

Føresegna avløyser §§ 10 og 11 i gjeldande lov om minimumsinnhaldet i vedtekten og vedtektsendringar, sjå også punkt 6 om dette.

*Første ledd* avløyser § 10 i gjeldande lov, men stiller færre krav til innhaldet i vedtekten. Den nye føresegna er utforma etter mønster av aksjelova § 2-2 første ledd, men slik at føresegna er tilpassa statsføretaka.

#### Til § 2-4

Paragrafen fører vidare § 13 andre ledd i gjeldande lov, som stiller særlege krav til innhaldet i stiftingsdokumentet der innskotet frå staten er andre eidegar enn pengar. Tredje punktum om verdsetjinga av innskotet er utforma etter aksjelova § 2-6 første ledd nr. 4 og § 2-6 andre ledd, men framlegget er tilpassa statsføretaka. Reglane i framlegget om innskot med andre eidegar enn pengar er atskilleg enklare enn føresegna om dette i aksjelova. Sjå punkt 6 om grunnen til det.

**Til § 2-5**

Føresegna gjeld registrering i Føretaksregisteret og avløyser § 9 i gjeldande lov. Føresegna i framlegget er bygd ut litt i forhold til den gjeldande føresegna og er utforma etter modell av aksjelova § 2-18.

**Til § 2-6**

Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov, men har modell i aksjelova § 2-20 om når eit aksjeselskap kan pådra seg rettar og forpliktingar. Sjå nærmere omtale i punkt 6.

*Første ledd* angir at før føretaket er registrert i Føretaksregisteret, kan ikkje føretaket sjølv erverve andre rettar eller pådra seg andre forpliktingar overfor tredjepersonar enn dei som følger av stiftingsdokumentet eller av lov. Føretaket kan dermed på grunnlag av føresegner i stiftingsdokumentet inngå avtalar med bindande verknad om overtaking av bestemte formuesgjenstandar og pådra seg andre forpliktingar. Det kan også følge av føresegner i lova at føretaket kan erverve rettar og pådra seg forpliktingar før registreringa, mellom anna vil føretaket kunne inngå avtale med revisor, jf. § 2-2 første ledd bokstav c. Føresegna i § 9-1 om erstatningskrav mot styremedlemer føreset heller ikkje at selskapet er registrert.

*Andre ledd* angir at for forpliktingar som statsføretaket pådreg seg før registrering i Føretaksregisteret, gjeld aksjelova § 2-20 andre og tredje ledd tilsvarende. Det betyr mellom anna at for forpliktingar som er pådregne i namnet til statsføretaket før registreringa, og som føretaket ikkje heftar for etter stiftingsdokumentet eller lova, er det dei som har inngått forpliktinga, som er personleg og solidarisk ansvarlege når ikkje anna må reknast som avtalt med kreditor. Ved registreringa overtek føretaket forpliktinga. Frå same tidspunkt fell det personlege ansvaret bort.

**Til § 3-1**

Føresegna angir eit krav om at føretaket skal ha forsvarleg eigenkapital og likviditet. Føresegna avløyser § 12 første ledd i gjeldande lov, men er utforma etter modell av den tilsvarende føresegna i aksjelova § 3-4.

**Til § 3-2**

Føresegna pålegg handleplikt ved tap av eigenkapital. Føresegna avløyser § 12 andre og tredje ledd i gjeldande lov. Ho er utforma etter mønster

av handleplikta til styret etter aksjelova § 3-5, men er tilpassa statsføretaka. I framlegget er det presisert at eigardepartementet skal ha eit særleg varsel ved tap av eigenkapital m.m.

**Til § 3-3**

Føresegna gjeld forhøging av innskotskapitalen til staten etter stiftinga. Føresegna avløyser § 14 første og andre ledd i gjeldande lov, men er noko bygde ut i forhold til denne føresegna. Sjå punkt 7 om grunnen til det. Føresegna er utforma etter mønster av reglane om forhøging av aksjekapitalen i aksjelova kapittel 10 I, men er atskilleg enklare enn desse reglane og er tilpassa statsføretak.

**Til § 3-4**

Føresegna gjeld registrering av forhøginga i Føretaksregisteret. Føresegna avløyser § 14 tredje ledd i gjeldande lov, men er noko bygde ut i forhold til denne føresegna. Føresegna er utforma etter mønster av regelen om melding til Føretaksregisteret ved forhøging av aksjekapitalen i aksjelova kapittel 10 I, men er atskilleg enklare enn denne regelen og er tilpassa statsføretak.

**Til § 3-5**

Føresegna gjeld forhøging av innskotskapitalen til staten utan nyinnbetaling. Føresegna avløyser § 15 i gjeldande lov.

**Til § 3-6**

Føresegna gjeld utdeling av midlar frå føretaket til staten som eigar av føretaket.

*Første ledd* fastset at utdelingar berre kan skje etter reglane i lova om utbyte, nedsetjing av innskotskapitalen, fusjon og fisjon og tilbakebetaling etter opplysing av føretaket.

*Andre ledd* inneheld ein definisjon av kva som er ei utdeling etter lova, og som dermed er underlagt reglane i lova om dette. Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov, men har mønster i aksjelova § 3-6. Etter at staten gjennom lovendringa fekk avgrensa ansvar for forpliktingane til føretaket, bør dette ha som konsekvens at utdelingar av midlar frå føretaket til staten som eigar bør formaliserast etter tilsvarende reglar som dei som gjeld for aksjeselskap. Andre punktum angir at verdien skal bereknast til balanseført verdi, i motsetning til aksjelova. Sjå punkt 6.4.2 om grunnen til det.

*Tredje ledd* gir departementet tilsvarende forskriftsheimel som i aksjelova § 3-6 fjerde ledd andre punktum. Departementet kan nytte forskriftsheimelen dersom det i ei konkret utdeling er behov for å angi en anna verdi for utdelinga enn den balanseførte verdien.

#### *Til § 3-7*

Føresegna gjeld ulovlege utdelingar frå føretaket og er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna er utforma etter aksjelova § 3-7, men i forenkla form. Føresegna er grunna i at staten har avgrensa ansvar for forpliktingane til føretaket. Ein konsekvens av dette er at staten må ha den same plikta til å føre ulovlege utdelingar tilbake til føretaket som aksjeeigarar i aksjeselskap har etter aksjelova § 3-7.

#### *Til § 3-8*

Føresegna gjeld utdeling av utbyte til staten og avløyser § 17 andre ledd i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter mønster av aksjelova § 8-1 men er enklare enn denne. Dette har samanheng med at mellom anna særforesegna i aksjelova § 8-1 andre ledd om frådrag i utbyteramma ikkje er aktuell for statsføretaka.

#### *Til § 3-9*

Føresegna angir at det er føretaksmøtet som gjer vedtak om utdeling av utbyte. Føresegna avløyser § 17 tredje ledd i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter mønster av aksjelova § 8-2, men er enklare enn denne.

#### *Til § 3-10*

Føresegna gjeld nedsetjing av innskotskapitalen til staten og avløyser § 16 første ledd i gjeldande lov. Føresegna er bygd litt ut i forhold til gjeldande lov. Den er utforma etter mønster om nedsetjing av aksjekapitalen i aksjelova kapittel 12, men er enklare enn reglane der.

#### *Til § 3-11*

Føresegna gjeld berekning av tap og krav til eigenkapital. Føresegna avløyser § 16 andre ledd i gjeldande lov, men er bygd litt ut i forhold til gjeldande lov. Den er utforma etter mønster av reglane om nedsetjing av aksjekapitalen i aksjelova kapittel 12, men er enklare enn reglane der.

#### *Til § 3-12*

Føresegna gjeld registrering av nedsetjing av innskotskapitalen i Føretaksregisteret og avløyser § 16 tredje ledd i gjeldande lov.

*Andre ledd* angir at reglane i aksjelova §§ 12-5 og 12-6 kjem tilsvarende i bruk.

#### *Til § 3-13*

Føresegna gjeld for avtalar av eit visst omfang mellom føretaket og medlemer av leiinga i føretaket og deira nærståande. Den gjeldande lova har inga tilsvarende føresegna. Føresegna er utforma etter aksjelova § 3-8, men har ein anna terskelverdi. Sjå punkt 7.4.4 om grunnen til det.

#### *Til § 3-14*

Føresegna gjeld konserninterne transaksjonar der eit statsføretak er morføretak i eit konsern, jf. § 1-5 i lovframlegget. Føresegna angir at aksjelova § 3-9 første og andre ledd gjeld tilsvarende.

Om føresegna blir det elles vist til vurderingane til departementet i punkt 7.4.5.

#### *Til § 4-1*

Føresegna fører vidare § 38 første ledd i gjeldande lov. Ho fastslår for det første at føretaksmøtet er det øvste organet i statsføretaket, og for det andre at eigarmyndet til eigardepartementet berre kan utøvast gjennom føretaksmøtet. For meir om kva dette inneber, blir det vist til punkt 8.1.

#### *Til § 4-2*

Føresegna avløyser § 38 andre ledd i gjeldande lov om retten og plikta leiinga har til å delta i føretaksmøtet. Den gjeldande føresegna regulerer også retten og plikta revisor har til å delta i møtet, men i framlegget er dette regulert i § 6-4.

*Andre ledd* gjeld kven som har rett til å uttale seg i føretaksmøtet. Omgrepene «styremedlemer» omfattar både leiaren i styret og andre styremedlemer. Aksjelova § 5-4 har ei tilsvarende føresegna, men ho er noko annleis utforma.

#### *Til § 4-3*

Føresegna gjeld ordinært føretaksmøte og fører vidare § 39 i gjeldande lov.

*Tredje ledd* fører vidare i all hovudsak gjeldande lov § 41 første ledd andre punktum om kva som

skal leggjast ved innkallinga til ordinært føretaksmøte. Føresegna er utforma etter modell av aksjelova § 5-5 tredje ledd, men tilpassa statsføretak.

#### *Til § 4-4*

Føresegna gjeld ekstraordinært føretaksmøte og avløyser § 40 i gjeldande lov.

*Første ledd* gir eigardepartementet ein generell rett til å kalle inn til ekstraordinært føretaksmøte, medan den gjeldande lova stiller vilkår om at det må vere nødvendig.

Etter *andre ledd* har eigardepartementet ei plikt til å kalle inn til ekstraordinært føretaksmøte innan éin månad dersom styret eller revisor skriftleg krev det. Framleggget er utforma for å bringe føresegna i samsvar med aksjelova § 5-6.

#### *Til § 4-5*

Føresegna gjeld myndet eigardepartementet har til å kalle inn til føretaksmøte, krav til innkallinga og saker utanfor dagsordenen. Føresegna avløyser § 41 i gjeldande lov.

Etter *første ledd* skal innkallinga vere skriftleg. Dette står ikkje i vegen for at innkallinga blir send digitalt, sjå lovframleggget § 1-8 andre ledd.

Etter *andre ledd* er innkallingsfristen i utgangspunktet éi veke for både ordinært og ekstraordinært føretaksmøte, medan fristen etter gjeldande lov er to veker for ordinært føretaksmøte og éi veke for ekstraordinært føretaksmøte. Aksjelova § 5-10 andre ledd fastset òg at innkalling til generalforsamlinga skal vere send seinast éi veke før møtet blir halde.

#### *Til § 4-6*

Føresegna gjeld opplysningsplikta til leiinga og er ei ny føresegns utforma etter aksjelova § 5-15. Opplysningsplikta til leiinga er ei sentral føresegns i fleire generelle føretakslover.

Føresegna gir eigardepartementet høve til å føre kontroll med leiinga for å vareta interessene i føretaket. Opplysningsplikta vil ha særleg betydning for plassering av ansvar i statsføretak, sidan det er eigardepartementet som kallar inn til føretaksmøte.

#### *Til § 4-7*

Paragrafen gjeld møteleiing og protokoll og avløyser § 42 i gjeldande lov.

*Fjerde ledd* inneheld ei ny føresegns om oppbevaring av protokollen som har mönster i aksjelova

§ 5-16 tredje ledd andre punktum. Denne føresegna blir likevel supplert av plikta etter § 8-9 tredje ledd i lovframleggget, jf. aksjelova § 16-10 fjerde og femte ledd, til å oppbevare føretaksdokumentasjon i minst ti år etter slutten av rekneskapsåret det året føretaket er endeleg oppløyst.

#### *Til § 5-1*

Føresegna gjeld plikta føretaket har til å ha eit styre og avløyser gjeldande lov §§ 18 og 19.

*Andre ledd* fastset kvalifikasjonskrav til styremedlemene og fastset at berre myndige personar kan vere styremedlemer. Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov, men samsvarer med aksjelova § 6-11 andre ledd. Om føresegna blir det elles vist til punkt 9.

Etter *fjerde ledd* er det føretaksmøtet som vel styreleiar, jf. også framleggget i § 2-2 første ledd bokstav b med krav om at stiftingsdokumentet mellom anna skal angi kven som er styreleiar.

#### *Til § 5-2*

Føresegna gjeld plikta føretaket har til å ha ein dagleg leiar, og avløyser gjeldande lov § 26. Den gjeldande lova bruker nemninga «administrerende direktør» om den som står for den daglege leiinga av føretaket. Dette er bytt ut med nemninga «dagleg leiar», som er nemninga i aksjelova.

#### *Til § 5-3*

Føresegna gjeld retten dei tilsette har til å velje styremedlemer og avløyser § 20 første, andre, tredje og delar av sjette ledd i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter mònster av regelen i aksjelova § 6-4.

Representasjonsreglane avvik frå reglane i aksjelova ved at dei ikkje tek høgde for at føretaket kan ha bedriftsforsamling, sjå punkt 9 om dette.

#### *Til § 5-4*

Føresegna gjeld retten dei tilsette har til å velje styremedlemer i konsernforhold og avløyser § 20 fjerde, femte og delar sjette ledd i gjeldande lov. Føresegnsene i lovframleggget er utforma etter mònster av regelen i aksjelova § 6-5.

#### *Til § 5-5*

Føresegna gjeld tenestetida til styremedlemene og avløyser § 21 i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter mònster av aksjelova § 6-6.

**Til § 5-6**

Føresegna gjeld avgang og avsetjing før tenestetida tek slutt og avløyser § 22 i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter mønster av aksjelova § 6-7.

**Til § 5-7**

Føresegna gjeld suppleringsval og er ny i forhold til gjeldande lov, men har modell i aksjelova § 6-8. I føresegna er det presisert at aktivitetsplikta til styret ved opphør av styreverv før tenestetida er ute, er å varsle eigardepartementet om forholdet. Det blir så opp til eigardepartementet om det skal kalle inn til føretaksmøte for å velje ny styremedlem for resten av tenestetida. Dersom ein varamedlem trer inn, er ikkje dette til hinder for at eigardepartementet sjølv kan velje å kalle inn til ekstraordinært føretaksmøte for å velje ny styremedlem.

**Til § 5-8**

Føresegna gir framlegga til føresegne i lova om styremedlemer tilsvarende bruk på varamedlemer og observatørar så langt dei passar. Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov, men har modell i aksjelova § 6-9.

**Til § 5-9**

Føresegna gjeld godtgjersle til styremedlemer m.m. og er ny i forhold til gjeldande lov, men svarer med aksjelova § 6-10. Andre punktum i framlegget fastset at retten til godtgjersle fell bort ved konkurs i føretaket. Føresegna har samanheng med at eit statsføretak etter lovendringa av statsføretaksloven i 2002 kan gå konkurs.

**Til § 5-10**

Føresegna gjeld oppgåvane styret har i samband med forvaltninga av føretaket, og avløyser § 23 første ledd i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter mønster av aksjelova § 6-12.

**Til § 5-11**

Føresegna fastset særskilde avgrensingar i myndet til styret.

*Første og tredje ledd* avløyser § 23 andre og tredje ledd i gjeldande lov. Om denne føresegna blir det vist til punkt 9.

*Andre ledd* fører vidare § 5 i gjeldande lov. Føresegna presiserer at føretaksmøtet kan vedtektsfeste avgrensingar i høvet styret har til å ta opp lån og til å stille garantiar.

**Til § 5-12**

Føresegna gjeld ansvaret styret har til å føre tilsyn med den daglege leiinga og verksemda til føretaket elles. Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov, men svarer til aksjelova § 6-13 andre og tredje ledd.

**Til § 5-13**

Føresegna gjeld myndet og oppgåvane til dagleg leiar og avløyser § 27 i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter mønster av aksjelova § 6-14.

**Til § 5-14**

Føresegna gjeld pliktene dagleg leiar har overfor styret. Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov, men har modell i aksjelova § 6-15.

**Til § 5-15**

Føresegna gjeld der det ligg føre eit konsern etter statsføretakslova, jf. § 1-5 i lovframlegget. Føresegna gjeld opplysningsplikt frå eit datterselskap til eit statsføretak som er morføretak, og motsett og er utforma etter aksjelova § 6-16.

**Til § 5-16**

Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov og har modell i aksjelova § 6-18. Føresegna gir styret mynde til å setje fram krav om gjelds- eller konkurshandsaming for føretaket og til å representer føretaket som konkursskuldnar. Føresegna er teken inn i statsføretakslova som ein konsekvens av at statsføretak etter lovendringa i 2002 kan gå konkurs.

**Til § 5-17**

Føresegna om sakshandsaminga til styret avløyser § 24 i gjeldande lov, men er utvida etter modell av aksjelova § 6-19.

**Til § 5-18**

Føresegna gjeld krav om styrehandsaming og er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna har modell i aksjelova § 6-20.

**Til § 5-19**

Føresegna gjeld førebuing av saker som styret skal handsame og er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna har modell i aksjelova § 6-21.

**Til § 5-20**

Føresegna gjeld varsel om styrehandsaming og er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna har modell i aksjelova § 6-22.

**Til § 5-21**

Føresegna gjeld styreinstruks og er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna har modell i aksjelova § 6-23.

**Til § 5-22**

Føresegna angir når styret kan gjere vedtak og avløyser § 25 første ledd i gjeldande lov. Føresegna har modell i aksjelova § 6-24

**Til § 5-23**

Føresegna gjeld alminnelege fleirtalskrav og avløyser § 25 andre ledd i gjeldande lov. Føresegna har modell i aksjelova § 6-25.

**Til § 5-24**

Føresegna gjeld fleirtalskrav ved val og tilsetjingar og avløyser § 25 tredje ledd i gjeldande lov. Føresegna har modell i aksjelova § 6-26.

**Til § 5-25**

Føresegna gjeld inhabilitet og avløyser § 28 i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter modell av aksjelova § 6-27 første ledd. Tredje punktum angir at definisjonen av «nærstående» i aksjelova § 1-5 første ledd gjeld tilsvarende.

**Til § 5-26**

Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov.

*Første ledd* i paragrafen lovfestar eit forbod mot at styret, dagleg leiar og andre som representerer føretaket, misbruker posisjonen sin til å gi nokon ein urimeleg fordel der føretaket tek kostnaden. Føresegna gir uttrykk for det tilsvarende grunnleggjande prinsippet i selskapsretten. Føresegna har mønster i aksjelova § 6-28 første ledd.

*Andre ledd* gjer unntak frå prinsippet om at styret i føretaket har plikt til å følge opp vedtaka til føretaksmøtet, og at dagleg leiar har plikt til å følge opp vedtaka til styret. Føresegna pålegg styret og dagleg leiar å ikkje rette seg etter vedtak som er fatta av føretaksmøtet som er i strid med lov eller vedtekten. Føresegna er i samsvar med den tilsvarende føresegna i aksjelova § 6-28, men er tilpassa statsføretak. Også dette gir uttrykk for eit generelt selskapsrettsleg prinsipp.

**Til § 5-27**

Føresegna inneholder eit forbod for tilsette og tillitspersonar i eit statsføretak mot å ta imot visse gaver m.m. Føresegna fører i hovudsak vidare § 29 i gjeldande lov. Paragrafen handlar berre om forbod som er underlagde sanksjonen i tredje ledd, men tilsette må også følge andre reglement som gjeld for dei, til dømes instruksar som er fastsette av administrasjonen i personalhandboka.

**Til § 5-28**

Paragrafen gjeld styreprotokollar og avløyser § 24 tredje ledd i gjeldande lov.

*Fjerde ledd* er i all hovudsak ei vidareføring av § 24 tredje ledd andre punktum i gjeldande lov som fastset at styreprotokollen skal sendast til eigardepartementet. Nytt er at styret ikkje lenger må sende styreprotokollen innan 14 dagar etter styremøtet, men snarast etter at styret har handsama styreprotokollen. Om dette blir det vist til punkt 9.4.7.

*Femte ledd* er ny i forhold til den gjeldande lova og er i samsvar med aksjelova § 6-29 fjerde ledd.

**Til § 5-29**

Føresegna angir at styret representerer føretaket utetter og avløyser § 31 første ledd i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter modell av den tilsvarende føresegna i aksjelova § 6-30.

**Til § 5-30**

Føresegna gjeld høvet styret har til å gi styremedlemer eller dagleg leiar fullmakt til å teikne føretaksnamnet til føretaket. Føresegna avløyser § 31 andre ledd i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter modell av føresegna i aksjelova § 6-31 utanom høvet styret i aksjeselskap har til å gi namngitte tilsette rett til å teikne føretaksnamnet til selskapet.

*Til § 5-31*

Føresegna gjeld representasjonen til dagleg leiar utetter. Føresegna avløyser § 31 tredje ledd i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter modell av den tilsvarende føresegna i aksjelova § 6-32.

*Til § 5-32*

Føresegna gjeld overskridning av mynde og avløyser § 32 i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter modell av den tilsvarende føresegna i aksjelova § 6-33.

*Til § 5-33*

Føresegna gjeld manglar ved val av styremedlemmer eller tilsettjing av dagleg leiar og er lik som i aksjelova § 6-34. Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov.

*Til § 6-1*

Føresegna fører vidare gjeldande føresegn § 43 i ei litt anna form og er tilpassa endringar i rekneskapslova om berekraftsrapportering. Føresegna pålegg, til liks med gjeldande lov, alle statsføretak å ha revisor, uavhengig av storleik.

*Til § 6-2*

Føresegna gjeld opphør av oppdraget til ein revisor og nyval av revisor og er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna angir at reglane om dette i aksjelova §§ 7-2 og 7-3 første ledd gjeld tilsvarende.

*Til § 6-3*

Føresegna gjeld revisjonsmelding og er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna har modell i aksjelova § 7-4.

*Til § 6-4*

Føresegna gjeld retten og plikta revisor har til å delta i føretaksmøtet og vidarefører reguleringa av revisor si rett og plikt til å delta etter gjeldande lov § 38 andre ledd første, fjerde og femte punktum. Føresegna har modell i aksjelova § 7-5.

*Til § 6-5*

Føresegna gjeld Riksrevisionens kontroll og fører vidare § 45 i gjeldande lov.

*Til § 7-1*

Føresegna gjeld fusjon (samanslåing) med anna statsføretak og er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna har ein viss modell i reglane om fusjon i aksjelova kapittel 13, men er atskilleg enklare enn desse.

*Første ledd* fastset at Kongen i statsråd kan gjere vedtak om at eit statsføretak fusjonerer med eit anna statsføretak.

*I andre ledd* er det vist til nokre av reglane i aksjelova kapittel 13 som gjeld tilsvarende så langt dei passar.

*Til § 7-2*

Føresegna gjeld fision (deling) av statsføretak og er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna har ein viss modell i reglane om fision i aksjelova kapittel 14, men er atskilleg enklare enn desse.

*Første ledd* fastset at Kongen i statsråd kan gjere vedtak om at eit statsføretak skal delast.

*I andre og fjerde ledd* er det vist til nokre av reglane i aksjelova kapittel 13 og 14 som gjeld tilsvarende så langt dei passar.

*Til § 7-3*

Føresegna gjeld fusjon (samanslåing) av eit statsføretak med eit aksjeselskap eller allmennaksjeselskap der aksjeselskapet eller allmennaksjeselskapet er overtakande selskap. Kongen i statsråd kan gjere vedtak om dette. Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna har eit visst mønster i reglane om fusjon i aksjelova og allmennaksjelova, men er betydeleg enklare enn desse. Reglane om fusjon i aksjelova og allmennaksjelova kjem i stor grad i bruk gjennom tilvisingar til dei aktuelle føresegne i aksjelova eller allmennaksjelova.

*Til § 7-4*

Føresegna gjeld fusjon (samanslåing) av eit statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap med eit statsføretak der statsføretaket er overtakande føretak.

Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna har eit visst mønster i reglane om fusjon i aksjelova og allmennaksjelova, men er betydeleg enklare enn desse.

**Til § 7-5**

Føresegna gjeld omdanning av statleg verksemd til statsføretak. Føresegna avløyser § 55 første ledd i gjeldande lov om dette, men er bygd litt ut.

I andre ledd tredje punktum er det presisert at føresegndene i kapittel 2 om stifting av statsføretak gjeld tilsvarende dersom eit nyt statsføretak skal oppretta i samband med overføringa.

I tredje ledd er det reglane i aksjelova § 13-9, § 13-11 og §§ 13-13 til 13-17 som skal nyttast tilsvarende. Dette betyr mellom anna at det må gjenomførast eit kreditorvarsel etter reglane i aksjelova §§ 13-13 til 13-15. Dette er ein naturleg konsekvens av overføring av forpliktingane staten har, til eit statsføretak der staten har avgrensa ansvar.

**Til § 7-6**

Føresegna gjeld omdanning av statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap til statsføretak. Paragrafen avløyser føresegna om slik omdanning i § 55 i gjeldande lov.

I første ledd tredje punktum er det presisert at føresegndene i kapittel 2 om stifting av statsføretak gjeld tilsvarende.

Fjerde ledd fører også vidare gjeldande lov § 55 og gir Kongen heimel til å gi nærmere føresegner i forskrift om omdanning til statsføretak.

**Til § 7-7**

Føresegna gjeld omdanning av statsføretak til statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap.

Føresegna er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna har eit visst mønster i reglane om omdanning i aksjelova og allmennaksjelova kapittel 15 og inneheld dels ei tilvising til reglane der når det gjeld melding om omdanninga til Føretaksregisteret og omdanningstidspunktet, sjå tilvisingane i § 7-6 tredje ledd i lovframleggget, jf. § 7-7 andre ledd.

Tredje ledd gir Kongen heimel til å gi nærmere føresegner i forskrift om omdanning til statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap.

**Til § 8-1**

Føresegna gjeld vedtak om opplysing av føretaket og avløyser § 46 i gjeldande lov.

**Til § 8-2**

Føresegna gjeld vedtak om opplysing og val av avviklingsstyre og avviklingsmåte. Føresegna avløyser § 49 i gjeldande lov. Føresegna står ikkje i vegen for at det ordinære styret blir valt til avviklingsstyre om dette er tenleg.

**Til § 8-3**

Føresegna gjeld melding til Føretaksregisteret om opplysing og avløyser § 50 første punktum i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter aksjelova § 16-3.

**Til § 8-4**

Føresegna gjeld kreditorvarsel og avløyser § 50 andre punktum i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter aksjelova § 16-4.

**Til § 8-5**

Føresegna gjeld stillinga til føretaket under avviklinga og er ny i forhold til gjeldande lov. Føresegna viser til at aksjelova § 16-5 gjeld tilsvarende.

**Til § 8-6**

Føresegna gjeld plikta styret har til å lage ei oversikt over eideleane, rettane og forpliktingane til selskapet og gjere opp ein balanse med tanke på avviklinga. Føresegna er ny og er utforma etter aksjelova § 16-6.

**Til § 8-7**

Føresegna gjeld dekning av forpliktingane til føretaket og avløyser § 51 første og andre ledd i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter aksjelova § 16-7.

**Til § 8-8**

Føresegna gjeld utdeling til staten ved avviklinga av føretaket.

Første ledd er ny og er utforma etter aksjelova § 16-9 første ledd.

Andre ledd avløyser § 51 tredje ledd i gjeldande lov og er utforma etter aksjelova § 16-9 andre ledd.

*Til § 8-9*

Føresegna gjeld endeleg opplysing og avløyser § 52 i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter aksjelova § 16-10.

*Til § 8-10*

Føresegna gjeld ansvar for udekte forpliktingar og avløyser § 53 i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter aksjelova § 16-12.

*Til § 9-1*

Føresegna gjeld erstatningsansvar for dagleg leiar og styremedlemer og avløyser § 56 i gjeldande lov. Føresegna er utforma etter aksjelova § 17-1.

I *tredje ledd* blir føreseggnene i aksjelova §§ 17-2, 17-3, 17-5 og 17-6 gitt tilsvarende bruk, dette gjeld reglar om lemping av ansvar, vedtak om å fremje krav om erstatning, vedtak om ansvarsfridom og konkurrerande krav.

*Til § 9-2*

Føresegna gjeld straffansvar for styret, dagleg leiar og revisor og avløyser gjeldande lov § 58. Føresegna er utforma etter aksjelova §§ 19-1 og 19-2.

*Til § 9-3*

Føresegna er ny og viser til at reglane om rettarang og berekning av fristar i aksjelova § 18-1, § 18-3 og § 18-4 gjeld tilsvarande.

*Til § 10-1*

Føresegna angir at lova trer i kraft frå den tida Kongen fastset. Den gjeldande lova om statsføretak blir oppheva frå same tidspunkt som den nye lova trer i kraft.

*Til § 10-2*

Overgangsføresegna angir at dei statsføretaka som er oppretta i kraft av den eksisterande lova, blir vidareførte i den nye lova. Det same gjeld for forskrifter som er gitt i medhald av gjeldande lov, det vil seie forskrift 24. august 2017 nr. 1278 om de ansattes rett til representasjon i styre og bedriftsforsamling mv.

I *tredje ledd* får departementet heimel til å fastsetje nærmare overgangsføresegner i forskrift.

*Til § 10-3*

Føresegna nr. 1-4 gir riktig tilvising til og i ny statsføretakslov.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet

til rår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om statsføretak (statsføretakslova).

---

**Vi HARALD, Noregs Konge,**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om statsføretak (statsføretakslova) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

# Forslag

## til lov om statsføretak (statsføretakslova)

### Kapittel 1. Innleiande føresegner

#### § 1-1 Formålet med lova

Lova skal legge til rette for ei sakshandsaming som er tilpassa at statsføretak berre kan eigast av staten. Lova skal bidra til at statsføretak kan vareta samfunnsoppdraget sitt eller verksemda si på ein effektiv måte.

#### § 1-2 Verkeområdet til lova

Lova gjeld for føretak som staten eig aleine, og som Kongen har bestemt at lova skal gjelde for, jf. § 2-1.

#### § 1-3 Partsstilling

Eit statsføretak har sjølv rettar og forpliktingar, er part i avtalar med private og offentlege styresmakter og har partsstilling overfor domstolane og styresmaktene.

#### § 1-4 Kva ansvar staten har for forpliktingane til føretaket

(1) Staten heftar ikkje overfor kreditorane for forpliktingane til føretaket.

(2) Staten pliktar ikkje å gjere innskot i føretaket, eventuelt konkursbuet til føretaket, utover det som følger av stiftingsdokumentet eller vedtak om å forhøgje innskotskapitalen.

#### § 1-5 Konsern

(1) Eit morføretak utgjer saman med eitt eller fleire datterselskap eit konsern.

(2) Eit statsføretak er eit morføretak om det på grunn av avtale eller som eigar av aksjar eller selskapspartar har bestemmande innverknad over eit selskap. Eit statsføretak skal alltid reknast for å ha bestemmande innverknad over eit selskap når føretaket

- eig så mange aksjar eller partar i eit selskap at dei representerer fleirtalet av röstene i selskapet, eller
- har rett til å velje eller avsetje eit fleirtal av medlemene i styret til selskapet.

(3) Eit selskap som står i eit forhold som nemnt i andre ledd til eit morføretak, er å rekne som eit datterselskap.

(4) Ved berekninga av røysterettar og rettar til å velje eller avsetje styremedlemer skal rettar som

morføretaket og datterselskapet har, reknast med. Det same gjeld rettar som nokon som handlar i sitt eige namn har, men som gjer det for morføretaket eller eit datterselskap si rekning.

#### § 1-6 Forholdet til anna lovgiving

Forvaltningsloven gjeld ikkje for statsføretak. Statsansatteloven gjeld ikkje for tilsette i statsføretak.

#### § 1-7 Om lova kan fråvikast

Føresegnerne i lova kan ikkje fråvikast i vedtekten med mindre det motsette er særskilt fastsett i lova.

#### § 1-8 Utarbeiding og forvaltning av dokumentasjon

(1) Dokumentasjon som statsføretakslova krev at ein utarbeider, skal utarbeidast og forvaltast slik at informasjon ikkje går tapt og er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid. Dokumentasjonen skal vere i ei form som kan lesast og bli forstått, og vere tilgjengeleg frå Noreg.

(2) Krav i denne lova om at meldingar m.m. skal vere skriftlege, står ikkje i vegen for å bruke digitale løysingar.

(3) Departementet kan i forskrift gi nærmare føresegner om oppbevaringstid for bestemte dokumenttypar, kva som er rekna som forsvarleg måte for utarbeiding og oppbevaring av dokument, og tryggingsnivået for signatur.

### Kapittel 2. Stifting av statsføretak

#### § 2-1 Vedtak om opprettning av statsføretaket

Kongen i statsråd gjer vedtak om opprettning av statsføretak og fastset kva departement som skal representere staten som eigar av føretaket. Vedtaket skal uttrykkjeleg namngi føretaket som eit statsføretak som lova her skal gjelde for, jf. § 1-2.

#### § 2-2 Stiftingsdokument

- Når det er gjort vedtak om å opprette statsføretaket, jf. § 2-1, skal departementet opprette eit datert og signert stiftingsdokument som inneheld ei tilvising til vedtaket, og som dessutan i det minste oppgir kva departementet har vedteke om
  - vedtekten til føretaket
  - styret til føretaket, irekna kven som skal vere styreleiar

- c. revisor for føretaket
  - d. eventuelt innskot i anna enn pengar, jf. § 2-4.
- (2) Statsføretaket er rekna som stifta når stiftingsdokumentet er oppretta og signert.

#### **§ 2-3 Minstekrav til og endring av vedtekten**

- (1) Vedtekten til statsføretaket skal minst opplyse om
  - a. føretaksnamnet til statsføretaket
  - b. verksemda til statsføretaket
  - c. staten sitt innskot i statsføretaket
  - d. kva saker som skal handsamast på det ordinære føretaksmøtet.
- (2) Føretaksmøtet vedtek endringar i vedtekten.

#### **§ 2-4 Innskot med andre eidedalar enn pengar**

Er innskotet frå staten andre formuesverdiar enn pengar, skal stiftingsdokumentet oppgi kva som skal skytast inn, og verdien av innskotet. Innskotet kan ikkje overførast til eit høgare beløp enn det blir anteke å kunne oppførast med i balansen til føretaket. Tidspunktet for verdsetjinga kan tidlegast vere fire veker før stiftinga av føretaket, jf. § 2-2. Ei stadfesting frå revisor om at innskotet ikkje er verdsett høgare enn tillate etter andre punktum, skal leggjast ved stiftingsdokumentet.

#### **§ 2-5 Registrering i Føretaksregisteret**

(1) Statsføretaket skal meldast til Føretaksregisteret innan tre månader etter at stiftingsdokumentet er signert.

(2) Før statsføretaket blir meldt til Føretaksregisteret, skal innskotet frå staten, jf. § 2-3 bokstav c, vere ytt fullt ut. Resultatet av teknisk bistand, forskings- og utviklingsarbeid m.m. skal òg vere stilt til rådvelde for statsføretaket. I meldinga til Føretaksregisteret skal det opplysast om at statsføretaket har fått innskotet. Dette skal stadfestast av revisor. Skal innskotet berre gjerast opp i pengar, kan stadfestinga gjerast av eit finansføretak, ein advokat eller ein statsautorisert reknekapsførar.

(3) Er statsføretaket ikkje meldt til Føretaksregisteret innan fristen går ut, kan registreringa ikkje skje. Forpliktingane staten har etter stiftingsdokumentet, er da ikkje lenger bindande. Det same gjeld om registreringa blir nekta på grunn av feil som ikkje kan rettast.

#### **§ 2-6 Rettar og forpliktingar før registreringa i Føretaksregisteret**

(1) Før statsføretaket er registrert, kan føretaket sjølv ikkje erverve andre rettar og pådra seg

andre forpliktingar overfor tredjepersonar enn dei som følger av stiftingsdokumentet eller av lov.

(2) For forpliktingar m.m. som er pådregne føretaket før registreringa, gjeld aksjeloven § 2-20 andre og tredje ledd tilsvarande.

#### **Kapittel 3. Kapitalen til føretaket. Utdelingar frå føretaket**

##### **§ 3-1 Krav om forsvarleg eigenkapital og likviditet**

Føretaket skal til kvar tid ha ein eigenkapital og ein likviditet som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i føretaket.

##### **§ 3-2 Handleplikt ved tap av eigenkapital m.m.**

(1) Reknar ein med at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i statsføretaket, skal styret straks handsame saka og varsle departementet. Departementet skal innan rimeleg tid etter at det har motteke varselet, kalle inn til føretaksmøte. Styret skal gi føretaksmøtet ei utgreiing om den økonomiske stillinga til føretaket. Dersom statsføretaket ikkje har ein forsvarleg eigenkapital i samsvar med § 3-1, skal styret i føretaksmøtet foreslå tiltak for å rette på dette.

(2) Om styret ikkje finn grunnlag for å foreslå tiltak som nemnt i første ledd fjerde punktum, eller om slike tiltak ikkje lét seg gjennomføre, skal styret foreslå å løyse opp føretaket.

##### **§ 3-3 Forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling**

(1) Etter at statsføretaket er registrert i Føretaksregisteret, kan føretaksmøtet vedta å auke innskotet frå staten ved innbetaling av ny kapital.

(2) Styret kan foreslå forhøging av innskotskapitalen ved nyinnbetaling. Styret skal grunngi eit slikt framlegg og gi ei kort utgreiing om forhold som ein må leggje vekt på når innskotet frå staten skal forhøgjast. Dersom føretaksmøtet ikkje skal handsame ársrekneskapen samtidig, skal utgreiinga også omfatte hendingar som har inntreft etter siste balansedag, og som er av vesentleg betydning for statsføretaket.

(3) Det skal gå fram av møteprotokollen kor mykje innskotet skal forhøgjast med. Er innskotet frå staten andre formuesverdiar enn pengar, skal protokollen oppgi kva staten skal skyte inn, og verdien av innskotet. Innskotet kan ikkje overførast til eit høgare beløp enn det blir anteke å kunne oppførast med i balansen til føretaket. Styret skal sørge for å utarbeide ei forklaring for verdsetjinga, som minst opplyser om dei prinsippa ein har følgt ved vurderinga av dei verdiane føretaket skal overta. Tidspunktet for verdsetjinga kan

tidlegast vere fire veker før vedtaket til føretaksmøtet. Ei stadfesting frå revisor om at innskotet ikkje er verdsett høgare enn det tredje punktum tillet, skal følge som vedlegg til protokollen.

### **§ 3-4 Registrering av forhøging av innskotskapitalen i Føretaksregisteret**

(1) Vedtaket om å forhøgje innskotskapitalen skal meldast til Føretaksregisteret innan tre månader etter at føretaksmøtet har gjort vedtaket. Er forhøginga ikkje meld til Føretaksregisteret innan fristen har gått ut, kan ho ikkje registrerast. Forpliktinga staten har til å gjere innskotet, er da ikkje lenger bindande. Det same gjeld om registreringa blir nekta på grunn av feil som ein ikkje kan rette.

(2) Før forhøginga av innskotskapitalen blir meld til Føretaksregisteret, skal innskotet vere ytt fullt ut. § 2-5 andre ledd andre til femte punktum gjeld tilsvarande.

(3) Forhøginga er å rekne som gjennomført når ho er registrert i Føretaksregisteret.

### **§ 3-5 Forhøging av innskotskapitalen utan nyinnbetaling**

(1) Føretaksmøtet kan vedta å forhøgje innskotet frå staten i statsføretaket ved å overføre frå midlane statsføretaket kan nytte til utdeling av utbyte etter § 3-8, til innskotskapitalen. Det skal gå fram av møteprotokollen kor mykje innskotet skal forhøgjast med.

(2) Forhøginga av innskotskapitalen skal meldast til Føretaksregisteret. Forhøginga er å rekne som gjennomført når ho er registrert i Føretaksregisteret.

### **§ 3-6 Utdelingar frå føretaket m.m.**

(1) Utdeling av midlar frå føretaket til staten som eigar kan berre skje etter reglane om utbyte, nedsetjing av innskotskapitalen til staten, fusjon eller fisjon av føretaket og tilbakebetaling etter opplysing.

(2) Som utdeling reknar ein alle former for overføring av verdiar som direkte eller indirekte kjem staten som eigar av føretaket til gode. Verdien skal bereknast etter balanseført verdi.

(3) Departementet kan i forskrift fastsetje at ein anna verdi kan leggjast til grunn for ei nærmare angitt utdeling.

### **§ 3-7 Ulovlege utdelingar**

Er det utdelt midlar frå føretaket i strid med føresegnene i lova, skal staten eller andre som har teke imot utdelinga, føre tilbake det som er motteke.

### **§ 3-8 Utbyte**

Føretaket kan berre dele ut utbyte så langt det etter utdelinga har att netto eidegar som gir dekning for innskotskapitalen til føretaket. Berekinga skal gjerast på grunnlag av balansen i den siste godkjende årsrekneskapen til føretaket, men det er den registrerte innskotskapitalen på vedtakstidspunktet som skal leggjast til grunn. Aksjeloven § 8-1 tredje og fjerde ledd gjeld tilsvarande.

### **§ 3-9 Vedtak om utbyte**

Føretaksmøtet gjer vedtak om utdeling av utbyte etter at styret har gjort framlegg om utdeling eller annan bruk av overskot. Føretaksmøtet er ikkje bunde av framleggget frå styret om utdeling av utbyte.

### **§ 3-10 Nedsetjing av innskotskapitalen**

(1) Føretaksmøtet kan vedta å setje ned innskotskapitalen til staten. Det beløpet innskotskapitalen skal setjast ned med, kan berre brukast til

- dekning av tap som ein ikkje kan dekkje på annan måte
- tilbakebetaling til staten
- overføring til fond.

(2) Det skal gå fram av møteprotokollen kor mykje innskotet skal setjast ned med, og kva det skal brukast til. Dersom det i samband med nedsetjinga skal skje utdelingar til staten med større beløp enn nedsetjingsbeløpet, skal dette høgare beløpet og korleis det skal dekkjast, gå fram av vedtaket til føretaksmøtet.

### **§ 3-11 Berekning av tap. Krav til eigenkapital m.m.**

(1) Ved berekinga av kva føretaket har i tap etter § 3-10 første ledd bokstav a, skal balansen i årsrekneskapen som sist vart godkjend, leggjast til grunn.

(2) Vedtak som nemnt i § 3-10 første ledd bokstav b og c kan ikkje gjelde større beløp enn at føretaket etter nedsetjinga har att netto eidegar som dekkjer innskotskapitalen til føretaket. Berekinga skal skje på grunnlag av balansen i årsrekneskapen som sist vart godkjend, men det er den registrerte innskotskapitalen på vedtakstidspunktet som skal leggjast til grunn. Aksjeloven § 8-1 tredje og fjerde ledd gjeld tilsvarande.

### **§ 3-12 Registrering av nedsetjing av innskotskapitalen i Føretaksregisteret m.m.**

(1) Vedtaket om å setje ned innskotskapitalen skal meldast til Føretaksregisteret innan to månader etter at føretaksmøtet har gjort vedtaket. Er nedsetjinga ikkje meld til Føretaksregisteret

innan fristen, fell nedsetjinga av innskotskapitalen bort.

(2) Aksjeloven §§ 12-5 og 12-6 om når nedsetjinga tek til å gjelde, gjeld tilsvarende.

### **§ 3-13 Avtalar mellom statsføretaket og medlemer av leiinga i statsføretaket**

(1) Føretaksmøtet skal godkjenne avtalar mellom føretaket og ein styremedlem eller dagleg leiar når ytinga til føretaket på det tidspunktet avtalen blir inngått, har ein verdi som er lik eller større enn to gonger grunnbeløpet i folketrygda. Det same gjeld avtalar mellom føretaket og

- ein nærståande til ein styremedlem eller dagleg leiar
- ein som handlar etter avtale med ein styremedlem eller dagleg leiar.

Ved vurderinga av kven som er nærståande etter andre punktum bokstav a, gjeld aksjeloven § 1-5 første ledd tilsvarende.

(2) Styret skal sørge for at avtalen blir greidd ut. Allmennaksjeloven § 3-14 gjeld tilsvarende.

(3) Ein avtale som er inngått i strid med første ledd, er ikkje bindande for føretaket om føretaket godtger at medkontrahenten forstod eller burde ha forstått at føretaksmøtet ikkje har godkjent avtalen. Utdeling etter ein avtale som ikkje bind føretaket etter første punktum, skal tilbakeførast. Aksjeloven § 3-7 andre ledd gjeld tilsvarende.

(4) Føresegne i denne paragrafen gjeld ikkje

- avtale som blir inngått som ledd i den vanlege verksemda i føretaket, og som er grunna på vanlege forretningsmessige vilkår og prinsipp
- avtale om løn og godtgjersle til dagleg leiar og avtale som nemnt i § 5-9.

### **§ 3-14 Konserninterne transaksjonar**

Aksjeloven § 3-9 første og andre ledd om konserninterne transaksjonar gjeld tilsvarende i konsern der eit statsføretak er morføretak, jf. § 1-5.

## **Kapittel 4. Føretaksmøtet**

### **§ 4-1 Myndet til føretaksmøtet**

Gjennom føretaksmøtet utøver departementet det øvste myndet i føretaket. Departementet kan ikkje utøve eigarmyndet i føretaket på annan måte enn i føretaksmøtet.

### **§ 4-2 Retten og plikta leiinga har til å delta i føretaksmøtet**

(1) Styreleiar og dagleg leiar skal delta i føretaksmøtet. Ved gyldig forfall skal det peikast ut

ein vara i staden. Andre styremedlemer kan delta i føretaksmøtet.

(2) Styremedlemer og dagleg leiar har rett til å uttale seg i føretaksmøtet.

### **§ 4-3 Ordinært føretaksmøte**

(1) Innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår skal det haldast ordinært føretaksmøte.

(2) På det ordinære føretaksmøtet skal følgande saker handsamast og vedtakast:

- godkjenning av årsrekneskapen og eventuell årsmelding, inklusive utdeling av utbyte
- andre saker som etter lova eller vedtekten høyrer under føretaksmøtet.

(3) Årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga skal leggjast ved innkallinga til det ordinære føretaksmøtet.

### **§ 4-4 Ekstraordinært føretaksmøte**

(1) Departementet kan avgjere at det skal kallast inn til ekstraordinært føretaksmøte.

(2) Departementet skal kalle inn til ekstraordinært føretaksmøte dersom styret eller revisor skriftleg krev det for å få handsama eit bestemt angitt emne. Departementet skal sørge for at føretaksmøtet blir halde innan éin månad etter at kravet er sett fram.

### **§ 4-5 Mynde til å kalle inn til føretaksmøte og krav til innkallinga**

(1) Departementet kallar inn til føretaksmøte ved skriftleg melding til alle styremedlemene, dagleg leiar og revisoren i føretaket.

(2) Innkallinga skal vere send seinast éi veke før møtet, om ikkje kortare varsel i særlege tilfelle er påtrengjande nødvendig.

(3) Innkallinga skal opplyse om tid og stad for møtet, om møteforma og eventuelt om framgangsmåten for å delta digitalt. I innkallinga skal dei sakene som skal handsamast i møtet, vere klart oppgitt. Framlegg om å endre vedtekten skal også gå klart fram av innkallinga.

(4) Føretaksmøtet kan ikkje gjere vedtak i andre saker enn dei som er oppgitt i innkallinga, med mindre alle styremedlemene og dagleg leiar samtykkjer i det.

### **§ 4-6 Opplysningsplikta til leiinga**

(1) Departementet kan krevje at styremedlemer og dagleg leiar på føretaksmøtet gir tilgjengelege opplysningar om forhold som kan innverke på vurderinga av

- godkjenninga av årsrekneskapen og årsmeldinga

- b. saker som er presenterte for føretaksmøtet til avgjerd
- c. den økonomiske stillinga i føretaket, inklusive verksemda i andre selskap som føretaket deltek i, og andre saker som føretaksmøtet skal handsame, med mindre dei opplysningsane som krevst, vil valde føretaket uforholds-messig skade.

(2) Dersom leiinga må innhente opplysningar, slik at svar ikkje kan bli gitt på føretaksmøtet, skal leiinga sende skriftleg svar til departementet innan to veker etter møtet.

#### **§ 4-7 Møteleiing og protokoll**

(1) Føretaksmøtet blir leidd av styreleiaren om ikkje departementet bestemmer at nokon annan skal leie møtet.

(2) Møteleiaren skal sørge for at det blir ført protokoll for føretaksmøtet. Avgjerala til føretaksmøtet og kven som deltok på møtet, skal gå fram av protokollen. Er nokon av styremedlemene eller dagleg leiar ueinige i avgjerala til føretaksmøtet, skal oppfatninga deira førast inn i protokollen.

(3) Møteleiaren og ein annan person som blir vald blant møtedeltakarane, skal signere protokollen.

(4) Prokollen skal oppbevarast på forsvarleg vis i heile levetida til føretaket.

### **Kapittel 5. Styre og dagleg leiar**

#### **I. Krav om styre og dagleg leiar. Val av styre, tenestetid m.m.**

##### **§ 5-1 Samansetjinga av styret m.m.**

(1) Føretaket skal ha eit styre med minst tre medlemer. I føretak der dei tilsette har styre-representasjon, jf. § 5-3, skal styret ha minst fem medlemer.

(2) Berre myndige personar kan vere styremedlemer. Dagleg leiar kan ikkje vere medlem av styret.

(3) Føretaksmøtet vel styremedlemene, som også avgjer om det skal veljast varamedlemer. Første punktum gjeld ikkje styremedlemmer som dei tilsette skal velje etter § 5-3.

(4) Føretaksmøtet vel styreleiari.

(5) Reglane i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarande.

##### **§ 5-2 Dagleg leiar**

Føretaket skal ha ein dagleg leiar som styret tilset. Styret fastset løna til dagleg leiar og andre tilsetjingsvilkår. Vedtak om å seie opp eller gi avskil til dagleg leiar blir gjort av styret.

#### **§ 5-3 Retten tilsette har til å velje styremedlemer**

(1) I føretak med fleire enn 30 tilsette kan eit fleirtal av dei tilsette krevje at ein styremedlem og ein observatør med varamedlemer skal veljast av og blant dei tilsette.

(2) I føretak med fleire enn 50 tilsette kan eit fleirtal av dei tilsette krevje at intil ein tredel og minst to av styremedlemene med varamedlemer skal veljast av og blant dei tilsette.

(3) I føretak med fleire enn 200 tilsette skal dei tilsette velje éin styremedlem med varamedlem eller to observatørar med varamedlemer i tillegg til den representasjonen som følger av andre ledd.

(4) Kongen kan gi forskrift om berekninga av talet på tilsette, inklusive om bruk av gjennomsnittstal. Kongen kan også gi forskrift om valet av styremedlemer, inklusive om vilkår for røysterett og valførleik, om valmåten og om avgjerd ved tvistar om valet, og om bortfall av verv som styremedlem. Kongen kan i forskriftera eller ved enkeltvedtak gjere unntak frå første, andre eller tredje ledd.

#### **§ 5-4 Retten tilsette har til å velje styremedlemer i konsernforhold**

(1) Når eit statsføretak er morføretak i eit konsern, kan konsernet inngå skriftleg avtale med eit fleirtal av dei tilsette i konsernet eller med éin eller fleire lokale fagforeiningar som representerer eit fleirtal av dei tilsette i konsernet, om at dei tilsette i konsernet ved at § 5-4 kjem i bruk skal reknast som tilsette i føretaket.

(2) Når eit statsføretak er morføretak i eit konsern, og det ikkje er inngått avtale etter første ledd, kan Kongen etter søknad frå konsernet, eit fleirtal av dei tilsette i konsernet eller éin eller fleire lokale fagforeiningar som representerer eit fleirtal av dei tilsette i konsernet, bestemme at ved bruken av § 5-3 skal dei tilsette i konsernet reknast som tilsette i føretaket.

(3) Første og andre ledd gjeld tilsvarande når eit statsføretak tilhører ei gruppe av føretak som er knytte saman gjennom ei felles leiing.

(4) Kongen kan ved enkeltvedtak eller i forskrift bestemme at paragrafen her skal gjelde for delar av eit konsern eller ei slik gruppe.

#### **§ 5-5 Tenestetida til styremedlemer**

(1) Styremedlemer tenestegjer i to år. Vedtakene kan fastsetje ei kortare eller lengre tenestetid, men ikkje lengre tid enn fire år. Ved suppleringsval kan vedtakene fastsetje kortare tenestetid.

(2) Tenestetida blir rekna frå valet når ikkje noko anna er bestemt. Ho stansar ved avslutninga av det ordinære føretaksmøtet i det året tenestetida går ut, dersom ikkje noko anna er bestemt.

(3) Sjølv om tenestetida er ute, skal styremedlemer bli ståande i vervet inntil ein ny medlem er vald.

(4) Første og andre ledd gjeld ikkje styremedlemer som er valde etter § 5-3, jf. § 5-4.

#### § 5-6 Avgang og avsetjing før tenestetida tek slutt

(1) Ein styremedlem har rett til å gå av før tenestetida er ute. Styret og departementet skal ha rimeleg førehandsvarsel.

(2) Føretaksmøtet kan når som helst gjere vedtak om å avsetje ein styremedlem. Dette gjeld likevel ikkje ein styremedlem som er vald etter § 5-3, jf. § 5-4.

#### § 5-7 Suppleringsval

Blir vervet for ein styremedlem avslutta før tenestetida er ute, skal resten av styret varsle føretaksmøtet om at styrevervet har opphøyrt. Dersom det ikkje finst varamedlem, skal føretaksmøtet velje ein ny styremedlem for resten av tenestetida. Det same gjeld om ein styremedlem blir fråteken rettsleg handleevne eller blir sett i konkurskarantene etter konkursloven §§ 142 og 143. Val av ny styremedlem kan utsetjast til neste ordinære føretaksmøte dersom styret framleis er vedtaksført.

#### § 5-8 Varamedlemer og observatørar

Føresegnerne i lova her om styremedlemer gjeld tilsvarande for varamedlemer og observatørar så langt dei passar.

#### § 5-9 Godtgjersle

Føretaksmøtet fastset godtgjersle til styremedlemer, varamedlemer og observatørar. Ved konkurs fell retten til godtgjersle bort frå konkursopninga.

### II. Oppgåvane til leiinga, sakshandsaming m.m.

#### § 5-10 Forvaltinga av føretaket

(1) Forvaltinga av føretaket høyrer under styret. Styret skal sørge for forsvarleg organisering av verksemda.

(2) Styret skal fastsetje planar og budsjett for verksemda til føretaket. Styret kan også fastsetje retningslinjer for verksemda.

(3) Styret skal halde seg orientert om gjennomføringa av formålet og den økonomiske stillinga til føretaket. Styret pliktar å sjå til at verk-

semda, rekneskapen og formuesforvaltinga til føretaket blir kontrollert på forsvarleg vis.

(4) Styret set i verk dei undersøkingane det finn nødvendig for å kunne utføre oppgåvene sine. Styret skal setje i verk slike undersøkingar der som éin eller fleire av styremedlemene krev det.

#### § 5-11 Særlege avgrensingar i myndet til styret m.m.

(1) Før styret gjer vedtak i saker som ein reknar med kan ha vesentleg betydning for formålet til føretaket, eller som i vesentleg grad vil endre karakteren til verksemda, skal saka leggjast fram skriftleg for departementet. Vedtekten kan fastsetje nærmare reglar om kva saker som skal leggjast fram for departementet etter første punktum.

(2) I vedtekten kan det fastsetjast reglar om høvet og avgrensingar føretaket har for å ta opp lån og stille garantiar. For avtalar som er i strid med slike vedtektsføresegner, gjeld § 5-32.

(3) Styret kan ikkje utan samtykke frå føretaksmøtet inngå avtale om deltaking i eit selskap eller eit anna samarbeidsforhold der føretaket har eit uavgrensa ansvar for dei samla forpliktingane den felles verksemda har, eller for delar av desse forpliktingane.

#### § 5-12 Tilsynsansvaret til styret

(1) Styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga og verksemda til føretaket elles.

(2) Styret kan fastsetje instruks for den daglege leiinga.

#### § 5-13 Dagleg leiing

(1) Dagleg leiar står for den daglege leiinga av verksemda til føretaket og skal følge dei retningslinjene og påleggja styret har gitt.

(2) Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter forholda til føretaket er av uvanleg art eller stor betydning.

(3) Dagleg leiar kan elles avgjere ei sak etter fullmakt frå styret i det enkelte tilfellet eller når det ikkje går å vente på vedtaket frå styret utan vesentleg ulempe for føretaket. Styret skal snarast underrettast om avgjerda.

(4) Dagleg leiar skal sørge for at rekneskapen til føretaket er i samsvar med lover og forskrifter, og at formuesforvaltinga er ordna på forsvarleg vis.

#### § 5-14 Pliktene dagleg leiar har overfor styret

(1) Dagleg leiar skal minst kvar fjerde månad orientere styret om verksemda til føretaket, inklusive om gjennomføringa av formålet til føretaket og om stillinga og resultatutviklinga til føretaket.

(2) Styret kan til kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret ei nærare utgreiing om bestemte saker. Slik utgreiing kan også den enkelte styremedlemen krevje.

#### **§ 5-15 Forholdet mellom datterselskap og morføretak**

(1) Styret i et datterselskap har plikt til å gi styret i morselskapet opplysningar som er nødvendig for å vurdere stillinga til konsernet og resultatet av verksemda til konsernet.

(2) Morselskapet skal underrette styret i et datterselskap om forhold som kan ha betydning for konsernet som heilskap. Morselskapet skal også underrette styret i datterselskapet om avgjelder som kan ha betydning for datterselskapet, før morselskapet tar ei endelig avgjerd.

#### **§ 5-16 Krav om gjelds- og konkurshandsaming**

(1) Krav om gjeldsforhandling eller konkursforhandling for føretaket kan berre setjast fram av styret.

(2) Under konkurshandsaming representerer styret føretaket som konkursskuldnar.

#### **§ 5-17 Sakhandsaminga til styret**

(1) Styret skal handsame saker i møte, med mindre styreleiaren finn at saka kan leggjast fram skriftleg eller handsamast på annan måte. Handsamingsmåten skal vere forsvarleg.

(2) Styreleiaren skal sørge for at styremedlemene om mogleg kan delta i ei samla handsaming av dei sakene som skal handsamast. Kvar styremedlem og dagleg leiar kan krevje at saka blir handsama i møte. Dersom ei sak skal handsamast i møte, bestemmer styreleiaren møteforma. Meir enn halvdelen av medlemene i styret kan likevel krevje at møtet blir halde som fysisk eller digitalt møte.

(3) Styreleiaren leier styrehandsaminga. Deltek verken styreleiaren eller varaleiaren, vel styret ein leiar for styrehandsaminga.

(4) Dagleg leiar har rett og plikt til å delta og til å uttale seg når styret handsamar saker, med mindre styret har bestemt anna i den enkelte saka.

#### **§ 5-18 Krav om styrehandsaming m.m.**

(1) Styreleiaren skal sørge for handsaming av aktuelle saker som høyrer inn under styret.

(2) Styremedlemene og dagleg leiar kan krevje at styret handsamar bestemte saker.

#### **§ 5-19 Førebuing av saker**

(1) Dagleg leiar førebur saker som styret skal handsame, i samråd med styreleiaren.

(2) Ei sak skal førebuast og leggjast fram slik at styret har eit tilfredsstillande grunnlag for handsaminga.

#### **§ 5-20 Varsel om styrehandsaming**

Styrehandsaming skal varslast på tenleg måte og med nødvendig frist.

#### **§ 5-21 Styreinstruks**

(1) I føretak der dei tilsette har representasjon i styret, skal styret fastsetje ein styreinstruks som gir nærmere reglar om arbeidet og sakshandsaminga til styret.

(2) Instruksen skal mellom anna innehalde reglar om kva saker styret skal handsame, kva arbeidsoppgåver dagleg leiar har, og kva plikter dagleg leiar har overfor styret. Instruksen skal også innehalde reglar for innkalling og møtehandsaming.

(3) Kongen kan gi forskrift om styreinstruks.

#### **§ 5-22 Når styret kan gjere vedtak**

(1) Styret kan gjere vedtak når meir enn halvdelen av medlemene er til stades eller deltek i styrehandsaminga, om ikkje strengare krav er fastsette i vedtektena.

(2) Styret kan likevel ikkje gjere vedtak utan at alle styremedlemene, om det er mogleg, er gitt høve til å delta i handsaminga av saka.

(3) Melder nokon forfall, og det finst varamedlem, skal varamedlemane innkallast.

#### **§ 5-23 Alminnelege fleirtalskrav**

(1) Eit styrevedtak krev at fleirtalet av dei styremedlemene som er med på handsaminga av ei sak, har røysta for. Ved likt røystetal gjeld det som møteleiaren har røysta for. Dei som har røysta for eit framlegg som inneber ei endring, må likevel alltid utgjere meir enn ein tredel av alle styremedlemene i føretaket.

(2) Strengare røysteregular kan fastsetjast i vedtektena.

#### **§ 5-24 Fleirtalskrav ved val og tilsetjingar**

(1) Ved val og tilsetjingar er den som får flest røyster, å rekne som vald eller tilsett. Styret kan på førehand bestemme at det skal haldast ny avrøysting dersom ingen får fleirtal av dei gitte røystene.

(2) Står røystetalet likt ved val av dagleg leiar, gjeld det som møteleiaren har røysta for.

(3) Strengare røysteregular kan fastsetjast i vedtektena.

**§ 5-25 Inabilitet**

Ein styremedlem må ikkje delta i handelsinga eller ved avgjørda av spørsmål som har så mykje å seie for eigen del eller for nokon nærliggande at medlemanen må reknast å ha framstårande personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Det same gjeld for dagleg leiar. Aksjeloven § 1-5 første ledd gjeld tilsvarande for kven som skal reknast som nærliggande.

**§ 5-26 Misbruk av posisjon i føretaket**

(1) Styret og andre som etter §§ 5-29 til 5-31 representerer føretaket, må ikkje gjere noko som er eigna til å gi nokon ein urimeleg fordel til skade for føretaket.

(2) Styret og dagleg leiar skal ikkje rette seg etter vedtak av føretaksmøtet eller eit anna føretaksorgan dersom vedtaket strir mot lov eller mot vedtektena til føretaket.

**§ 5-27 Forbod mot å ta imot gåver m.m.**

(1) Dei som er tilsette eller har tillitsverv i føretaket, skal ikkje for seg eller andre ta imot gåver, provisjonar, tenester eller andre ytingar frå andre enn føretaket, som er eigna til, eller av givaren meinte, å påverke handlingane deira for føretaket. Det same gjeld gåver m.m. som det er forbode å ta imot etter instruks frå føretaksmøtet eller styret.

(2) Gåver, tenester eller andre ytingar som er nemnt i første ledd, kan heller ikkje takast imot av ektefellen til vedkomande, av ein person som vedkomande lever saman med, eller av eit selskap der ein person som nemnt i første ledd, aleine eller samla har bestemmande innverknad over.

(3) Den som har teke imot ei yting i strid med forbodet i paragrafen her, pliktar å betale føretaket eit beløp som svarer til verdien av det som urettmessig er motteke.

**§ 5-28 Styreprotokoll**

(1) Det skal førast protokoll over styrehandelsinga. Protokollen skal minst opplyse om tid og stad, deltakarar, handsamingsmåte og vedtak frå styret. Det skal gå fram at sakshandsaminga oppfyller krava i § 5-22.

(2) Er ikkje vedtaket til styret einrøystes, skal protokollen opplyse om kven som har røysta for og imot. Når styremedlemer eller dagleg leiar ikkje er einige i eit vedtak, kan dei krevje å få oppfatninga si ført inn i protokollen.

(3) Alle medlemene som har delteke i styrehandelsinga skal signere protokollen.

(4) Protokollen skal snarast, og seinast fjorten dagar etter at styreprotokollen er godkjend av styret, sendast til departementet.

(5) Protokollen skal oppbevarast på forsvarleg vis i heile levetida til føretaket.

**III. Forholda til føretaket utetter****§ 5-29 Representasjon utetter**

Styret representerer føretaket utetter og teiknar føretaksnamnet til føretaket.

**§ 5-30 Fullmakt til å teikne føretaksnamnet til føretaket**

(1) Styret kan gi styremedlemer eller dagleg leiar rett til å teikne føretaksnamnet til føretaket. Slik fullmakt kan fastsetjast i vedtektena, som også kan avgrense myndet styret har til å gi rett til å teikne føretaksnamnet til føretaket.

(2) Retten til å teikne føretaksnamnet til føretaket kan når som helst kallast tilbake. Styret kan kalle tilbake vedtektsfesta fullmakt når ein ikkje kan vente på vedtak frå føretaksmøtet utan å valde føretaket skade.

**§ 5-31 Representasjonen til dagleg leiar utetter**

Dagleg leiar representerer føretaket utetter i saker som inngår i den daglege leiinga.

**§ 5-32 Overskridning av mynde**

Har nokon som representerer føretaket utetter etter reglane i §§ 5-29 til 5-31 ved disposisjon på vegner av føretaket gått ut over myndet sitt, er disposisjonen ikkje bindande for føretaket når føretaket godtgjer at medkontrahenten forstod eller burde ha forstått at myndet vart overskride, og det ville vere uheiderleg å gjere disposisjonen gjeldande.

**§ 5-33 Manglar ved val av styreleiar eller tilsettjing av dagleg leiar**

Etter at val av styremedlem eller tilsetting av dagleg leiar er registrert i Føretaksregisteret, kan mangler ved valet eller tilsettjinga ikkje påkallast overfor ei tredjepart, med mindre føretaket godtgjer at tredjeparten kjente til mangelen.

**Kapittel 6. Revisjon****I. Revisjon****§ 6-1 Føretaksrevisjon**

(1) Eit statsføretak er revisjonspliktig etter revisorloven.

(2) Eit statsføretak skal ha minst éin statsautorisert revisor.

(3) Føretaksmøtet vel revisor og godkjenner også godtgjersla til revisor.

(4) I statsføretak som har plikt til å utarbeide berekraftsrapportering etter regnskapsloven § 2-3, skal revisor også attestere berekraftsrapporteringa. Føretaksmøtet kan i staden velje ein annan revisor eller ein uavhengig tilbydar av attestasjonstenester til å attestere berekraftsrapporteringa dersom det er tillate etter revisorloven § 1-3.

(5) Styret skal kvart år ha eit møte med revisor utan at dagleg leiar eller andre frå den daglege leiinga deltek. Aksjeloven § 7-5 a gjeld tilsvarende.

#### *§ 6-2 Opphøyre av oppdraget til revisor. Nyval av revisor*

Aksjeloven § 7-2 om opphøyre av oppdraget til revisor og § 7-3 første ledd om nyval av revisor gjeld tilsvarende.

#### *§ 6-3 Revisjonsmelding*

Revisor skal for kvart rekneskapsår gi ei revisjonsmelding til føretaksmøtet. Styret skal ha fått revisjonsmeldinga seinast to veker før det ordinære føretaksmøtet.

#### *§ 6-4 Retten og plikta revisor har til å delta i føretaksmøtet*

Revisor skal delta i føretaksmøtet når dei sakene som skal handsamast, er av ein slik art at dette må reknast som nødvendig. I tillegg har revisor rett til å delta i føretaksmøtet. Deltakinga kan skje digitalt, med mindre styret krev at revisor deltek fysisk.

## **II. Riksrevisjonens kontroll**

#### *§ 6-5 Riksrevisjonens kontroll*

Riksrevisjonen fører kontroll med forvaltninga av interessene til staten og kan gjere undersøkingar m.m. i føretaket og dei heileigde dotterselskapene til føretaket etter lov om Riksrevisjonen og instruks fastsett av Stortinget.

## **Kapittel 7. Føretaksendingar m.m.**

#### *§ 7-1 Fusjon (samanslåing) med anna statsføretak*

(1) Kongen i statsråd kan gjere vedtak om at eit statsføretak (det overtakande føretaket) skal overta egedelane, rettane og forpliktingane til eit anna statsføretak (det overdragande føretaket) som heilskap.

(2) Når det er gjort vedtak etter første ledd, skal styra i føretaka som skal slåast saman, utarbeide ein felles fusjonsplan. Fusjonen blir vedteken ved at føretaksmøta i føretaka godkjenner

fusjonsplanen. Føresegne i aksjeloven §§ 13-6, 13-9, 13-11 og 13-13 til 13-17 gjeld tilsvarende så langt dei passar.

#### *§ 7-2 Fisjon (deling) av statsføretak*

- fordele egedelane, rettane og forpliktingane sine på føretaket sjølv og eitt eller fleire overtakande statsføretak, eller
- fordele egedelane, rettane og forpliktingane sine på to eller fleire overtakande statsføretak.

(2) Styret i det overdragande føretaket skal utarbeide ein fisjonsplan. Aksjeloven § 13-6, § 13-9, § 13-11 og § 14-4 første ledd nr. 1 gjeld tilsvarende så langt føresegne passar. Ved fisjon ved overføring til eksisterande føretak skal styra i dei føretaka som deltek, utarbeide ein felles fisjonsplan.

(3) I det overdragande føretaket blir fisjonen vedteken ved at føretaksmøtet godkjenner fisjonsplanen. Ved fisjon ved overføring til eksisterande føretak er det føretaksmøtet i det eller dei overtakande føretaka som gjer vedtaket om fisjon.

(4) Aksjeloven §§ 14-7 til 14-11 gjeld tilsvarende så langt føresegne passar.

#### *§ 7-3 Fusjon (samanslåing) av eit statsføretak med eit aksjeselskap eller allmennaksjeselskap*

(1) Kongen i statsråd kan gjere vedtak om at eit statsføretak (det overdragande føretaket) kan overdra egedelane, rettane og forpliktingane sine som heilskap til eit aksjeselskap eller eit allmennaksjeselskap (det overtakande selskapet) mot at staten får ei av desse formene for vederlag:

- aksjar i det overtakande selskapet
- slike aksjar med eit tillegg som ikkje må overstige 20 prosent av det samla vederlaget.

(2) Ved fusjonen gjeld reglane om fusjon i aksjeloven §§ 13-3 til 13-22 tilsvarende dersom det overtakande selskapet er eit aksjeselskap, og reglane om fusjon i allmennaksjeloven §§ 13-3 til 13-23 dersom det overtakande selskapet er eit allmennaksjeselskap. Når reglane i aksjeloven eller allmennaksjeloven blir nytta, er det føretaksmøtet som blir rekna som generalforsamlinga til det overdragande føretaket.

#### *§ 7-4 Fusjon (samanslåing) av eit statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap med eit statsføretak m.m.*

(1) Eit statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap (det overdragande selskapet) kan overdra egedelane, rettane og forpliktingane sine som heilskap til eit statsføretak (det overtakande

føretaket). Styra i det overdragande selskapet og det overtakande føretaket skal utarbeide ein felles fusjonsplan. Fusjonen blir vedteken ved at generalforsamlinga i det overdragande selskapet og føretaksmøtet i det overtakande føretaket godkjenner fusjonsplanen. Føresegner i aksjeloven §§ 13-6, 13-9, 13-11 og 13-13 til 13-17 eller allmennaksjeloven §§ 13-6, 13-11 og 13-14 til 13-18 gjeld tilsvarende så langt dei passar.

(2) Første ledd gjeld tilsvarende ved fusjon mellom eit heileigd datterselskap til eit statsføretak og statsføretaket, der statsføretaket er det overtakande føretaket.

#### **§ 7-5 Omdanning av statleg verksemd til statsføretak**

(1) Ei statleg verksemd eller ein del av slik verksemd kan som heilskap overførast til eit statsføretak ved at egedelar, rettar og forpliktingar som er knytte til verksemda, blir overførte til eit statsføretak.

(2) Det skal utarbeidast ein plan for overføringa. Skal statsføretaket stiftast i samband med overføringa, skal planen takast inn i stiftingsdokumentet, jf. § 2-2. Føresegner om stifting av statsføretak i lova her gjeld tilsvarende. Skal verksemda overførast til eit eksisterande statsføretak, skal leiinga av den statlege verksemda og styret i statsføretaket utarbeide planen i fellesskap. Føretaksmøtet til statsføretaket skal godkjenne planen.

(3) Føresegner i aksjeloven §§ 13-9, 13-11 og 13-13 til 13-17 gjeld tilsvarende så langt føresegnerne passar.

#### **§ 7-6 Omdanning av statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap til statsføretak m.m.**

(1) Eit statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap kan dannast om til eit statsføretak ved at generalforsamlinga til selskapet gjer vedtak om dette. Selskapet må ved omdanninga ha ein eigenkapital som minst svarer til innskotskapitalen som følger av vedtekten statsføretaket skal ha etter at statsføretaket er oppretta. Føresegner om stifting av statsføretak i lova her gjeld tilsvarende.

(2) Styret i aksjeselskapet eller allmennaksjeselskapet skal utarbeide eit framlegg til omdanningsvedtak og ein plan for omdanninga. Planen skal mellom anna innehalde framlegg til vedtekter for statsføretaket.

(3) Aksjeloven §§ 15-2 og 15-3 gjeld tilsvarende.

(4) Kongen kan i forskrift eller for det enkelte tilfellet gi nærmere føresegner om omdanning til statsføretak etter paragrafen her.

#### **§ 7-7 Omdanning av statsføretak til statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap**

(1) Eit statsføretak kan dannast om til eit statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap ved at føretaksmøtet til føretaket gjer vedtak om dette. Føretaket må ved omdanninga ha ein eigenkapital som minst svarer til den aksjekapitalen som aksjeselskapet eller allmennaksjeselskapet som føretaket skal dannast om til, skal ha. Reglane om utgreiing i aksjeloven og allmennaksjeloven § 2-6 gjeld tilsvarende.

(2) § 7-6 andre og tredje ledd gjeld tilsvarende.

(3) Kongen kan i forskrift eller for det enkelte tilfellet gi nærmere føresegner om omdanning til statsaksjeselskap eller statsallmennaksjeselskap etter paragrafen her.

### **Kapittel 8. Oppløysing og avvikling**

#### **§ 8-1 Vedtak om oppløysing**

Vedtak om å løyse opp føretaket blir gjort av Kongen i statsråd.

#### **§ 8-2 Vedtak om val av avviklingsstyre og avviklingsmåte**

(1) Når Kongen i statsråd har vedteke å løyse opp føretaket, skal departementet innan to veker kalle inn til og halde føretaksmøte der det blir valt eit avviklingsstyre og gitt nærmere reglar om avviklingsmåten.

(2) Når avviklingsstyret er valt, trer det ordinære styret og dagleg leiari ut av funksjon.

#### **§ 8-3 Melding til Føretaksregisteret**

Vedtak om å løyse opp føretaket skal straks meldast til Føretaksregisteret.

#### **§ 8-4 Kreditorvarsel**

(1) Ved registrering av meldinga om oppløysing skal Føretaksregisteret kunngjere vedtaket om å løyse opp føretaket i den digitale kunningspublikasjonen til Brønnøysundregistera. I kunngjeringa skal kreditorane til føretaket varslast om at dei må melde krava sine til leiaren av avviklingsstyret innan seks veker frå kunngjeringa. Namnet og adressa til leiaren skal gå fram av kunngjeringa.

(2) Alle kreditorar med kjend adresse skal, om det er mogleg, varslast særskilt av føretaket.

#### **§ 8-5 Stillinga til føretaket under avviklinga**

Aksjeloven § 16-5 om stillinga til selskapet under avviklinga gjeld tilsvarende for føretaket.

**§ 8-6 Avviklingsbalanse m.m.**

(1) Styret skal lage ei oversikt over eigedelane, rettane og forpliktingane til føretaket og gjere opp ein balanse med tanke på avviklinga.

(2) Oversikta og balansen skal reviderast.

(3) Oversikta og balansen skal i revidert stand sendast til departementet.

**§ 8-7 Dekning av forpliktingane til føretaket**

(1) Styret skal sørge for at forpliktingane til føretaket blir dekte så langt ikkje ein kreditor har gitt avkall på krav eller samtykkjer i å ta ein annan som skyldnar i staden.

(2) Om ein kreditor ikkje blir funnen eller nektar å ta imot det som kreditoren har til gode, skal beløpet deponerast i Noregs Bank etter reglane i lov om deponering i gjeldshøve.

**§ 8-8 Utdeling til staten**

(1) Utdeling av midlar frå føretaket til staten av anna overskot enn utbyte etter § 3-8 kan ikkje skje før forpliktingane til føretaket er dekte og det er gått minst seks veker sidan kunngjeringa av kreditorvarselet i den digitale kunngjeringspublikasjonen til Brønnøysundregistera etter § 8-4.

(2) Utdeling kan likevel skje når det berre står att uvisse eller omtvista forpliktingar og det blir avsett eit tilstrekkeleg beløp til dekning av dei. Med mindre anna er avtalt, skal beløpet setjast inn på felleskonto for føretaket og den kreditoren det gjeld, slik at uttak ikkje kan gjera utan skriftleg samtykke frå begge partane eller endeleg dom.

**§ 8-9 Endeleg opplysing**

(1) Etter at utdelinga er avslutta, skal styret leggje fram eit revidert sluttoppgjer for føretaksmøtet.

(2) Når sluttoppgjeren er godkjent av føretaksmøtet, skal styret melde til Føretaksregisteret at føretaket er endeleg opplyst.

(3) Føresegnerne om oppbevaringsplikt for selskapsdokument m.m. i aksjeloven § 16-10 fjerde og femte ledd gjeld tilsvarende for avviklingsstyret.

**§ 8-10 Ansvar for udekte forpliktingar**

(1) Overfor kreditorar som ikkje har fått dekning etter § 8-7 og heller ikkje er tilstrekkeleg tryggja ved avsetning etter § 8-8 andre ledd, heftar staten inntil verdien av det som staten har teke imot ved opplysinga av føretaket. Overfor slike kreditorar heftar dessutan styremedlemene solidarisk utan avgrensing dersom det ikkje blir godt gjort at dei har opptredd med tilbørleg aktsemd.

(2) Krav frå kreditorar etter første ledd blir forelda tre år etter at den endelege opplysinga av føretaket vart registrert i Føretaksregisteret.

**Kapittel 9. Erstatnings- og straffansvar m.m.****§ 9-1 Erstatningsansvar**

(1) Statsføretaket, staten eller andre kan krevje at dagleg leiar eller styremedlemer erstattar skade som dei i den nemnde eigenskapen har valda vedkomande med forsett eller aktlaust.

(2) Statsføretaket, staten eller andre kan også krevje erstatning av den som med forsett eller aktlaust har medverka til skadevalding som nemnt i første ledd. Det kan krevjast erstatning av medverkaren sjølv om skadevaldaren ikkje kan haldast ansvarleg fordi vedkommande ikkje har handla med forsett eller vist aktløyse.

(3) Aksjeloven §§ 17-2, 17-3, 17-5 og 17-6 gjeld tilsvarende så langt føresegnerne passar. Aksjeloven §§ 17-3 og 17-5 gjeld tilsvarende for myndet til å krevje offentleg påtale og reise privat straffesak så langt føresegnerne passar. Aksjeloven § 17-5 gjeld tilsvarende for krav frå føretaket på tilbakeföring etter § 3-7 og krav på ulovlege gåveytingar etter § 5-27 tredje ledd.

**§ 9-2 Straffansvar**

(1) Om medlemer av styret, dagleg leiar eller revisor med forsett eller aktlaust bryt ei føresegne som er gitt i eller i medhald av lova her, blir dei straffa med bøter eller, under skjerpende forhold, med fengsel i inntil eitt år.

(2) Om medlemer av styret, dagleg leiar eller revisor viser grov uforstand når dei utfører vervet sitt for føretaket, blir dei straffa med bøter eller, under skjerpende forhold, med fengsel i inntil eitt år.

(3) Foreldingsfristen for å reise straffesak etter første og andre ledd er fem år.

**§ 9-3 Rettargangsreglar og berekning av fristar**

Rettargangsreglane i aksjeloven § 18-1 og § 18-3 gjeld tilsvarende så langt føresegnerne passar. Det same gjeld aksjeloven § 18-4 om berekning av fristar.

**Kapittel 10. Ikraftsetjing, overgangs- føresegner og endringar i andre lover****§ 10-1 Ikraftsetjing**

(1) Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Kongen kan setje føresegnerne i kraft til ulik tid.

(2) Frå den tida lova tek til å gjelde, blir lov 30. august 1991 nr. 71 om statsforetak oppheva.

### § 10-2 *Overgangsføresegner*

(1) Eit statsføretak som er oppretta før lova tek til å gjelde, blir rekna som statsføretak og følger reglane i lova her.

(2) Forskrifter som er gitt i medhald av lov 30. august 1991 nr. 71 om statsforetak, gjeld også etter at lova her har teke til å gjelde.

(3) Departementet kan gi nærmere overgangsføresegner i forskrift.

### § 10-3 *Endringar i andre lover*

Frå den tida lova trer i kraft, gjerast følgande endringar i andre lover:

1. I lov 14. desember 1917 nr. 16 om konsesjon for rettigheter til vannfall mv. skal § 5 første punktum lyde:

Foretak som er organisert etter *statsføretakslova* og norske kommuner og fylkeskommuner kan få konsesjon til å erverve eiendomsrett til vannfall på de nærmere vilkår Kongen fastsetter.

2. I lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak skal følgende føresegner lyde:

#### § 3-9 første ledd nr. 4:

Styremedlemmene og i tilfelle varamedlemmer og hvem som er styrets formann. Videre

skal registeret inneholde opplysninger om observatører, jf. *statsføretakslova § 5-3 første og tredje ledd*.

#### § 3-9 nr. 7:

Styremedlemmers og varamedlemmers kjønn, samt opplysninger om medlemmet er valgt blant de ansatte etter *statsføretakslova § 5-3* eller lov 15. juni 2001 nr. 93 om helseforetak m.m. § 22 og § 23.

3. I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt skal følgende føresegner lyde:

§ 2-2 første ledd bokstav f:  
statsforetak etter *statsføretakslova*,

§ 2-36 første ledd bokstav d:  
statsforetak etter *statsføretakslova*

4. I lov 19. desember 2003 nr. 130 om Innovasjon Norge skal § 36 a lyde:

Ved oppløsning og avvikling gjelder bestemmelserne i *statsføretakslova §§ 8-1 til 8-4 og §§ 8-7 til 8-10* så langt de passer.



Bestilling av publikasjoner

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på  
[www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no)

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til  
departementa – 01/2025

